

Masteroppgåve

NTNU
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet
Fakultet for samfunns- og utdanningsvitenskap
Institutt for sosiologi og statsvitenskap

Arild Øygard

Trenarkriterium for talentidentifisering i fotball

Masteroppgåve i Idrettsvitenskap

Rettleiar: Stig Arve Sæther

Juni 2021

Arild Øygard

Trenarkriterium for talentidentifisering i fotball

Masteroppgåve i Idrettsvitenskap

Rettleiar: Stig Arve Sæther

Juni 2021

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet
Fakultet for samfunns- og utdanningsvitenskap
Institutt for sosiologi og statsvitenskap



Samandrag

Hovudføremålet med denne studien er å sjå på kva kriterium trenarar tar i betrakting i talentidentifiseringa av mannlege fotballspelarar i alderen 13-16. Studien vil også i nærmere detalj sjå på korleis trenarane still seg til betydninga av mentalitet og den relative alderseffekten. Til slutt vil det bli sett på skilnadar mellom klubb og krins rundt talentidentifiseringsprosessane.

Tolkinga og analysen er basert på semi-strukturerte intervju med seks mannlege trenarar i alderen 25-55. Trenarane var henta frå to forskjellige krinsar innan Noregs Fotballforbund, og dei var likt fordelt mellom forskjellige klubbakademi og krinslag.

Resultat tyda på at trenarane såg på tekniske, taktiske og mentale faktorar som dei viktigaste i talentidentifiseringa. Dei såg også på fysiologiske og sosiologiske faktorar til ein viss grad, medan antropometriske mål var minst viktig av dei prestasjonsbestemmande faktorane i fotball. Med tanke på dei andre forskingsspørsmåla, var trenarane klar over den relative alderseffekten og konsekvensane av den, men dei fleste deltagarane hadde ingen spesifikke tiltak for å motverke effekten. Majoriteten såg også på mentale trekk og ferdigheiter som trenbare og mogleg å påverke, men trenarane vart delte i oppfatninga rundt akkurat kva trekk og eigenskapar her som var trenbare og ikkje. Trenarane frå krinslaga og klubblaga hadde stort sett like syn på talentidentifisering, og det verka til å vere eit godt samarbeid mellom desse rundt prosessane med å identifisere, selektere og utvikle spelarar.

Trenarane i denne studien ser ut til å ha det som er karakterisert som ein holistisk tilnærming til talentidentifisering, ettersom resultata er i tråd med kva litteraturen på feltet framhev som potensielle prediktorar for framtidig prestasjon (Unnithan et al., 2012). Framtidig forsking bør undersøke meir om kva kriterium trenarar tar i betrakting i talentidentifisering, sidan det framleis er avgrensa forsking på området. Det er også eit behov for fleire longitudinelle studiar som ser på kjenneteikna på spelarane som når eit profesjonelt nivå i fotball.

Abstract

The main purpose of this study was to examine which criteria coaches considered in the talent identification of male soccer players aged 13-16. The study will also in further detail look into the coaches' thoughts about the relative age effect and the importance of mentality. Lastly, the study will address whether there are differences between the region teams and club academies in the processes of talent identification.

The interpretations and analyses are based upon in-depth interviews with six male coaches in the age range of 25-55. The coaches were selected from two different districts within the Norwegian Football Association, and they were evenly split between different club academies and regional teams.

The results implied that the coaches considered the technical, tactical and mental factors as the most important in talent identification. They also considered physiological and sociological factors to a certain degree, while the anthropometric measures were of least importance of the performance determining factors in soccer. In regards to the other research questions, the coaches were aware of the relative age effect and its consequences, but the majority of the participants had no specific measures in order to counteract the effect. The majority also viewed some mental attributes as trainable, but they differed in regards to which attributes they considered trainable. The coaches from the regional teams and the club academies also had similar views on talent identification, and they seemed to cooperate well in the processes of identifying, selecting and developing players.

The coaches in this study seems to have what is characterized as a holistic approach to talent identification, as the results is in line with what the literature emphasizes as potential predictors for future performance (Unnithan et al., 2012). Future research should look further into what criteria coaches considers in talent identification, as there still is limited research on this subject. There is also a need for more longitudinal studies that look into the characteristics of the players that reach the top level in football.

Forord

Denne masteroppgåva er ein del av studiet Idrettsvitenskap ved Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet. Den markerer slutten på mine to år her i Trondheim, som har vore to lærerike og kjekke år, sjølv om korona naturleg nok satt sitt preg på opphaldet her.

På vegen hit er det fleire som fortener ein stor takk. Først vil eg takke dei seks trenarane som velvillig stilte opp på intervju og bidrog med gode svar og innsikt. Eg vil også takke familie, vener, medstudentar og andre som har bidrege med hjelp og støtte kring arbeidet med oppgåva.

Til slutt vil eg takke vegleiaren min, Stig Arve Sæther, for gode og konstruktive tilbakemeldingar gjennom denne lange og krevjande arbeidsprosessen.

Innhold

Samandrag.....	i
Abstract	ii
Forord.....	iii
1. Innleiing	7
1.1 Bakgrunn	7
1.2 Problemstilling.....	8
2. Fagfelt	11
2.1 Talentomgrepet	11
2.1.1 Talentidentifisering.....	12
2.1.2 Talentutvikling	12
2.2 Relativ alderseffekt	14
2.3 Mentale faktorar.....	16
2.3.1 Motivasjon	17
2.4 Potensielle prediktorar for fotballtalent.....	18
2.4.1 Tekniske og taktiske faktorar	18
2.4.2 Antropometriske og fysiologiske faktorar	19
2.4.3 Sosiologiske faktorar	20
2.5 Tidlegare forsking på trenarkriterium for talentidentifisering	21
2.5.1 Tekniske og taktiske faktorar	22
2.5.2 Antropometriske og fysiologiske faktorar	23
2.5.3 Sosiologiske faktorar	23
2.5.4 Mentale faktorar	24
3. Metode	25
3.1 Forskingsdesign	25
3.2 Semistrukturerte intervju	25
3.2.1 Intervjusituasjonen	26
3.3 Intervjuguide.....	27
3.4 Utval.....	28
3.4.1 Skildring av deltakarane	29
3.5 Gjennomføring av intervjeta.....	29
3.6 Databehandling	30
3.7 Forskingsetikk.....	31
3.8 Informantens rolle	32
3.9 Eiga rolle	33
3.10 Studiens kvalitet.....	34
4. Resultat og diskusjon	36

4.1 Kva er eit talent?	36
4.2 Trenarkriterium for talentidentifisering.....	38
4.2.1 Tekniske og taktiske ferdigheiter	40
4.2.1 Antropometriske og fysiologiske faktorar	42
4.2.2 Sosiologiske faktorar	45
4.3 Betydninga av mentalitet.....	47
4.3.1 Trenarane sine syn på viktigheita av mentalitet	48
4.3.2 Ser trenarane på mentale eigenskapar som noko trenbart?	50
4.3.3 Bruken av mental trening i treningskvardagen.....	51
4.4 Relativ alderseffekt	54
4.4.1 Tiltak mot relativ alderseffekt	55
4.5 Skilnadar mellom klubb og krins	59
5. Oppsummering og konklusjon.....	65
5.1 Oppsummerande resultat	65
5.2 Studiens avgrensingar.....	67
5.3 Konklusjon.....	68
Kjelder.....	69
Vedlegg	
Vedlegg I: Informasjonsskriv	
Vedlegg II: Intervjuguide	
Vedlegg III: Tilbakemelding på melding om behandling av personopplysningar Norsk senter for forskningsdata (NSD)	

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

Fotball er verdas største idrett med kring 265 millionar spelarar og fem millionar dommarar frå over 200 land, etter tal frå 2006 (Sarmento et al., 2018). Det er ein idrett i stadig forandring, med hyppige spelarovergangar på tvers av land og kontinent, og stadig stigande lønningar og overgangssummar. I forbindelse med populariteten til idretten, er det for mange nasjonar viktig å få fram gode lag og spelarar til å kunne hevde seg i dei internasjonale turneringane. Likeså er det viktig for klubblag å finne måtar å utvikle seg sjølv på, for å kunne hevde seg i sine respektive ligaar og turneringar.

Ein opplagt måte å gjere dette på, både for klubb, krins og nasjon, er å oppdage, identifisere, rekruttere og utvikle unge fotballtalent (Williams & Reilly, 2000). Desse prosessane har i samband med den økonomiske veksten til fotball dei siste 20 åra, blitt profesjonalisert gjennom til dømes dedikerte treningsprogram og akademi, som skal syte for best mogleg utviklingsvilkår (Ford et al., 2020; Williams et al., 2020). Denne oppgåva vil først og fremst dreie seg om talentidentifisering (heretter forkorta til TID), noko som kan forklarast som prosessen med å identifisere personar med eit potensiale til å utmerke seg innanfor eit gitt område (Williams & Reilly, 2000). *Seleksjon* og *utvikling* er også relevante omgrep i denne samanheng, der seleksjon omhandlar den pågående prosessen om å velje dei beste spelarane på eit gitt tidspunkt (Williams et al., 2020), medan talentutvikling handlar om å gje spelarar gode utviklingsvilkår slik at dei kan realisere sitt potensial.

Identifisering og rekruttering av spelarar til akademi og liknande, går ofte føre seg veldig tidleg i ein spelars utviklingsløp, og er grunngjeve både av utviklingsomsyn (Vaeyens et al., 2008), og av konkurranse mellom klubbar (Nesse et al., 2020; Reeves, Roberts, et al., 2018). Det er blitt argumentert for at eit effektivt talentidentifiseringsprogram har potensialet til å oppdage talent tidleg, noko som kan fungere som ein viktig faktor for å auke sjansen for sportsleg suksess (Vaeyens et al., 2009). Det kan også gje økonomiske fordelar, ved at spelarar rekrutterast tidleg og seljast vidare for betydelege summar (Miller et al., 2015). Det å identifisere spelarane med størst potensial til å bli framtidige stor spelarar, er difor sett på som ein viktig oppgåve for trenrarar og talentspeidarar. Vidare blir potensialet til spelarane vurdert med jamne mellomrom i løpet av karrieren deira, der framtidige utviklingsmoglegheiter blir gjevne eller tekne, i form av seleksjon eller deseleksjon. (Miller et al., 2015).

Å føresjå framtidig prestasjonsevne i tidleg alder er ein vanskeleg og kompleks oppgåve, fordi krava til å oppnå suksess i toppfotball består av mange forskjellige, ikkje-lineære faktorar (Skorski et al., 2016). At det er ikkje-lineært vil seie at det ikkje er eit bestemt nivå du må innehå på ein eigenskap (til dømes hurtigkeit), fordi du kan kompensere for det med å vere god på noko anna (til dømes posisjonering). Prestasjonen på bana er i hovudsak påverka og bestemt av forskjellige tekniske, taktiske, mentale og fysiologiske ferdigheiter, samt antropometriske mål (Hughes et al., 2012). I kva grad trenrarar og talentspeidarar klarer å identifisere dei som blir gode i vaksen alder, er uklart, då få longitudinelle studiar har undersøkt dette i fotball, men det ser ut til at denne suksessrata er problematisk og låg om ein ser på idrett generelt (Abbott & Collins, 2004; Hill & Sotiriadou, 2016; Koz et al., 2012; Vaeyens et al., 2008). Det er også relativt få studiar som har sett på kva kriterium trenrarar ser på når dei identifiserer fotballtalent, og det er difor av både vitskapeleg og praktisk betydning å undersøke dette, noko denne oppgåva har som føremål å gjere.

1.2 Problemstilling

Denne oppgåva vil først og fremst få ein innsikt i kva kriterium fotballtrenrarar legg til grunn når dei identifiserer talent. Dette vil vere avgrensa til trenrarar for gutter i alderen 13-16, i satsande lag. Eg vil intervju trenrarar frå både krinslag og klubblag for å kunne svare på ein av dei underordna problemstillingane.

Litteraturen som omhandlar TID, peikar på at trenrarar og talentspeidarar bør ha ein holistisk tilnærming til TID, som går ut på at ein tek høgde for dei mange forskjellige faktorane som verkar inn på prestasjonen til ein fotballspelar i identifisering av talent (Sarmento et al., 2018; Unnithan et al., 2012; Williams & Reilly, 2000). Dette omfattar tekniske, taktiske, fysiologiske, antropometriske mentale og sosiologiske faktorar, og må også sjåast i samanheng med modninga og veksten til kvar enkelt individ. På grunn av fotballens kompleksitet, er det utfordrande å vurdere kor mykje ein skal sjå på ein faktor kontra ein anna, men litteraturen har nokre anbefalingar der, noko som vil bli gått gjennom i teoridelen. I analysen vil resultata bli lagt fram, og det vil bli drøfta i kva grad trenrarane i denne studien har ein slik holistisk tilnærming til TID. I teoridelen vil det bli gjort grundig reie for nemnde faktorar, samt andre relevante omgrep for problemstillinga og dei underordna

forskingsspørsmåla som blir presentert nedanfor. Studiens overordna problemstilling er formulert slik:

Kva faktorar ser trenarar i satsingsgrupper på som viktige når dei skal identifisere talent (g13-g16)?

For å svare på problemstillinga, vil eg følgjeleg intervju trenarane om kva dei vektlegg i TID-prosessane. Med utgangspunkt i dei ulike prestasjonsbestemmande faktorane i fotball, vil eg undervegs i intervjuua prøve å få eit innblikk i korleis trenarane stiller seg til dei ulike faktorane, om kva som er viktig, og kva som er mindre viktig. Vidare vil oppgåva ta for seg nokre undertema som er knytt opp mot TID, og som er av både personleg og vitskapleg interesse å undersøke nærmare. Den første underproblemstillinga er formulert slik:

Korleis still trenarane seg til dei mentale og personlegdomsrelaterte faktorane i TID?

Ser dei på mentale eigenskapar som trenbare, og brukar dei eventuelt mental trening i treningskvarldagen? Studien vil i nærmere detalj ta føre seg korleis trenarane still seg til dei mentale faktorane innanfor TID, ettersom tidlegare forsking har vist at dette er eit område som er høgt vektlagt blant trenarar (Sarmento et al., 2018). Dette er gjerne grunngjeve med eit syn på mentale trekk som meir eller mindre stabilt, og vanskeleg å trenere opp (Lund & Söderström, 2017). Med utgangspunkt i eit økologisk perspektiv er derimot dette ein feil vurdering (Sarmento et al., 2018), og det er difor av interesse å undersøkje kva trenarane i denne studien tenkjer rundt dette temaet. Den andre underproblemstillinga tek føre seg den relative alderseffekten, og er formulert slik:

Er trenarane kjende med omgrepene relativ alderseffekt? Har dei nokon bevisste strategiar mot denne effekten? Det neste punktet oppgåva vil ta føre seg, handlar om den relative alderseffekten (sjå fagfeltet for forklaring av omgrepene), som er det viktigaste seleksjonskriteriet i aldersbestemt fotball (Sæther, 2017). Det vil bli sett på kjennskapen trenarane i denne studien har til denne effekten, og om dei har nokon bevisste strategiar for å eventuelt motverke den. Dette er av vitskapleg interesse å sjå på fordi satsande, aldersbestemte lag som regel er dominerte av spelarar fødd tidleg på året (Kelly et al., 2020), noko som ikkje reflekterer ein holistisk tilnærming til TID. Den siste underproblemstillinga tek føre seg TID i eit noko breiare perspektiv, og er formulert slik:

Ser krinslaga etter andre type spelarar og andre faktorar i TID enn klubbrennarane? Her blir også samarbeidet mellom klubbane og krinsane når det gjem til identifisering av talent undersøkt, samt eventuelle skilnadar i desse prosessane. Noko av grunnlaget for det

siste forskingsspørsmålet er basert på ein personleg nysgjerrigkeit på om krinslaga ser meir etter noverande ferdigheiter enn langsiktig potensial, noko som potensielt kan vere fordi krinsen har spelarane over kortare tid og kanskje ynskjer å vere konkurransedyktige i møte med andre krinsar. Denne problemstillinga er også av ein vitskapleg interesse, fordi funna kan seie noko om korleis den overordna talentutviklinga i landet fungerer.

2. Fagfelt

I dette kapittelet vil det bli presentert ein grundig gjennomgang av fagfeltet for forskingsspørsmåla. I første rekke vil talentomgrepet bli gjort reie for, før det deretter blir sett på den relative alderseffekten og mentale faktorar i kvar sine delkapittel. Etter det vil ein gjennomgang av ulike potensielle prediktorar for talent bli presentert, før det til slutt blir sett på tidlegare forsking på trenarkriterium for TID.

2.1 Talentomgrepet

I idrett er talent eit velkjend og mykje nytta omgrep i forbindelse med omtalen av unge utøvarar. Omgrepet nyttast på ein måte som om alle skjønar og veit kva det betyr, men i realitet har ordet talent mange forskjellige forklaringar og definisjonar. Vanlegvis er talent forstått som nokon som har eit evnenivå over snittet innanfor eit domene (Tansley, 2011). Ommundsen (2009) forklarar talent som noko man har, noko man er, noko ein kan vere og noko ein kan utvikle. Denne definisjonen omfattar både eit statisk og eit dynamisk talentomgrep, som er to ulike måtar å forstå talent på. Det statiske talentomgrepet forstår talent som genetisk og nedarva, der eigenskapar ved ein utøvar blir gjeve ved fødselen og tidleg blir synlege. Det dynamiske talentomgrepet ser på talent som noko som kan endrast og utviklast over tid, som til dømes motorikk, fysikk, mentalitet og motivasjon (Abbott & Collins, 2004). Det statiske talentomgrepet blir utfordra av forskarar fordi dei tidleg synlege ferdigheiter kan forklarast av individuelle forskjellar i modning og utvikling hos utøvarane (Abbott & Collins, 2004; Gagné, 2000; Williams & Reilly, 2000). Modellar for predikering av talent som tek utgangspunkt i suksessfulle, vaksne utøvarar, kan såleis ha avgrensa suksess fordi dei er av ein statisk karakter. Til dømes kan ein ung fotballspelar vere suksessfull fordi han eller ho er både sterke og raskere enn sine jamaldringar, men på grunn av forskjellar i modning er det ein god sjanse for at dette ikkje er eit vedvarande tilfelle, og frå eit dynamisk perspektiv blir det feil å vurdere denne spelaren som meir talentfull enn dei andre (Gagné, 2000; Williams & Reilly, 2000).

Det er likevel ikkje slik at det statiske talentomgrepet er fullstendig irrelevant, då mange forskarar erkjenner at mennesker har ulik grad av ibuande ferdigheiter og potensial på ulike område (Abbott & Collins, 2004; Gagné, 2000; Howe, 1999). Gagné (2000) skil mellom det han kallar for *giftedness* og talent, der *giftedness* representerer naturlege ferdigheiter eit menneske har, medan talent representerer dei ferdigheitene individet har tileigna seg gjennom

systematisk trening. Dei naturlege ferdigheitene blir då sett på som råmaterialet, medan talent handlar om å realisere det ibuande potensialet. For å maksimere potensialet peikar forskarar på faktorar knytt til individet sjølv, faktorar knytt til omgjevnadane, og samspelet mellom desse (Abbott & Collins, 2004).

2.1.1 Talentidentifisering

Som forklart innleiingsvis, handlar TID om å identifisere talent med føresetnadar og potensial til å ende opp som profesjonelle utøvarar på basis av konkrete kriterium (Sæther, 2017; Williams et al., 2020). Det å identifisere dei største talenta i fotball er ein kompleks prosess på grunn av dei mange ulike faktorane som påverkar prestasjonen, som antropometriske, fysiologiske, taktiske, tekniske, mentale og sosiologiske faktorar. Desse faktorane er dynamiske, påverkar kvarandre, og blir påverka av trening, noko som aukar kompleksiteten (Gülich, 2014; Suppiah et al., 2015). TID har tradisjonelt sett vore basert på å sjå utøvarar i kampar eller treningssamanhangar, der utøvarane ynskjer å imponere trenarane eller talentspeidarane. Dette er ein prosess som ikkje er basert på eit vitskapleg fundament, men på trenarens subjektive oppfatningar om den ideelle spelar, der tidlegare erfaringar og intuisjon hos rekrutteraren påverkar vurderingane som blir gjort (Larkin & O'Connor, 2017). Ein slik subjektiv vurderingspraksis er noko mange studiar har påvist (Dugdale et al., 2020; Sieghartsleitner et al., 2019; Williams et al., 2020), og er ein praksis som kan isolert sett kan føre til gjentatte feilvurderingar og avgrensa kontinuitet i TID (Meylan et al., 2010).

2.1.2 Talentutvikling

Hovudfokuset til denne oppgåva er ikkje å sjå på kva som må til for å skape best mogleg talentutvikling, men i forbindelse med den siste problemstillinga som handlar om skilnadar og likskapar mellom klubb og krins med tanke på TID, er det likevel av relevans å gjere reie for noko av litteraturen om talentutvikling. Det som blir avdekkta rundt dette forskingsspørsmålet, kan gje eit lite innsyn i korleis den overordna talentutviklinga i Noreg fungerer i praksis.

Talentutvikling handlar som sagt om å gje spelarar gode utviklingsvilkår, slik at dei kan realisere sitt potensial. Dette skjer gjennom eit samspel mellom utøvaren og omgjevnadane (Abbott & Collins, 2004), og er ein kompleks prosess der det ikkje er ein bestemt fasit for kva som skapar ideell utvikling. Sett i eit holistisk, økologisk perspektiv, vil faktorar på systemnivå, miljønivå og individnivå spele inn på talentutviklinga (Henriksen et

al., 2010). Dette kan til dømes dreie seg om idrettskulturen og filosofien til landet, krinsen eller klubben, og det kan handle om innverknaden frå foreldre, skule og vener. Det er relativt lite forsking på kva som skapar suksessfulle talentutviklingsmiljø, og ein kan anta at kvart suksessfullt miljø vil vere unikt, men i følgje Henriksen m.fl (2014) ser nokre faktorar ut til å gå igjen på tvers av idrettar og kanskje kulturar. Desse faktorane er blant anna det at ein har samarbeid på tvers av aldersgrupper og nivå, ein har klare og langsiktige mål, ein har støtte frå lokalsamfunn og dei "utanforståande", ein har støtte frå familie både emosjonelt og økonomisk, og ein har til ein viss grad eit fungerande samarbeid med andre institusjonar, som skular. Det er altså faktorar på både idrettsleg og ikkje-idrettsleg plan som bidrar til suksessfull talentutvikling. Det at dei ulike involverte partane fungerer som ein eining og dreg i same retning, er i det heile teke viktig (Henriksen et al., 2014).

Eit anna viktig spørsmål angåande talentutvikling, er om ein bør ha tidleg eller sein spesialisering. Tidleg spesialisering tek utgangspunkt i «deliberate practice», som handlar om at ein må trene mykje, og med eit bevisst fokus på å bli betre for å oppnå ekspertise (Ericsson et al., 1993). Følgjeleg bør ein også starte tidleg å spesialisere seg for å få lagt ned nok trening. Sein spesialisering tek utgangspunkt i «deliberate play» og «early sampling», som handlar om at ein bør delta i idrett av eigen vilje og interesse, i tillegg til at ein prøvar mange forskjellige idrettar i tidleg alder, før ein spesialiserer seg rundt 16-årsalderen (Côté et al., 2003). Côté argumenterer for dette med å trekke fram dei negative sidene ved tidleg spesialisering, som tidlegare fråfall og utbrentheit.

Kor tidleg ein bør spesialisere seg er nok eit kontekstuelt spørsmål, som vil avhenge av idrett, aktivitet, føresetnadar hos individet og kvalitet på treninga, men i fotball ser det ikkje ut til at tidleg spesialisering er ein nødvendigheit for å nå toppnivå. I ein av studie av Hornig m.fl (2016) såg ein at skilnadane mellom spelarane som nådde toppnivå og dei som nådde amatørnivå, ikkje var knytt til tidleg spesialisering, snarare tvert om. Amatørspelarane spesialiserte seg tidlegare enn elitespelarane (spesialisering i den forstand at dei berre dreiv med fotball). Elitespelarane byrja så tidleg i 5-årsalderen med hovudidretten, gjennomførte like mykje organisert trening som amatørane, deltok aktivt i fleire idrettar fram til dei var 15-16 år, og dei dreiv også med meir uorganisert fotballspeling enn amatørane. Basert på denne studien treng altså ikkje tidleg spesialisering å vere ein modell til etterfølging, men den viser at det er viktig å gje barn ein tidleg moglegheit til å byrje med fotball, samt at uorganisert trening kan vere ein fordel.

I fotball ser ein at identifisering, seleksjon og målretta utvikling av spelarar skjer relativt tidleg. I Noreg ser ein det til dømes av sonelag og krinslag som byrjar i 13-årsalderen, og klubblag som har dedikerte satsingslag frå dei er 12-13 år. Andre stadar, som til dømes i England, ser ein at treningsvolumet for åtteåringar og oppover har auka markant i forbindelse med den overordna talentutviklingsmodellen i landet (Read et al., 2018), noko som speglar att at tidleg spesialisering er ein dominerande filosofi for talentutvikling i fotball, i alle fall i desse to landa.

2.2 Relativ alderseffekt

I fotball fordeler ein som regel barn og unge i kronologiske aldersgrupper med eit spenn på eitt år (Vaeyens et al., 2005). Dette betyr at det kan vere fysiske, kognitive og kjenslemessige skilnadar på opp mot eitt år mellom utøvarane, og barn som er fødde tidleg i seleksjonsåret vil følgjeleg ha eit stort forsprang til dei som er fødde seint i seleksjonsåret (Musch & Grondin, 2001). Desse skilnadane og dette forspranget dei eldste har, resulterer i at dei har større sjanse for å bli selektert (Meylan et al., 2010), og er det man kjenner som *relativ alderseffekt* (RAE). Dette er det mest kjende vurderingskriteriet for seleksjon (Sæther, 2017), og det er spesielt det fysiske fortrinnet dei eldste har som visast igjen på fotballbana, der dei er større, sterkare og raskare, har betre spenst og er meir uthaldne enn sine yngre med- og motspelarar (Meylan et al., 2010).

RAE handlar ikkje berre om fødselsdato, men også om biologisk og fysisk modning. Barn veks til ulik tid uavhengig av når dei er fødde, og om ein legg til variasjonar i biologisk modning, kan forspranget nokre har vere endå lenger enn eitt år (Carling et al., 2009). RAE har såleis vist seg igjen blant spelarar som er seint fødde også, der desse ofte er på fysisk same nivå som sine eldre motpartar (Carling et al., 2009). Etter kvart som ein blir eldre, viskast desse fysiske fordelane gradvis ut, og forsvinn heilt i vaksen alder. I ein seleksjonsprosess vurderer ein det ofte til at seint utvikla utøvarar ikkje vil nå senioridrett, og at dei ikkje har like stort potensial som tidleg utvikla utøvarar (Cripps et al., 2016b).

Med tanke på utviklinga til ein utøvar er det fleire fordelar av å modnast tidleg. Det er større sjanse for å bli selektert til talentlag, og på den måten får dei trena meir, og med meir og høgare kvalitet på oppfølginga (Helsen et al., 1998). Dette kan føre til ein slags dominoeffekt der denne ekstra oppfølginga og treninga fører til at utøvarane utviklar seg meir, og dermed har lettare for å bli reselektert ved seinare høve (Martindale et al., 2005). Ein finn

også sjølvforsterkande mekanismar i *matthew*, *pygmalion* og *galatea*-effektane (Hancock et al., 2013). Matthew-effekten går ut på at dei som er eldre, har hatt meir tid på seg til å tilegne seg fordelar og dermed startar med ein fordel allereie kontra sine yngre motpartar allereie frå starten av idrettsløpet. Pygmalion-effekten går ut på trenarar og andre ofte ubevisst forventar meir og gjev annleis feedback til dei tidleg utvikla, noko som igjen påverkar utøvaren til å prøve å leve etter desse forventingane. Galatea-effekten handlar om at den aktuelle utøvaren dannar eit bilet av sitt eige nivå som gjerne er høgare enn kva det faktisk er, noko som fører til at utøvaren forsøker å leve etter dette biletet, og til slutt faktisk når dette nivået.

For utøvarane som ikkje blir selektert, kan dette ha tilsvarende negative effektar. Det blir gjerne endå vanskelegare å bli selektert ved seinare høve og «ta igjen» dei som er selekterte frå byrjinga av, og ein går dermed glipp av verdifull oppfølging og tilrettelegging. Spelarar fødd seint i seleksjonsåret har også større sannsyn for å droppe ut av fotballen allereie før dei er fylt 13 år (Helsen et al., 1998). Men trass i dei opplagte ulempene, kan det likevel vere nokre fordelar med sein modning. Det ser ut til å vere lita eller ingen skilnad i tekniske ferdigheiter mellom tidleg og seint modna utøvarar, og i enkelte tilfelle betre teknikk hos utøvarar fødd seint i seleksjonsåret (Cripps et al., 2016a). Dette kan kome av *kompenseringfenomenet* (Williams et al., 2020), som går ut på at utøvarar kompenserer for dårlige ferdigheiter på eitt område med gode ferdigheiter på eit anna. Sidan fysikken jamnar seg ut til slutt, kan dette på lang sikt resultere i betre sportsprestasjoner for dei seint utvikla utøvarane, og er eit fenomen kjend som *reversert relativ alderseffekt* (Ramos-Filho & Ferreira, 2020). Dette speglast att i at akademispelarar fødd i siste kvartal har høgare sjanse enn dei fødd i første kvartal til å nå proffstatus i seniorfotball (Kelly et al., 2020).

Eit mangfold av studiar viser at relativ alderseffekt i høgste grad har vore – og er – svært gjeldande i ungdomsfotball (Campos et al., 2017; Doyle & Bottomley, 2018; Helsen et al., 2005; Hill et al., 2020; Kelly et al., 2020; Vaeyens et al., 2005; Williams, 2010). Effekten er også gjeldande i seniorfotball, sjølv om effekten er ikkje like markant der (Doyle & Bottomley, 2018; Helsen et al., 1998). Det viser seg elles at fotballtrenarar ikkje tek høgde for RAE i seleksjonsprosessen, trass i kunnskap om kva RAE er (Hill & Sotiriadou, 2016). Dette kunne ifølgje denne studien forklarast av tidlegare erfaringar og press frå mange forskjellige hold, som press om å behalde trenarjobben, prestasjonspress, press om å reselektere spelarar, og press frå foreldre og andre om å gjere «riktige og logiske val» i seleksjonsprosessen. Som følgje av denne problematikken har det blitt etterlyst tiltak som kan redusere effekten, til

dømes gjennom å rotete på aldersgrupper (Hill & Sotiriadou, 2016), eller å plassere utøvarar som er om lag like gamle biologisk sett i same grupper (Abbott et al., 2019).

2.3 Mentale faktorar

Psykologiske og mentale eigenskapar er omgrep som ofte blir forstått i same betydning, både i daglegtale og i forsking, men i nokon studiar har dei psykologiske faktorane også omfatta det tekniske og taktiske aspektet (Murr et al., 2018; Williams & Franks, 1998; Williams & Reilly, 2000). For unngå forvirring rundt desse omgropa, vil denne oppgåva først og fremst bruke omgrepet mentalitet og mentale faktorar, som i denne samanheng tar føre seg personlegdomsrelaterte faktorar og mentale ferdigheiter. Dette kan til dømes dreie seg om ting som sjølvtillit, resiliens, motivasjon, konsentrasjon, evne til å handtere press, samt aggressjon, nevrotisme, ekstroversjon.

Forsking har identifisert mentale faktorar som betydningsfulle prediktorar for suksess (Vaeyens et al., 2008), og dei har ein avgjerande rolle med tanke på utvikling og prestasjon (MacNamara et al., 2010). Det verkar til at det er ein stadig breiare konsensus om at dette området er viktig, då det får stadig meir merksemd i både identifiseringa og utviklinga av unge spelarar (Musculus & Lobinger, 2018). Ser ein på seniornivå, er det mange mentale karakteristikkar som kjenneteiknar dei mest suksessfulle utøvarane samanlikna med andre. Det ser blant anna ut til at dei utviser høgare nivå av resiliens, sjølvtillit, konsentrasjon, forplikting, disiplin, motivasjon og tilpassingsdyktigkeit enn andre (Holt & Dunn, 2004; Toering et al., 2009; Van Yperen, 2009; Zuber et al., 2015). Med bakgrunn i dette kan ein argumentere for at dette er eigenskapar ein bør sjå etter i TID, men samstundes er ikkje dette stabile trekk, men eigenskapar som kan endre seg frå tid til annan gjennom til dømes modning, trening og livssituasjon (Miçoogullari & Ekmekçi, 2017; Sarmento et al., 2018; Williams & Reilly, 2000). Å bruke mentale eigenskapar i TID kan difor vere misvisande og problematisk om man tillegger det for stor verdi i forhold til andre faktorar.

Trekka som tar føre seg personlegdommen til ein person, som aggressjon, ekstroversjon og nevrotisme, er av ein mykje meir stabil karakter enn dei nemnde mentale eigenskapane. Men i følgje Williams & Reilly (2000) finst det ingen kjenneteikn her som går igjen hos dei som lukkast. Det er til dømes ingenting som tilseier at ein sjener person har mindre sjanse til å lukkast på toppnivå enn ein utadvendt person. Basert på dette bør altså personlegdommen til ein spelar ikkje ha noko å seie for TID og seleksjon i ungdomsfotballen.

2.3.1 Motivasjon

Motivasjon blir saman med andre mentale eigenskapar sett på som svært viktig for å lukkast i profesjonell idrett og fotball (Sarmento et al., 2018), og det er eit sentralt og veldig omfattande omgrep innan mentalitet og idrettspsykologi. Difor vil dette omgrepet nokre forståingar og teoriar rundt dette, gjerast kort reie for. Vanlegvis er motivasjon definert som det som influerer retning, tyngde, uthald og kvaliteten på ein målretta åtferd (Roberts & Treasure, 2012). Mange motivasjonsteoriar finnast på området, og to av dei mest sentrale innan idrett og fysisk aktivitet er «achievement goal theory» (AGT, målorienteringsteori) og «self-determination theory» (SDT, sjølvbestemmelsesteorien) (Alcaraz et al., 2014; Keshtidar & Behzadnia, 2017). Desse motivasjonsteoriene har fått empirisk støtte fordi dei skildrar effektane den sosiale konteksten har på individuelle funksjonar, og deriblant vilja og ynskja om å delta i fysisk aktivitet.

AGT handlar først og fremst om kva mål individ har for ein oppgåve, korleis desse måla påverkar motivasjon og utvikling, og korleis dei tolkar resultatet. Hovudmåla til handlingar innan AGT, er å demonstrere kompetanse og unngå å demonstrere inkompetanse til ein aktivitet (Roberts & Treasure, 2012). Kriteria for kva individua ser på som suksess og nederlag i samband med dette, er forskjellige, noko som avheng av kva målorientering den enkelte har. Her skil ein mellom to målorienteringar, der man på den eine sida har oppgåveorientering, som går ut på at ein samanliknar med seg sjølv, og ego-orientering, der ein samanliknar seg med andre. Suksess for ein oppgåveorientert utøvar, vil her vere personleg utvikling, medan suksess for ein ego-orientert utøvar, vil vere å vise at ein er betre enn andre. AGT-teorien trekk inn den sosiale konteksten gjennom det ein kallar for motivasjonsklima, som handlar om kva miljøet rundt (andre spelarar, trenar, klubb) forklarar suksess som. Her skil ein mellom prestasjons- og meistringsklima, som igjen kan påverke målorienteringa til individua. Meistringsklima er oppgåvesentrerte der meistring og forbetring står i fokus, og det er eit klima som dermed promoterer oppgåveinvolvering hos utøvarane. Forsking har vist at meistringsklima ser ut til å påverke resiliens, eiga oppfatning av kompetanse og trivsel i positiv retning (Sarrazin et al., 2002; Vitali et al., 2015). Prestasjonsklima vektlegg sosial samanlikning der suksess er å vere betre enn andre, og det er eit klima som dermed promoterer egoinvolvering fordi normative evner er i fokus (Roberts & Treasure, 2012). Ofte vil prestasjonsklima blant anna forsterke prestasjonsangst, stress og gje mindre glede enn i eit meistringsklima. Dette har igjen påverknad på motivasjonen utøvaren har for å drive aktiviteten.

SDT handlar om at tilfredsstillinga av grunnleggande psykologiske behov gjev næring til motivasjon (Deci & Ryan, 2008). Desse behova er autonomi, kompetanse og tilhørsle, og det er noko alle individ instinktivt søker å tilfredsstille ifølgje teorien. SDT tar vidare utgangspunkt i at mennesket er vekst og utviklingsorientert, og i denne teorien er indre motivasjon vekstrelatert, medan ytre er ikkje. Indre motiverte menneske er sjølvregulerte og tek del i ein aktivitet av eiga interesse, utan at aktiviteten nødvendigvis har nokon form for nytteverdi (Deci & Ryan, 2008). Dei som er ytre motiverte derimot, kan til dømes delta i aktiviteten på grunna av press frå andre eller belønning i form av pengar, og ikkje fordi dei likar aktiviteten. Eit viktig prinsipp i SDT, er at utøvarar som i utgangspunktet er ytre motiverte, kan internalisere ein aktivitet og gjere den meir indre motivert, ved at nettopp desse grunnleggande behova blir tilfredsstilt. På same måte kan utøvarar som er indre motiverte, bli meir ytre motiverte ved at aktiviteten får ein nytteverdi i form av premierung og lønn (Deci & Ryan, 2008).

AGT og SDT er begge komplekse teoriar, og forklaringane ovanfor rører berre ved overflata og hovudessensen til desse teoriane. Viktigheita av desse teoriane kjem fram ved korleis motivasjon og mentale faktorar ikkje berre er noko som avheng av individet sjølv, men at den sosiale konteksten også spelar ein vesentleg rolle her. Dette er igjen noko som vil vere viktig i diskusjonen om identifisering og utvikling av talent.

2.4 Potensielle prediktorar for fotballtalent

Dei potensielle prediktorar for talent i fotball tar føre seg dei faktorane som er med på føresjå kven som blir gode som vaksne. Som følgje av kompleksiteten til fotball er det mange faktorar å ta omsyn til, og det er ikkje nødvendigvis nokon fasit for kva som er den eller dei viktigaste faktorane eller eigenskapane. Difor har litteraturen anbefalt å ha ein holistisk tilnærming til identifisering og utvikling av talent, noko som går ut på at ein ser på heilskapen og tek høgde for alle faktorane som påverkar prestasjonsevne og utvikling (Sarmento et al., 2018; Unnithan et al., 2012; Williams & Reilly, 2000).

2.4.1 Tekniske og taktiske faktorar

Dei tekniske ferdigheitene tar føre seg dei reint fotballspesifikke ferdigheitene som til dømes pasningar, dribbling, ballkontroll og taklingar. Kor viktig ein teknisk ferdighet er i forhold til

ein anna, avhenger naturleg nok av faktorar som posisjon, rolle, taktikk og motstandarlag (Larkin & O'Connor, 2017; Roberts et al., 2019). Generelt sett har ferdigheiter som ballkontroll, dribling og pasningar vist seg som gode prediktorar for framtidig suksess (Huijgen et al., 2014; Murr et al., 2018), og det blir argumentert for at tekniske og taktiske ferdigheiter bør vektleggast ekstra i staden for fysiske eigenskapar (Williams & Reilly, 2000).

Dei sportsspesifikke, perceptuell-kognitive ferdigheitene som taktiske ferdigheiter, speleforståing, kreativitet, posisjonering og orientering har vist seg å vere gode prediktorar på framtidig suksess (Huijgen et al., 2014; Murr et al., 2018; Roca et al., 2018). Det er uklart i kor stor grad desse ferdigheitene er bestemt av genetikk og trening, men ein antar at dei gode prestasjonane til eliteutøvarar på slike testar blir sett på som eit resultat av spesifikk trening og instruksjon (Williams & Reilly, 2000). Dette kan forklare noko av utviklinga i karriereløpet til mange fotballspelarar, der dei gjerne entrar toppfotballscena med ungdommeleg pågangsmot og energi, for så å seinare i karrieren spele smartare og kanskje mindre intenst.

2.4.2 Antropometriske og fysiologiske faktorar

Dei antropometriske prediktorane tek for seg målingar av menneskekroppens proporsjonar. Dette er hovudsakleg faktorar som utøvaren i liten eller ingen grad kan påverke sjølv, som til dømes høgde, vekst, kroppsbygning og muskelsamansetning (Williams & Reilly, 2000). Viktigheita av slike faktorar varierer med spelestil, klubb, kultur og posisjon på bana (Murr et al., 2018). Dette ser ein til dømes på midtstopparar og keeperar, som vanlegvis er dei høgaste og tyngste spelarane i fotball (Dodd & Newans, 2018; Leão et al., 2019). I ungdomsfotball har vanlegvis suksessfulle utøvarar liknande kroppsbygning og fysikk som dei vaksne utøvarane, og det er veldokumentert at dei har ein høgare biologisk alder og er meir fysisk modne enn deira mindre dyktige motpartar (Cripps et al., 2016a; Meylan et al., 2010; Williams & Reilly, 2000). Dette speglar at når ein ser kor tid i seleksjonsåret utøvarane er fødd, der dei som er fødde tidleg i seleksjonsåra dominerer talentlaga i ungdomsfotball på tvers av land, tid og aldersgrupper (Campos et al., 2017; Doyle & Bottomley, 2018; Helsen et al., 2005; Williams & Reilly, 2000; Williams, 2010).

Dette betyr at antropometriske prediktorar har ein svært avgrensa evne til å predikere talent, då dei ser ut til å reflektere forskjellar i biologisk modning hos utøvarane. Ser ein på seniorutøvarar, er ikkje det slik at dei høgaste og sterkaste utøvarane nødvendigvis har ein

fordel samanlikna med lågare spelarar, sjølv om profesjonelle utøvarar generelt sett har blitt litt høgare og tyngre dei siste 20 åra (Williams et al., 2020).

Dei fysiologiske prediktorane tek for seg den fysiske kapasiteten hos ein spelar. Fotball stiller mellom anna krav til både hurtigkeit, aerobt og anaerobt uthald, styrke og spenst, og det er dermed eit stort spenn i kva ferdigheter spelaren må utvikle og vere kompetent i (Bloomfield et al., 2007; Dodd & Newans, 2018; Reilly et al., 2000; Unnithan et al., 2012). Dei fysiologiske krava vil – som dei antropometriske krava - variere etter posisjon på bana. Til dømes er dei aerobe krava høgast til sidebarar og midtbanespelarar, og ikkje uventa lågast hos midtforsvar og keeper (Dodd & Newans, 2018; Reilly et al., 2000).

Unge eliteutøvarar skårar generelt sett høgare på fysiologiske eigenskapar enn sine mindre dyktige jamaldringar, noko som er i tråd med det ein ser i seniorfotball (Dodd & Newans, 2018). Dette kan gje grunnlag til å konkludere med at fysiologiske mål er nyttige i å føresjå talent, men sidan desse ferdighetene er trenbare (Pearson et al., 2006), kan skilnadane mellom utøvarar kome som følgje av meir systematisk trening. (Williams & Reilly, 2000). Potensialet for kor god ein kan bli på dei ulike fysiologiske områda er likevel til ein viss grad bestemt av genetikk, og då spesielt med tanke på fordeling av fibertype (Williams & Reilly, 2000). Difor kan til dømes hurtigkeit vere ein nyttig prediktor (Huijgen et al., 2014), men generelt sett bør ein likevel vere forsiktig med å selektere talent basert på fysiologisk overlegenhet.

2.4.3 Sosiologiske faktorar

Dei sosiologiske prediktorane tek føre seg faktorane i miljøet rundt utøvaren og korleis desse kan vere med på å fremje eller hemme utviklinga. Dette kan dreie seg om foreldre, klubb, trenrarar, økonomi, fasilitetar, kultur og utdanning, der alle spelar ei rolle i større eller mindre grad (Williams & Reilly, 2000). Det blir i artikkelen til Williams & Reilly antyda at miljø kan spele ei større rolle enn arv i utviklinga av ekspertise, og at det dermed er viktig å skape eigna miljø som syt for best mogleg utvikling.

Reeves, McRobert, Littlewood & Roberts (2018) trekk fram fire potensielle prediktorar innanfor det sosiologiske området; treningsmengd, interaksjon mellom trenar og utøvar, foreldrestøtte og utdanning. Spesielt treningsmengd er her sett på som ein viktig prediktor, fordi det ser ut til å vere ein korrelasjon mellom tid brukta på fotballrelatert øving og kven som blir profesjonelle (Hornig et al., 2016; Reeves, McRobert, et al., 2018). Vidare er

interaksjonen mellom trenar og utøvar er viktig for å skape gode vilkår for utvikling med tanke på både psykososiale og sportsspesifikke forhold (Reeves, McRobert, et al., 2018). Den neste potensielle prediktoren, foreldre, bidreg kanskje aller mest tidleg i idrettsløpet til barnet, der dei er tilretteleggjarar for at barnet skal ha høve til å drive med ulike idrettar (Côté, 1999). Elles er dei også viktige med den finansielle, emosjonelle og logistiske støtta dei kan gje (Côté, 1999; Reeves, McRobert, et al., 2018). Til slutt er utdanning trekt fram på grunn av utfordringa det er å kombinere toppidrett med skulegang (Reeves, McRobert, et al., 2018). Skulen blir gjerne sett på som eit nødvendig onde å gjennomføre, så det å ha moglegheita til å gjennomføre eit utdanningsopplegg som ikkje tek for mykje tid kan difor vere gunstig (Christensen & Sørensen, 2009).

2.5 Tidlegare forsking på trenarkriterium for talentidentifisering

Denne delen vil ta føre seg kva trenrar i andre studiar har sett på som viktig for unge talent i gutefotball. Dette er som sagt ikkje eit område det er forska mykje på, men det finnast eit knippe kvantitative og kvalitative studiar på området. Først vil hovudfunna frå dei kvantitative studiane kort bli gjort reie for, før dei kvalitative blir gjennomgått etter same mønster som delkapittelet om prediktorar for talent i fotball. Den mentale faktoren blir også lagt til her. Funna i desse studiane vil seinare bli samanlikna opp mot mine funn i resultat og diskusjonskapittelet.

I nokre studiar har profftrenrar blitt bedne om å rangere kva ferdigheiter og faktorar som dei ser på som viktigast hos fotballtalenta. Sæther (2014) såg i sin review på ein studie frå 2004, der trenrar rangerte viktigheita til ulike ferdigheitsområde frå 1-5, der 1 var viktigast og 5 minst viktig. Resultata her viste at tekniske faktorar var sett på som viktigast (snitt 1,5), deretter taktiske (snitt 2,29), mentale (snitt 3,14) antropometriske/fysiologiske (snitt 3,64) og sosiale (snitt 4,43). Det er rimeleg å anta at variablar som nivå på trenar og spelar, alder på spelarane, tid og rom (nasjon/region/klubb) påverkar kva område som blir sett på som viktigast (Sæther, 2014), men desse resultata samsvarar likevel i relativt stor grad med andre, nyare studiar gjort på andre nasjonar og i nyare tider (Bergkamp et al., 2021; Larkin & O'Connor, 2017; Roberts et al., 2019). I Larkin & O'Connor sin studie på australske U-13-spelarar vart ulike ferdigheiter rangert, og også der vart tekniske ferdigheiter sett på som viktigast, etterfølgt av taktiske og mentale ferdigheiter, medan antropometriske og sosiologiske faktorar vart heilt utelukka. Roberts et al. (2019) sin studie fann liknande resultat

når det kom til tekniske og taktiske ferdigheiter som dei viktigaste, medan mentale, fysiologiske, antropometriske og sosiologiske faktorar vart sett på som mindre viktig. Denne studien bygde vidare på konseptet til Larkin & O'Connor, der viktigheta til dei ulike ferdigheitene vart vurdert opp mot posisjon på bana, og ein kunne følgjeleg sjå at til dømes tekniske krav i forsvar og angrep varierte. Bergkamp et al., (2021) sin studie samsvarer med dei førre med at tekniske ferdigheiter var mest referert til (28%), og med at sosiologiske faktorar omrent var heilt utelukka. Den skilde seg derimot ut med at antropometriske og fysiologiske faktorar (22%) var like mykje referert til av talentspeidarane som dei mentale og taktiske faktorane (21-22%).

2.5.1 Tekniske og taktiske faktorar

Teknikk er som vist høgt vurdert i fleire av dei utvalde studiane, men samstundes er det litt delte syn om kor viktig det skal vere for unge utøvarar. Dei tydelegaste ytterpunktene finn ein mellom Larkin & O'Connor (2017) og Lund & Söderström sine (2017) sine studiar. I den førstnemnde studien blir teknikk vurdert som særskilt viktig på grunn av betydninga det har for prestasjon, samt eit syn om at tekniske ferdigheiter er vanskelegare å lære seg dess eldre man blir. I den sistnemnde studien ser intervjuobjekta derimot på teknikk som noko kan utviklast gjennom trening, og at ein difor bør sjå på andre eigenskapar som ikkje er like lett å forme og utvikle når ein identifiserer talent. Dei andre studiane diskuterer ikkje dette i like stor grad, men anerkjenn i det store og heile teknikk som ein av fleire vesentlege faktorar i identifiseringa av talent.

Når det kjem til spesifikt kva tekniske ferdigheiter som er viktigast, viser nokre studiar til ballkontroll (Bergkamp et al., 2021), dribling, førsteberøring, pasning/skot og teknikk under press (Berber et al., 2020; Larkin & O'Connor, 2017), men dette er noko som varierer med posisjon på bana (Berber et al., 2020; Roberts et al., 2019). Nokre ferdigheiter, som pasning og ballkontroll går igjen uavhengig av posisjon, men elles er det ganske ulike krav som stillast til for eksempel ein midtstoppar i forhold til ein angripar.

Dei taktiske eigenskapane går igjen som ein av dei viktigare faktorane på tvers av både dei kvantitative og kvalitative studiane. Med tanke på spesifikke eigenskapar innan det taktiske feltet, er avgjersler, posisjonering og speleforståing dei tre mest refererte eigenskapane i dei kvantitative studiane (Bergkamp et al., 2021; Larkin & O'Connor, 2017; Roberts et al., 2019). Også dei kvalitative studiane støttar opp om dette, der

speleforståing/spelintelligens, avgjersler og posisjonering blir trekt fram av fleire (Berber et al., 2020; Christensen, 2009; Lund & Söderström, 2017).

2.5.2 Antropometriske og fysiologiske faktorar

Dei antropometriske faktorane blir sett på som dei minst viktige for å predikere talent i dei fleste inkluderte studiane. Dei er heilt ekskludert frå to av studia der ulike ferdigheiter for TID blir rangert (Larkin & O'Connor, 2017; Roberts et al., 2019), og til ein viss grad inkludert i Bergkamp et al., (2021), der «fysiske evner» er referert til av 18% av trenarane. Også i dei kvalitative studiane er antropometriske evner generelt lite omtala. I eitt tilfelle blir betydninga av størrelse og fysisk modning diskutert, der det kjem fram ein tankegong om å sjå etter lågare spelarar på grunn av kunnskapen ein har om korleis biologisk modning kan verke inn på prestasjon (Lund & Söderström, 2017). To andre studiar vurderer fysisk robustheit (Jokuschies et al., 2017; Mills et al., 2012), altså om utøvaren er utsett for skader eller ikkje, som ein til dels viktig faktor.

Når det kjem til viktigheita av fysiologiske eigenskapar, er trenarane litt delte i sin oppfatning, men den generelle trenden er at dette området blir sett på som mindre viktig i TID. Fleire studiar og trenrarar peikar på utfordringar knytt til det å vurdere dette aspektet med tanke på biologisk modning, og har difor vald å fullstendig utelate desse parameterane (Larkin & O'Connor, 2017), eller tone ned betydninga (Lund & Söderström, 2017; Roberts et al., 2019; Sæther, 2014). Ein fysiologisk eigenskap som likevel går igjen i dei fleste studiane, er hurtigkeit (Berber et al., 2020; Bergkamp et al., 2021; Lund & Söderström, 2017; Mills et al., 2012; Roberts et al., 2019; Sæther, 2014). Andre fysiologiske ferdigheiter som styrke (Berber et al., 2020), uthald, smidigkeit og styrke er også nemnd, men har fått markant lågare score samanlikna med tekniske og taktiske eigenskapar (Bergkamp et al., 2021; Roberts et al., 2019).

2.5.3 Sosiologiske faktorar

Eit område som får lite merksemd frå trenarane på tvers av studiane, er dei sosiologiske faktorane. Dette området blir av trenarane sett på som minst viktig i TID, samstundes som at viktigheita av omgjevnadane i sjølve talentutviklinga blir poengert i nokre studiar (Mills et al., 2012; Sæther, 2014). Til dømes vurderte trenarane at påverknaden frå foreldre og vener

kunne vere både positiv og negativ for utviklinga, og likeså med kvalitet på trenarar, treningsinnhald, fasilitetar og liknande (Mills et al., 2012).

Få andre studiar diskuterte dette området i særleg grad, og dei som gjorde det, diskuterte i liten grad om korleis ein skal ta i bruk sosiologiske faktorar i samband med TID-prosessen. Men i eitt tilfelle i Sæthers (2014) studie, kom det fram at eit lag såg etter spelarar som kunne gå inn i miljøet til klubben på ein god måte. Dette viser til ein viss grad at sosiologiske faktorar blir vurdert. Uansett bør framtidige studiar på emnet undersøke dette nærmare, noko også andre har etterlyst (Larkin & O'Connor, 2017).

2.5.4 Mentale faktorar

Mentale faktorar er generelt ganske høgt veklagt i dei kvantitative studiane. Spesifikt kva mentale eigenskapar og trekk som er viktige her varierer noko, men vinnarvilje, haldningar, interesse, driv og lærevilligheit er noko som går igjen (Bergkamp et al., 2021; Larkin & O'Connor, 2017; Sæther, 2014). Nokre av dei kvalitative studiane legg ytterlegare vekt på viktigheita av mentalitet, og fleire av dei intervjua trenarane ser spesielt på haldningar som alfa omega for om eit talent lukkast eller ikkje (Christensen, 2009; Lund & Söderström, 2017). Jokuschies et al. (2017) sine funn støtta opp om dette, der mentale trekk var mykje meir referert til av trenarane enn dei andre faktorane, men dette kunne kome av homogene tekniske og taktiske ferdigheiter i gruppa dei diskuterte. Trenarane i Mills et al., (2012) sin studie trakk også fram bevisstheit, resiliens, lidenskap, haldningar, intelligens (idrettsleg og emosjonell), lærevilligheit og konkurranselyst som avgjerande mentale eigenskapar for å utvikle seg. På den andre sida skilde to av studia seg ut med at dei mentale faktorane ikkje vart identifisert som prediktorar for talent (Berber et al., 2020; Roberts et al., 2019). Felles for begge desse studiane, var at dei tok føre seg posisjonsspesifikke ferdigheiter, og fråværet av personlegdomsrelaterte, mentale faktorar kan dermed forklarast av eit anna detaljfokus enn kva som er tilfella med dei andre studiane (Roberts et al., 2019).

3. Metode

I dette kapittelet vil eg gjere reie for vala eg har tatt i forskingsprosessen. Først vil eg forklare val av metode, før lesaren blir introdusert for utvalet i studien, kriterium for utvalsprosessen, samt korleis datainnsamlinga føregjekk. Deretter vil det blir gjort reie for analysen av datamaterialet, før det til slutt vil bli diskutert kvalitet og etiske betraktnigar.

3.1 Forskingsdesign

Forskningsdesign er ein skisse eller plan for undersøkinga ein ynskjer å gjennomføre. Designet kan vere anten kvalitativt eller kvantitativt, alt etter kva ein ynskjer å oppnå med studien. I denne oppgåva er kvalitativ metode nytta. Kvalitativ metode er ein sentral framgangsmåte innanfor samfunnsvitskapleg forsking, og legg til rette for studere eit tema i djupne og detalj (Thagaard, 2013; Tjora, 2017). Metoden er eigna for forsking på sosiale og kulturelle fenomen, og gjev data med kvalitativt innhald. Målet er å oppnå ein forståing av sosiale fenomen som ikkje er veldokumentert (Tjora, 2017), gjennom å gå i djupna på fenomenet og sjå heilskapen i det. Valet om å gå kvalitativt til verks i denne oppgåva, kan forklarast av mitt ynskje om å få eit djupare innsyn i andre menneske sine tankar og erfaringar kring eit tema som både er av personleg interesse, samt relativt lite dokumentert gjennom kvalitative studiar. Utforminga av problemstillingane er ein konsekvens av dette, og er forma på ein måte som gjer det naturleg å anvende kvalitative metodar.

3.2 Semistrukturerde intervju

For å belyse problemstillingane, har eg vald å nytta meg av semistrukturerde intervju. Intervju er den mest utbreidde datagenereringsmetoden innan kvalitativ forsking, der semistrukturerde intervju er ein særleg populær metode her (Tjora, 2017). Desse intervjua har som føremål å skape ein ganske fri samtale rundt tema som forskaren allereie har bestemt på førehand. Dette gjerast ofte ved å ha opne spørsmål som inviterer informanten til å gå i djupna til eit tema, og på den måten skil det seg til dømes frå typiske spørjeundersøkingar som har lukka spørsmål og svaralternativ. Ynsket er at ein skal få informanten til å reflektere over eigne opplevingar og meningar om temaet, ved å ha ein avslappa stemning og god tid til spørsmål og svar. Semistrukturerde intervju er basert på eit fenomenologisk perspektiv, der ein som forskar har

lyst til å få ei djupare forståing av informanten sine erfaringar og refleksjonar, og ein utforskar altså forhold som går på subjektive oppfatningar, erfaringar og vurderingar.

Opparbeida tillit mellom forskar og informant er viktig for kvaliteten på intervjuet.

Det gjeld særskild tema som informanten kan oppfatte som personlege, vanskelege og følsame. For å opparbeide tillit kan det vere formålstenleg med lengre intervju, der ein har tid til å snakke vidt i byrjinga slik at informanten kan få tida til å bli fortruleg med situasjonen. I tillegg er det viktig for intervjuar å vere sensitiv, ha respekt og vere støttande ovanfor informanten, sjølv om ein ikkje nødvendigvis er einig i informantens handlingar eller meiningar (Tjora, 2017). Dette er viktig fordi det gjev informantane ein tryggheit til å vere ærlege om erfaringar eller meiningar dei har om det aktuelle temaet.

3.2.1 Intervjusituasjonen

For å lukkast med djupneintervju er det viktig å skape ein avslappa stemning der informanten er komfortabel med å snakke opent, sjølv om personlege opplevingar. Ein ynskjer ein situasjon som er uformell, som om ein pratar over ein kaffikopp. I ein intervjusituasjon vil det vere fleire forventningar frå informanten si side om eiga rolle, om forskaren si rolle og kven han eller ho er, og om korleis intervjuet vil gå føre seg (Tjora, 2017). Ofte vil det kunne oppstå det ein kollar for asymmetri i forventa formalitet, noko som handlar om at informanten har ein forventing om at intervjuet skal vere meir formelt enn det intervjuaren håpar på (Tjora, 2017). Informanten forvent som regel at forskaren skal drive samtala framover med konkrete spørsmål som gjerne krev korte og presise svar. Ifølgje Thagaard (2003) er det også ein fundamental asymmetri i intervjuet, der informanten er den som er open og fortruleg, noko intervjuar vanlegvis ikkje er. Forskaren står i ein slags maktposisjon ovanfor informanten, der han eller ho styrer intervjuet og stiller spørsmåla (Roer-Strier & Sands, 2015). Frå forskaren si side vil det utover forventningane om sjølve intervjuet, også vere forventningar om kven informanten er og kva han eller ho har å kome med, med tanke på tema. Alle desse forventningane er med på å skape nokre rammer for kommunikasjon (Tjora, 2017). Kjønn, alder eller livssituasjon hos intervjuaren er andre faktorar som spelar inn på forventningane informanten har. Har intervjuaren og informanten fellestrekker her, kan det hende at informanten tek det for gitt at intervjuaren forstår erfaringar og synspunkt informanten har. Dette kan vidare føre til situasjonar der informanten trur at han eller ho forklarar noko på ein forståeleg måte, utan at intervjuaren nødvendigvis gjer det (Thagaard, 2013).

3.3 Intervjuguide

Som førebuing til intervjeta, har eg laga ein intervjuguide med bakgrunn i teori og informasjon frå området som skal forskast på. Spørsmåla er retta mot sentrale tema frå denne forskinga, og mot forskingsspørsmåla i denne studien. Hensikta med intervjuguiden er å skape ein struktur og ein plan som forsikrar at sentrale tema blir diskutert, utan at intervjuaren og informanten låser seg til eit bestemt tema. Vidare er spørsmåla utforma med opne spørsmål, som inviterer informantane til å svare relativt fritt, og kome med sine forståingar og perspektiv på dei ulike temaata.

Intervjuguiden er delt inn i seks tema som alle i større eller mindre grad er av interesse for forskingsspørsmåla. Det første temaet er av det generelle slaget, der spørsmåla dreier seg om bakgrunn og erfaring i trenarrolla. Hensikta med dette er å bli betre kjend med informanten og på den måten få ein lun start på intervjuet. Samstundes kan det vere av interesse å sjå om informantane har ulik bakgrunn, utdanning og erfaring, og korleis dette eventuelt påverkar svara og synspunkta på spørsmåla som kjem seinare i intervjuet. Det neste temaet tar føre seg spørsmål om informantens forståing av talentomgrepet. Dette temaet er heller ikkje direkte retta mot forskingsspørsmåla, men det er likevel høgst relevant å få eit innblikk i korleis informantane definerer og forstår talentomgrepet, sidan det er eit omgrep som kan definera og tolkast på mange måtar (Abbott & Collins, 2004; Gagné, 2000; Ommundsen, 2009). Korleis ein informant definerer talentomgrepet, kan vidare påverke korleis denne informanten identifiserer talent.

Temaata frå tre til seks er spesifikt retta mot forskingsspørsmåla i denne oppgåva. Det tredje temaet tar føre seg spørsmål direkte knytt til talentidentifisering, med hensikt i å få innsikt i korleis informanten identifiserer talentfulle spelarar. Dette tar til dømes føre seg eigenskapar informanten ser på som avgjerande, i tillegg til metodar og framgangsmåtar for identifisering.

Det fjerde temaet tar for seg den relative alderseffekten, Det vil blant anna bli stilt spørsmål om kjennskapen og tankar dei har om RAE, og om betydninga av fysikk og fødselsdato for identifisering. Spørsmåla her er basert på forsking som viser at RAE er det viktigaste kriteriet for seleksjon i ungdomsfotball, (Helsen et al., 2005; Hill et al., 2020; Sæther, 2017).

Det femte temaet i intervjuet vil dreie seg om mentale eigenskapar. Spørsmåla vil her blant anna dreie seg om kor viktig trenarane tenkjer mentalitet er for eit fotballtalent, og om dei ser på eigenskapane her som trenbare. Desse spørsmåla er basert på forsking som viser at trenarar ser på mentale eigenskapar som svært viktig både for unge og vaksne fotballspelarar. Dette kan ha ein samanheng med ein oppfatning av at desse trekka er stabile og vanskeleg å utvikle (Lund & Söderström, 2017), trass i at forsking argumenterer for at dette ikkje er tilfelle (Williams & Reilly, 2000).

Det sjette og siste temaet i intervjuguiden vil eg sjå på identifisering og seleksjon i eit breiare perspektiv. Eg vil til dømes spørje om korleis informantane opplev samarbeidet mellom krins og klubb med tanke på identifisering og seleksjon av talent, og om det er felles forståingar for kva ein ser etter i talenta. Dersom klubblaga og krinslaga til dømes vurderer spelarane på ulike premiss, kan dette spegle att eit system som ikkje fungerer optimalt for spelarutvikling, og det er difor av interesse å få eit innblikk i korleis informantane frå både kring og klubb opplev samhandlinga her.

3.4 Utval

Informantar veljast som regel på bakgrunn av relevans for temaet som det skal forskast på, og fordi dei kan gje gode perspektiv til fenomenet som studerast (Smith & Louis, 2009). I dette prosjektet var det difor av interesse å finne trenarar som er involverte i identifiseringsprosessane i ungdomsfotball, på både klubb- og krinsnivå. Vidare var det ynskjeleg at desse trenarane har ansvar for guttespelarar i alderen 13-16. Grunnen til dette valet, er at ein del eksisterande forsking på talentidentifisering tar for seg nettopp guttespelarar rundt denne alderen, noko som gjer det meir naturleg å kople funna i denne studien opp mot funna i andre studiar. I tillegg er det også berre i denne aldersgruppa ein har krinslag.

Med tanke på utvalsstørrelse finnast det ingen bestemt fasit på kor mange ein bør intervju, og er noko som avhenger av kva ein vil vite, føremål, kredibilitet, tid og ressursar (Smith & Louis, 2009). Med tanke på størrelsen og føremåla med dette prosjektet, samt forventa lengde på intervjeta (ca éin time) vurderte eg i samråd med vegleiar at seks til åtte informantar ville vere eit passeleg tal informantar.

3.4.1 Skildring av deltakarane

Utvælet i studien består av seks trenarar som har ansvar for krinslag eller juniorlag/akademi med gutespelarar i alderen 13-16. Trenarane er likt fordelt mellom to utvalde fotballkrinsar, der det igjen er tre trenarar på krinslag, og tre på klubblag. Alderen varierer frå 25-50, og alle trenarane er menn, utan at det er eit kriterium for deltaking i studien. Alle trenarane har minst UEFA B-lisens, og 2-10 års erfaring i trenarvirket. Trenarane blir i resultat og diskusjonskapittelet omtala som Trenar 1-6, og ein enkel skildring av desse kan lesast av tabell 1.

Tabell 1: Skildring av deltakarne i studien

Trenar 1: Klubbtrenar, krins 1
Trenar 2: Krinstrenar, krins 2
Trenar 3: Klubbtrenar, krins 2
Trenar 4: Krinstrenar, krins 2
Trenar 5: Krinstrenar, krins 1
Trenar 6: Klubbtrenar, krins 1

3.5 Gjennomføring av intervjua

Informantane vart invitert til å delta i studien over e-post. Eit informasjonsskriv vart lagt ved i e-posten, og dette skrivet gjorde reie for studiens innhald og informantens rettigheiter.

Informasjonsskrivet kunne også nyttast til å innhente skriftleg samtykke, men på grunn av den pågående koronapandemien vart ikkje dette tilfelle.

I kvalitative intervju spelar intervjuulokasjon ein viktig rolle, då val av lokasjon er med på å skape ein setting som helst skal opplevast som passande og komfortabel for informanten, samt at den er fritatt frå forstyrningar (Gubrium et al., 2012). I denne studien vart det naturleg nok planlagd å gjennomføre digitalt, av omsyn til koronapandemien og dei sosiale restriksjonane her. Å gjennomføre intervju digitalt har sine klare fordelar med tilgjengeleight og tidsbesparelse for både informant og intervjuar. Samstundes mistar ein potensielt ein dimensjon ved å ikkje kunne møte informanten i person, då ein går glipp av ein del av mimikken og den ikkje-verbale kommunikasjonen (Gray et al., 2020). I digitale intervju kan i tillegg forstyrningar kan førekome i form av ulike tekniske problem eller bakgrunnstøy, men det vart ikkje eit nemneverdig problem i gjennomføringa av intervjua til denne studien.

Målsetjinga for studien var å gjennomføre åtte intervju, men til slutt vart det berre gjennomført seks. Eg vurderte likevel datamaterialet til å vere tilstrekkeleg etter desse intervjuia. Informantane var fordelt likt etter kva region dei er trenar i, og kva type lag dei er trenar for (krins/klubb), noko som sikra ein balanse som vidare gjorde det naturleg å samanlikne synspunkta frå klubbtrenarane og krinstrenarane i databehandlinga.

3.6 Databehandling

Kvalitativ metode delast ofte inn i to framgangsmåtar; induktiv- og teoretisk analyse. Desse metodane skildrar vektlegginga av teori i forkant av dataanalysen. I ein induktiv framgangsmåte er forskaren meir oppteken av kva som er dei mest treffande observasjonane undervegs i studien, medan ein i ein teoretisk analyse er meir interessert i utvalde delar av dataa med utgangspunkt i ein bakanforliggende teoretisk agenda (Johannessen, 2018). I denne oppgåva har eg arbeida induktivt med analysen, og vald kva som er relevant undervegs i analysen, framfor å leite etter svar med ein spesifikk teori.

I resultat- og diskusjonskapitla har eg gjort reie for funn som kan koplast til eksisterande forsking og teori, men det har ikkje vore eit spesifikt mål å teste dataa i denne studien mot dataa i tidlegare studiar. Føremålet har i større grad vore å trekke ut relevante funn for føremåla til oppgåva, og avdekke trendar og svar som går igjen blant informantane, samt ulikskapar der dette er relevant.

Eg har i samband med databehandlinga, gjennomført ein tematisk analyse, som er ein av dei mest brukte formane for analyse. Dette er ein form for analyse som inneber å leite etter gjentakande mønster eller meiningar på tvers av datasett for å identifisere ulike tema (Braun & Clarke, 2006; Guest et al., 2012). At ein sak gjentakast mange gongar eller blir lagt stor vekt på, betyr ikkje nødvendigvis at dette poenget er viktig, og det er opp til forskaren å avgjere kva moment i svara som er viktig for å svare på problemstillingane som studien tek utgangspunkt i. For å kunne etterprøve forsking, er det viktig å legge fram ein detaljert skildring av framgangsmåten. Braun & Clarke (2006) skildrar seks steg i databehandling, som dermed er dei stega eg har følgd i mi eiga databehandling.

Det første steget i databehandlinga mi er å transkribere intervjuet. Det er utarbeidd nokre retningsliner for korleis transkripsjon bør gjennomførast (Mergenthaler & Stinson, 1992) og her blir det blant anna understreka at diskusjonen på lydopptaka bør transkriberaast på ein måte som gjev ein så representativ versjon av intervjuet som mogleg. Difor har eg vald

å transkribere alle utsegn i intervjuet, så nøyaktig som mogleg. Pausar og lydar er inkludert, samt tydelege skile mellom intervjuar og informant. Av omsyn til personvern, er dialektar oversett til nynorsk.

Transkripsjonen og lydopptaka dannar fundamenta for analysen av datasetta. I det neste steget vart både transkripsjonen og lydopptaka gjennomgått for å få eit oversyn over moglege kodar og tema som kunne nyttast til neste del i den tematiske analysen. Kodinga føregjekk manuelt ved at eg sorterte svara gjennom fargekoding. Difor gjekk eg gjennom heile teksten for å innhente data som er relevant til kvar kode. Eg såg etter både tydelege og ikkje like tydelege meininger i intervjuet, og var dermed opptatt av både dei semantiske og latente meiningsane i dataa (Braun & Clarke, 2006).

I det tredje steget sorterast kodane og dei tilhøyrande utdragene til forskjellige tema, slik at ein kan sjå mønster i svara. Desse temaa er dei som kjem til uttrykk gjennom utsegna, og ikkje gjennom ein fortolking av ein djupare mening (Braun & Clarke, 2006). I det fjerde steget vurderer forskaren om temaa samsvarar med kodane og heile datasettet, noko som gjerast ved å lage eit tankekart – «*thematic map*» - som viser til forholda mellom dei ulike temaa (Braun & Clarke, 2006). Steg fem går ut på å presisere dei definisjonane eller skildringane som nyttast for å vise kva eit tema faktisk handlar om. Dataa må difor omorganiserast for vise til eit tydeleg narrativ som er representativt for empirien som er lagt fram.

Det sjette og siste steget tar føre seg rapporteringa. Analysen skal bidra til at dei viktigaste forskingsspørsmåla blir adressert i diskusjonsdelen i studien. Med bakgrunn i dette valde eg difor å skildre nokre utvalde tema som eg vurderte til å belyse forskingsspørsmåla mine i størst grad. I arbeidet med dette gjekk eg difor mykje fram og tilbake mellom analysen og forskingsspørsmåla, for å sikre at temaa var relevante for studien. I rapporteringa må det leggast fram tilstrekkeleg med utdrag (bevis) frå dataa for å vise til reelle forhold, samt for å kunne vise til dei ulike temaa.

3.7 Forskingsetikk

All forsking som handlar om menneske krev etiske vurderingar (Dalland, 2020). Dette prosjektet var meldt til Norsk Senter for Forskingsdata (NSD), ettersom det behandler personopplysingar og vurderer tiltak for personvern og informasjonssikkerheit. Innhenting av data vart først satt i gong etter at søknaden vart godkjent den 18.02.2021. Søknaden gjorde

reie for korleis innhentinga av data skulle gå føre seg, og korleis den ville brukast. Den viser at behandlinga av personopplysningar er i samsvar med personvernlovgiving, ettersom deltaking er frivillig, informert, spesifikk, tydeleg dokumentert og kan trekkast tilbake. Samtykke og vilkår for deltaking vart gjort reie for i eit informasjonsskriv som deltakarane fekk tilsendt på e-post.. Informasjonsskrivet inneheld informasjons om føremål med prosjektet, kva som krevjast av deltakarane, rettigkeitene deira og konsekvensar av deltaking. Samtykka vart gjeve digitalt via e-post, samt munnleg rett i forkant av intervjuet. Ingen fysiske underskrifter vart innhenta av omsyn til smittevernstiltak i forbindelse med koronapandemien.

I intervjuet kjem det hovudsakleg fram personlege synspunkt og erfaringar rundt talentidentifisering og andre subtema knytt til dette. I samband med dette er det ein viss risiko for at informantane deler erfaringar og personopplysningar om seg sjølv eller andre som andre kjenner til. I tillegg er personlege opplysningar som kva klubb og/eller krins informanten jobbar i, relevant i dette forskingsprosjektet. Dette er naturleg nok også informasjon som kan gjere det mogleg å identifisere informantane, og for å hindre at dette er mogleg, blir all data i prosjektet behandla konfidensielt. Opplysningane som blir lagt fram i rapportane blir anonymisert og omskrive. Seier dei namnet på klubben sin til dømes, vil dette heller bli omtala som «klubben» i transkriberinga. På den måten har ein kontroll på vesentleg informasjon, samstundes som at anonymiteten og personvernet til informantane er sikra. Tilfella der informantane utleverer identifiserbar informasjon som ikkje kan anonymiserast om seg sjølv eller andre, vil ikkje bli publisert i oppgåva.

3.8 Informantens rolle

Kvalitative studiar bidreg i at ein får eit djupare innblikk i prosessar og meiningar enn kva ein får ved til dømes standardiserte spørjeskjema. I denne studien får eg tak i individuelle erfaringar og synspunkt til forskjellige trenrar, noko som opnar for å innhente nye perspektiv som er relevante for forskingsspørsmåla. Samstundes er det ikkje slik at ein fullt og heilt kan forstå og få tilgang til informantens faktiske haldningar (Randall & Phoenix, 2009). Fleire faktorar er med på å forme informantens svar, som blant anna føremål med intervju, maktforhold mellom intervjuar og informant, og tid og stad. Informantane er også forskjellige, noko som vidare fører til forskjellar i tydelegheit og omfang på svara deira (Randall & Phoenix, 2009).

Det er også fleire andre faktorar som påverkar kva informasjon som blir lagt fram. Det kan til dømes vere at informant ikkje gjengjev ein nøyaktig skildring av ei historie, men deira tolking og hukommelse av denne historia. Skildringane baserer seg på informantens forståing av ei livsverd ved den augneblunken historia eller meiningsa blir fortalt. Dei uttrykker sine haldningar basert på eit narrativ det fortel som seg sjølv, om dei kven dei har vore, kven dei er og kven dei ynskjer å bli (Randall & Phoenix, 2009). Ein faktor som kan skape ein mangel på samsvar mellom informantens faktiske og fortalte haldning eller meiningsa, er at informanten svarer det som er moralsk riktig eller politisk korrekt å svare. I dette prosjektet er ikkje spørsmåla av ein spesielt sensitiv eller personleg karakter, så dette burde ikkje vere eit stort problem. Det er likevel enkelte tema og spørsmål der informanten kan vere freista til å svare det han eller ho trur er «rett» svar, utan at deira personlege meiningsa kjem tydeleg fram, noko som er viktig å ha i bakhovudet i intervjuet og analysen.

3.9 Eiga rolle

Ein anna vurdering som må gjerast er å gjere reie for mi rolle i studien (Kvale, 2015). Målet er at bakgrunnen min skal ha avgrensa påverknad på rapporteringa av resultata. Sjølv har eg ein del meiningsa og haldningar om kva eit talent er, kva ferdigheiter ein bør sjå etter hos fotballtalenta og korleis ein kan identifisere talent. Desse meiningsa og haldningane er i stor grad forma av ein aktiv fotballkarriere på aldersbestemt nivå, eit engasjement som TV-sjåar og publikum, samt utdanninga eg har tatt. Spesielt utdanninga eg har tatt, har gjeve meg eit godt innblikk i tematikken, som igjen har påverka mine syn på korleis talentidentifisering og talentutvikling bør gå føre seg. Men mine meiningsa er sjølvsagt ikkje av interesse, og det er difor viktig for meg å gå inn i intervjustituasjonen med ei mest mogleg nøytral rolle.

Spørsmåla eg stiller og responsen eg gjev på svara til informantane, er med på å forme korleis dei svarar på ting. Uttrykkjer eg semje eller usemje med noko av det informantane seier, kan dette skade kvaliteten på datainnsamlinga. Korleis eg responderer kan til dømes skape usikkerheit hos informanten og ein tilbøyelighet til å svare meir i retning av det eg «ynskjer», framfor at deira faktiske meiningsa om temaa kjem til uttrykk. For å unngå dette vil eg aktivt unngå å leggje fram personlege meiningsa og svar, og heller halde meg til intervjuguiden og la informanten snakke fritt utifrå spørsmåla. Eg vil vere open for alle nye perspektiv sjølv om dette ikkje nødvendigvis er perspektiv eg er samd i.

Samstundes er det lagt til rette for ein lite formell struktur på intervjuet. Dette inneberer at eg som intervjuar ikkje nødvendigvis følgjer intervjuguiden slavisk, men opnar for at informanten kan prate fritt om ulike tema. Dette fører vidare til at eg som intervjuar må gjere mange val undervegs i intervjustituasjonen, der eg til dømes må vurdere oppfølgingsspørsmål og kor tid eg skal kutte praten om eit tema og gå over til eitt anna. Difor er det viktig å kjenne godt til handverksmessige ferdigheiter og metodologiske moglegheiter som finnast i gjennomføringa av intervju (Kvale, 2015).

3.10 Studiens kvalitet

I forsking diskuterer ein ofte reliabilitet og validitet ved eit prosjekt, og er to omgrep som viser til kvaliteten på forskinga som er gjennomført. Validitet handlar om å vurdere i kva grad forskaren undersøker det fenomenet man har som mål å undersøke, medan reliabilitet handlar om å vurdere i kva grad forskinga som er gjort, er påliteleg (Thagaard, 2013). Desse omgrepa er vanleg å vurdere i kvantitative studiar, medan bruken i kvalitativ forsking har blitt kritisert på grunn av ulik bruk av konsept og terminologiar blant forskrarar (Appleton, 1995; Noble & Smith, 2015). Omgrep som «truth value», «applicability», «consistency» og «neutrality» har difor blitt tatt i bruk av forskrarar for å lage eit rammeverk som vurderer validitet og reliabilitet ved kvalitative studiar (Appleton, 1995; Noble & Smith, 2015)

Omgrepet «truth value» handlar om at ein skildrar og rapporterer dei faktiske forholda som informanten ville ha kjent seg att i (Lincoln, 1985). Det finnast fleire moglegheiter for tolking enn det som leggast fram i rapporten, og difor må tolkingane som leggast fram vere tydelege og klare, og eit resultat av kritisk refleksjon (Noble & Smith, 2015). Dette er noko som gjerast for å minimere metodologisk bias frå forskaren. Dette er likevel ikkje mogleg å eliminere fullstendig, og det er difor viktig å leggje fram empirinær data i diskusjonen, og at ein tek med alt frå eit utdrag som er relevant og viser til røynda.

«Applicability» tar føre seg i kva grad funna i eit kvalitativ studie kan betraktast som generaliserbart (Lincoln, 1985). Dette går ikkje føre seg gjennom ekstern validitet der ein generaliserer funn i statistisk forstand, men gjennom ein naturalistisk eller overførbar generalisering. Ein naturalistisk generalisering baserer seg på at leseren kan kjenne att eller sjå forskjellar i datamaterialet. På denne måten kan ein generalisere resultata til trenrarar på tvers av lag, kulturar, nasjonar og liknande, dersom datamaterialet dekkjer dette. Overførbarheit tek utgangspunkt i at funna kan overførast til andre settingar og skape

handling. Dette kan også gjerast gjennom analytisk generalisering, som viser til same funn i annan forsking. For å finne ut om funna i denne studien er generaliserbare, vil det vere viktig å leggje fram detaljerte skildringar og tolkingar, som både lesaren og forskaren kan leggje ein mening til. Ein bør ikkje ha for store krav til generaliserbarheit, men heller vise til funn som kan vere generaliserbare (Smith, 2018). Samstundes er ikkje det alltid målet å generalisere, og det er viktig å vise til forhold som ikkje er generaliserbare.

Forskinga er påliteleg når analysemetoden er konsekvent og forskaren gjer reie for sin personlege og metodiske bias (Noble & Smith, 2015), noko som kjem til uttrykk i omgrepene for «consistency» og «neutrality» (Lincoln, 1985). Consistency handlar om pålitelegheit, noko som viser seg gjennom klare, tydelege og transparente val. Neutrality er det siste omgrepet, som er oppnådd når dei tre første punkta er oppnådd, og ein er inneforstått med betydninga av sitt filosofiske standpunkt (Appleton, 1995; Noble & Smith, 2015). Kritisk refleksjon av min rolle og mine forståingar av temaet er med på å sikre reliabilitet, og eg gjer difor tydeleg reie for val av metode, analysen, samt avgrensingar ved studien.

4. Resultat og diskusjon

Resultat og diskusjonskapittelet har som hensikt å drøfte problemstillingane som vart skildra i innleiinga. Delkapittel éin tar føre seg korleis trenarane stiller seg til talentomgrepet, slik at ein får ein viss forståing for kva trenarane faktisk legg i dette omgrepet. Vidare vil delkapittel to ta føre seg det overordna spørsmålet, altså kva ferdigheiter og eigenskapar trenarar i satsingsgrupper i G13-G16 legg vekt på i talentidentifisering. Dette vil bli sett på i samanheng med dei potensielle prediktorane for fotballtalent som vart lagt fram i teoridelen, der dei ulike faktorane og trenarane sin vektlegging av desse, blir presentert gjennom kvart sitt underkapittel. Dei mentale faktorane kunne også gått innan dette delkapittelet, men sidan det er ein eigen underproblemstilling knytt til dette området, blir dette presentert i eit eige delkapittel, slik som i teorien. Delkapittel fire og fem tar på same måte føre seg kvar sin underproblemstilling, som handlar om høvesvis relativ alderseffekt, og likskapar og skilnadar mellom krins og klubb med tanke på TID. Skilnadar mellom klubb og krins vil også bli tatt føre seg undervegs i dei andre delkapitla, noko som er grunnen til at dette delkapittelet kjem til slutt i denne delen av oppgåva. Hovudskilnadane blir samanfatta i denne delen, og trenarane sine tankar og oppfatningar rundt samarbeidet mellom klubb og krins med tanke på TID, vil også bli sett på.

4.1 Kva er eit talent?

Før ein går inn på sjølve kriteria trenarane har i talentidentifiseringa, er det greitt å få eit innblikk i korleis trenarar definerer talent, slik at ein får ein form for felles forståing for kva ein snakkar om. Fleire av trenarane seier at dei ser på talent som nokon som har evner utanfor normalen, noko som er i tråd med definisjonen gjeven av Gagne (2004) og Tansley (2011). I tillegg uttrykker fleire at dei koplar dette opp mot potensiale til å bli god. Det at ein spelar viser prov på ferdigheiter over normalen kan altså vere eit teikn, eller eit godt utgangspunkt for å bli god, noko utdraga nedanfor syner:

Det er nokon som har spesielle evner, og det kan vere innanfor fotball eller musikk (...) og det er det at du som spelar har noko meir enn det dei andre har. (Trenar 3)

Eh... det er vanvittig komplekst tenkjer eg. Men eit talent er vel først og fremst ein person som har ein eller fleire eigenskapar som ligg... over det vi kan kalle normalt. Eg tenkjer at talent er nokon som ser ut til å ha eit potensiale til å kunne nå lengre enn normalt. (Trenar 5)

Vidare var det berre éin av trenarane som skilde seg ut i kva han la i omgrepet talent:

Nei det er klart at det er eit omfattande omgrep, som tek for seg veldig mykje. Men for min del handlar talentet om den som likar å spele fotball aller aller best, og som er villig til å strekke seg frykteleg langt for at han eller ho skal få lov til å spele fotball. Det er på ein måte det første eg tenker som talentomgrep, og så veit eg sjølv at det er mykje meir omfattande då. (Trenar 2)

Som ein ser koplar trenar 2 talentomgrepet opp mot interesse, og ikkje ferdighet slik dei andre trenarane gjer. Samstundes heng over snittet interesse og over snittet ferdighet som regel saman, fordi dei interesserte ofte brukar meir tid på å spele fotball, og dermed tileignar seg betre fotballspesifikke ferdigheter. Dette er noko trenar 2 også understrekar seinare på spørsmål om kor tidleg ein kan identifisere eit talent:

Viss du berre tar... det med å finne ein spelar som er genuint opptatt av å spele fotball, så kan du sjå det ganske tidleg. Vi har eit par eksempel frå eigen klubb. Vi har to spelarar som er fødd i 2010 og er inne i sitt ellevte år, og dei ser du på ein måte er genuint interesserte i å spele fotball. Altså, dei er på... kvar minste anledning dei har, spelar dei fotball. Og det der er jo eit utgangspunkt for noko som kan virke for seinare år sant. (...) Dei vil jo leggje eit vanvittig godt grunnlag i forhold til dei andre, som då er kun på... lagstreningar for eksempel. (Trenar 2)

Trenaren koplar vidare interesse opp mot uorganisert trening og treningsmengd, noko som er vist til å vere nokre av fleire faktorar som skil kven som når toppnivå i fotball og ikkje (Hornig et al., 2016; Sæther, 2017). Dette impliserer vidare at trenar 2 har ein dynamisk forståing av talentomgrepet. Dette er også konsensusen hos resten av trenarane, som i andre delar av intervjuet trekk fram moment som treningsvilje som ein viktig faktor for å lukkast. Ingen av trenarane sa noko om dei tenkjer at desse eigenskapane kjem som følgje av medfødde eigenskapar og genetikk. Samstundes stilte eg heller ikkje spørsmål retta mot akkurat dette, fordi eg tenkjer at medfødde eigenskapar er mindre relevante i fotball enn i til dømes sprint, sidan fotball er ein svært kompleks idrett der fleire faktorar enn fibertypesamsetning spelar inn på prestasjonen, for å setje det litt på spissen.

På spørsmålet om kor tidleg ein kan observere talent etter deira eigen definisjon, var trenarane einige om at ein kunne sjå talent ganske tidleg, i alle fall i form av noverande ferdigheter, anten dei er seks, ti eller tretten år. Samstundes peika fleire på problemet med å vurdere talentet, i den grad ein snakkar om framtidig potensial, ettersom det er vanskeleg å spå kven som når toppen til slutt. Utdraga nedanfor illustrerer dette:

(...) det er klart at ein seksåring kan vere mykje betre enn dei andre seksåringane, og då er jo han betre enn dei andre per då. Og då er jo spørsmålet om du kan kalle det eit

talent eller ikkje. Så det er nok lett å mikse talent med den som er god der og då, men eg tenkjer meir at det er retta mot den som har potensiale. Så, hehe, du kan sjå om spelarar er gode allereie når dei er seks år, men om det er eit talent er veldig vanskeleg å seie, fordi det er umogleg å seie kven som lukkast. (Trenar 1)

Viss du ser sånn isolert fotballmessig, så kan du sjå det ganske tidleg at der er ein som har noko anna enn sine jamaldringar. Men... frå der til sluttprodukt er det vanskeleg å spå noko som helst. (...) Eg har bomma mange gonger på dei som eg trudde kunne bli veldig gode, som ikkje vart så gode, og dermed likar eg ikkje heilt ordet talent. (Trenar 3)

I utgangspunktet så ser man dei fotballtekniske og dei koordinative evnene meiner eg då, i 12-14 årsalder, men så skil det seg endå meir frå dei er 16 år, når ein ser dei vala dei tar med skulen, man byrjar å få litt livsval som ein tar (...). (Trenar 6)

Trenarane er altså forsiktige med å talfeste kor tidleg ein kan identifisere at nokon faktisk er eit talent med potensiale til bli god. Dei er tydelege på at noverande ferdigheter ikkje treng å korrelere med framtidig potensial, sjølv om det gjerne er eit godt utgangspunkt. Ein av informantane utrykte at ein kunne sjå skilnadane i fotballspesifikke ferdigheter relativt tidleg, men at det blir lettare å sjå kven som faktisk kan nå langt når dei kjem i høgare alder og faktiske livsval blir tatt. Dette er ein tankegong som er i tråd med tidlegare forsking, som har vist at suksessrata for predikering av kven som blir gode, er svært låg ved ung alder, og at den stig – til framleis relativt låge nivå – dess lengre opp i alderstrinna ein kjem (Hill & Sotiriadou, 2016). Dette kan igjen heve nokre spørsmål om TID-prosessane, og om kvifor dei skjer såpass tidleg i fotball, sidan suksessrata er låg, i tillegg til at trenarar, både i denne studien og i andre studiar (Bergkamp et al., 2021), vurderer det som vanskeleg å identifisere talent i ung alder.

4.2 Trenarkriterium for talentidentifisering

Fotballens kompleksitet og barn og unge sin uføreseielege utvikling og vekst, gjer det til ein særskilt vanskeleg å oppgåve å vurdere kven som kan bli framtidas toppspelarar (Skorski et al., 2016). Alle trenarane i denne studien sa at vurderingane av talenta var basert på subjektive premiss, der dei stort sett vurderte spelarane i kampsituasjonar for å få eit heilsapsinntrykk av dei aktuelle spelarane. Utdraget nedanfor viser dette:

For min del brukar eg ingen, kall det, konkrete øvingar for å finne ut av ein eller anna eigenskap til spelaren. Når eg sitter og ser på sonekampar eller klubbkampar der dei aktuelle spelarane er, så ser eg dei i kampsituasjon. Eh... og det er klart at vi som krins er knytt opp mot NFF og nyttar landslagsskulen som eit verktøy for å identifisere spelarane som vi har trua på. (...) Og så skal vi ikkje sjå oss blind på at vi berre skal

ha inn spelarar som NFF vil at vi skal ha inn, som fyller alle kriteria i landslagsskulen, for då mistar vi kanskje nokon som har nokon ferdigheter som er utanfor det. (Trenar 2)

(...) Det er klart at dei vurderingane vi gjer, på kven vi meiner passar inn og ikkje, blir subjektive. Og vi er litt opptatt av å få dei inn i vår kontekst, altså inn og trene med oss gjerne, for å sjå om dei kan tilpasse seg vår taktikk (...) (Trenar 1)

Frå utdraga ser ein også ein liten skilnad mellom krins og klubb med tanke på utgangspunktet for vurdering, der krinsen er til dels påverka av overordna føringar frå NFF og dei eigenskapar og faktorane NFF trekk fram i landslagsskulen, medan klubben er meir opptatt av å identifisere og selektere spelarar som har eigenskapar som er foreinlege med deira taktikk. Vurderingane skjer like fullt på ein subjektiv basis, og ingen av trenarane sa at dei brukte nokon form objektive testar som verkemiddel i TID og seleksjonsprosessane. Éin trenar sa at dei brukte objektive testar på det fysiske, men at dette var meir brukt for å halde oversikt over utviklinga og veksten til utøvarane, slik at dei kunne tilpasse treninga på best mogleg måte:

I klubben vår har vi jo fysiske testar som er så objektive som mogleg. Vi brukar standardprotokollar for alle dei fysiske testane, og det er ein fysisk trenar som styrer det. Og han informerer spelarane, og ser på styrker og svakheiter som dei har, og lagar liksom program utifrå det. (Trenar 6)

Denne studien føyer seg altså inn i rekka av studiar som har vist at trenarar og talentspeidrarar i fotball identifiserer og selekterer talent basert på subjektive premiss (Dugdale et al., 2020; Larkin & O'Connor, 2017; Sieghartsleitner et al., 2019; Williams et al., 2020). Det å sjå kva faktorar trenarane vektlegg i TID og seleksjon, er difor av vitskapleg interesse og betydning.

På spørsmåla om kva eigenskapar som kjenneteiknar talenta i alderen 13-16 varierte svara noko mellom trenarane. Tre av trenarane trakk fram dei tekniske og taktiske aspekta først og fremst, eksemplifisert ved trenar 4:

Kreativitet og val og... eg er opptatt av fotballspelarar som har god nærtTeknikk, godt touch (...) Eg syns jo det er veldig viktig å ha ein god del eigentrening med ball (...) Og det er no ein erfaring eg har gjort, at dei som eg har hatt, og som har sett har vore dei beste, kreative spelarane, dei har brukt veldig mykje tid med ball. (...) så eg ser på ferdigheter, val, utførelse, det du gjer med ballen framfor det fysiske. (Trenar 4)

Dei andre tre trenarane nemner også tekniske og taktiske ferdigheter, men dei seier samstundes at andre ting som interesse, motivasjon, indre driv og tilnærming til trening som viktigare enn andre, meir fotballspesifikke ferdigheter. Dette kan ein sjå frå kva trenar 3 og 5 seier:

Du må jo ha ein... tilstedeleverelse, motivasjon, ein indre drive, er vel det som er det viktigaste eg ser først og fremst. Og har du det, så har du som regel noko anna også tenkjer eg. Og det må jo kome frå ung alder, du må jo ha leika mykje med ball frå du er liten. Teknisk og taktisk som sagt, du kan jo vere veldig teknisk, men du manglar alt det andre innanfor det mentale eller det psykologiske som at du ikkje, du ikkje er ein hyggjeleg type for eksempel. Fotball er jo eit lag spel så, det er klart at dei psykologiske faktorane som vi snakkar om i fotballsamanheng tykkjer eg er viktig då. (Trenar 3)

Hm, det kjem litt an på, kva alder det er snakk om. Men først og fremst kva slags tilnærming spelaren har til trening, og i kor stor grad han er i stand til å jobbe så godt han kan. Men også då sjølvsagt eit sett av tekniske, fysiske, mentale faktorar då. Det er litt sånn at nokon spelarar har sine forser i sånn, i det man beteiknar eit talent då, så er det på bakgrunn av det eg sa innleiingsvis, at den spelaren verkar til å ha nokon eigenskapar som ligg langt – eller litt, utanfor normalen, og den kan skåre høgt på fleire parameter. Så det er litt vanskeleg å sei sånn at akkurat dette her er eit talent og ikkje. (Trenar 5)

Intervjuet tar vidare føre seg fleire spørsmål som går på talentidentifisering og andre kriterium trenarane vektlegg i tillegg til kva som kom fram i det førre spørsmålet. Trenarane er til dømes blitt bedt om å rangere viktigheita av ulike faktorar ovanfor kvarandre. Spørsmåla vart eksemplifisert med faktorar som tidlegare forsking har trekt fram som sentrale i TID (Sarmento et al., 2018; Williams & Reilly, 2000). Faktorane som er trekt fram i desse studiane er presentert i teorien, og svara til trenarane på viktigheita av dei ulike faktorane vil bli gjennomgått etter same mønster som delkapittelet 2.3, «Potensielle prediktorar for fotballtalent».

4.2.1 Tekniske og taktiske ferdigheiter

Alle trenarane nemnde tekniske og/eller taktiske ferdigheiter på spørsmålet om kva som kjenneteiknar eit talent. Dei var generelt forsiktige med å rangere teknikk over eller under taktikk, eller teknikk og taktikk over eller under andre faktorar, men dei er alle stort sett samde om at dette er eigenskapar som må på plass før eller seinare. Dette kan ein til dømes sjå i dette utdraget frå trenar 3, som tidlegare snakka om motivasjon og indre driv som dei viktigaste kjenneteikna:

(...) teknikk og taktikk heng jo litt saman, men teknikk, kall det basisferdigheiter, viss du ikkje har det når du er fjorten år, så avgrensar det moglegheitene trur eg. Taktisk er jo sånn som... du lærer jo mykje gjennom leik og spel i yngre alder, og så kjem det meir og meir inn i 13-19 årsalderen, og då handlar det om å knekke kodane ganske fort. (Trenar 3)

Denne trenaren vurderer altså tekniske og taktiske ferdigheter som viktige, men at teknikk kanskje er hakket viktigare å kunne demonstrere tidlegare, fordi taktiske eigenskapar er noko som kjem på plass litt seinare i følgje han. Trenaren spesifiserte ikkje kvifor han tenkte slik, og det er heller ikkje noko forsking som støttar opp om at taktisk læring skjer seinare, eller er lettare å utvikle seinare i utviklingsløpet enn teknikk.

Trenar 1 var samd med trenar 3 i den grad at han såg på taktiske eigenskapar som lettare å utvikle enn tekniske, men likevel sa han at han og klubben hans var hakket meir opptatt av det som gjekk på det taktiske.

Det er vanskeleg å seie at vi ser meir på det eine eller det andre, men samstundes kan eg legge til at klubben eg er i, har vore veldig opptatt av den beslutninga då, altså speleforståinga, ta gode val. Og eg har kanskje vore litt svak for det sjølv, at det ofte er det det blir sett på, er kva spelarar som tar gode val. Så kan man vel til ei viss grad tenke seg at det er enklare å utvikle enn den tekniske utføringa då, så eit litt subjektivt svar på det (...). (Trenar 1)

Samstundes presiserte trenar 1 seinare at dette var ein nokså marginal skilnad, og at det er ein del av ein større heilskap av fotballaksjonar. På spørsmål om å rangere ulike ferdigheter opp mot kvarandre, vart teknikk også framheva av trenar 6:

Eg vil ikkje rangere noko høgare enn noko anna nødvendigvis, men du ser jo at fotballen den dag i dag, utifrå forsking, at den går fortare, det er meir høgintense løp, høgintense aksjonar. Så det legg nokon føringar for at du må vere god til å handtere ballen raskt og under press (...). (Trenar 6)

Trenar 2, som vektla interesse for fotball som noko av det viktigaste hos eit talent, presiserer igjen at det må ligge ein grunnmur med tekniske og taktiske eigenskapar på plass om ein skal nå langt:

Det er klart at du må ha ein grunnmur med det tekniske og taktiske. Den grunnmuren må berre på plass. Den må du skaffe deg sjølv. Men den grunnmuren kan ta deg ganske langt då, fordi at viss du klare å gjere dei enkle tinga som å ta ballen i mot og leveire den frå deg, så kan du eigentleg nå ganske langt viss du berre klare å korte ned tida på dei tinga du gjer då, og kva nivå du spelar på. (Trenar 2)

Tekniske og taktiske ferdigheter som ballkontroll, dribling, pasningar, kreativitet, posisjonering og speleforståing har vist seg å vere gode prediktorar på framtidig suksess (Huijgen et al., 2014; Murr et al., 2018; Roca et al., 2018). Trenarane i denne studien sin generelt høge verdsetting av dei tekniske og taktiske faktorane, er såleis i tråd med både dette, og med det som er anbefalt å sjå på (Sarmento et al., 2018; Williams & Reilly, 2000). Det

samsvarar også godt med kva ein har sett i tidlegare studiar på trenarkriterium for TID (Larkin & O'Connor, 2017; Roberts et al., 2019; Sæther, 2014).

Akkurat kva tekniske og taktiske ferdigheter trenarane vektlegg har ikkje vore i stort fokus i denne studien, men nokre nemnde det som går på å ta i mot og levere frå seg ein ball, samt ballbehandling som sentrale tekniske eigenskapar. Dette har ein også sett blitt framheva i andre studiar (Berber et al., 2020; Bergkamp et al., 2021; Larkin & O'Connor, 2017), uavhengig av posisjon på bana. Fleire av trenarane i denne studien framheva også speleforståing og posisjonering som viktige taktiske eigenskapar, noko som er i tråd med kva ein har sett i tidlegare forsking, både i dei kvalitative studia (Berber et al., 2020; Christensen, 2009; Lund & Söderström, 2017) og dei kvantitative studia (Bergkamp et al., 2021; Larkin & O'Connor, 2017; Roberts et al., 2019). I Lund & Söderström sin studie (2017) såg ein at teknikk var mindre vektlagt fordi intervjuobjekta såg på det som noko som kunne utviklast, og dei vektla difor mindre formbare eigenskapar i større grad. Dette er ikkje tankar som trenarane i denne studien deler i særleg grad, men samstundes påpeikar fleire av trenarane at det er mogleg å bli god på sikt når man er 13-16 år, sjølv om man har manglar på det tekniske og taktiske, noko utdraga til trenar 5 og 3 viser:

Det er mange spelarar som tener veldig mykje pengar og har aldri tatt ein overstegsfinte i heile sitt liv. Så det er mogleg å bli god sjølvsagt med god mentalitet, men det hjelper også jo også å ha speleforståing og littegrann teknikk. Men sjølvsagt, som man seier, ingenting er umogleg, det umoglege tar berre litt lenger tid. (Trenar 5)

Ja, det tenkjer eg. Men det spørst jo kor langt bak han ligger i forhold til det du snakkar om no, det tekniske og taktiske. Men eg tenkjer at så lenge du har den iveren og tilstedeverselen, så trur eg igjen at du kan kome veldig langt på det då. Men no snakkar vi... forhåpentlegvis har vi ein liten bakgrunn på at han kan dempe og motta ballen, og springe som søren, det heng i hop. (Trenar 3)

Desse utdraga viser elles teikn på at trenarane har ein holistisk tilnærming til TID, der dei ikkje ser på éin faktor eller eigenskap som alfa og omega for å lukkast, men at styrker på eit område kan kompensere for manglar på eit anna.

4.2.1 Antropometriske og fysiologiske faktorar

På grunn av fotballens fysisk krevjande natur, med store krav til blant anna hurtigkeit, uthald, uthaldande hurtigkeit, spenst og styrke, er gode fysiologiske ferdigheter svært viktig å inneha på toppnivå (Bloomfield et al., 2007; Dodd & Newans, 2018; Reilly et al., 2000; Unnithan et

al., 2012). Det er såleis ein sterkt medverkande faktor til prestasjonsnivå på tvers av nivå og alder. Dei antropometriske måla er også ein viktig prestasjonsbestemmande faktor i enkelte posisjonar som midtstoppar og keeper (Dodd & Newans, 2018; Murr et al., 2018).

Antropometriske og fysiologiske faktorar blir ofte omtala under eitt felles omgrep, noko som er tilfelle blant fleire av informantane i denne studien, der desse faktorane som regel blir omtala som «fysiske» trekk. Omgrepa tar føre seg forskjellige ting, men kan samstundes sjåast i samanheng med kvarandre, då størrelse og fysisk modning har vist seg å ha samanheng med den fysiologiske prestasjonen på aldersbestemte nivå (Cripps et al., 2016a). Dette ser ein av at dei større spelarane presterer betre på hurtigheit, spenst, uthald, samt styrke og duellkraft.

Som følgje av skilnadar i vekst, skjønar ein altså at antropometriske mål er ein dårlig prediktor for å predikere framtidig prestasjonsnivå hos unge utøvarar. I tillegg er ikkje det nødvendigvis slik at dei høgaste og tyngste utøvarane er dei beste på seniornivå, slik ein ser på aldersbestemt nivå. Ser ein på dei fysiologiske eigenskapane derimot, er det skilnadar på seniornivå (Dodd & Newans, 2018), og til dømes hurtigheit er påverka ein del av genetikk (Williams & Reilly, 2000), noko som gjev større grunnlag for å føresjå talent basert på fysiologiske mål. Men med ulik fysisk modning og påverknaden av systematisk trening bør ein likevel også vere forsiktig med å identifisere talent basert på fysiologiske faktorar. Denne forsiktigheita utviser også informantane i denne studien. Spesielt antropometriske faktorar blir sett på som lite viktig, medan fysiologiske eigenskapar er nemnd, men ikkje vektlagt i særleg grad.

Ser ein tilbake på spørsmålet om kjenneteikn på talent, var det berre to av trenarane som nemner fysiologiske ferdigheter som ein del av det. Trenar 4 var også, som ein kunne lese tidlegare, eksplisitt på at han ser på spelarens val og det han gjer med ballen framfor det fysiske. Ein skal vere forsiktige når ein fortolkar utsegnene til ein informant, og i dette tilfellet kva han legg i omgrepet «fysiske», men det er rimeleg å anta at han då snakkar om både dei antropometriske måla og fysiologiske eigenskapane. Tankane hans om dette kjem tydelegare fram på eit anna spørsmål, der han har ein spelar han rangerer høgt, trass i openberre svakheiter når det kjem til fysiologiske eigenskapar og fysikk, og då nærmare bestemt uthald og vekt:

Eg har ein ung spelar på 13 år som ikkje er så godt trena, altså han er lubben viss eg kan bruke det uttrykket, han har ein del kilo for mykje til å kunne hevde seg i meir enn nokon få minutt. Men ferdighetene med ball og nærtteknikk og det å dra av ein

forsvarsspelar og det å klinke ballen i krysset, den balansen... han har så mange gode ferdigheter då, så eg tenker at man må motivere den spelaren til å kome meir på trening, til å gje meir av seg sjølv. Så eg ser jo på han som ein av dei med mest potensial. (Trenar 4)

Utdraget viser tydeleg at dei antropometriske og fysiologiske faktorane ikkje er viktig for denne trenaren, noko som også reflekterer meiningsane til dei andre trenarane i studien, spesielt med tanke på dei antropometriske måla. Nokre trakk som sagt fram enkelte fysiologiske eigenskapar, og ein gjengangar her var hurtigheit, som ein kan sjå frå utdraga nedanfor:

Ser i veldig lita grad på fysiske ferdigheter eigentleg. Er du treig, så har du kanskje ikkje ein fordel, men du kan kompensere med å vere god i posisjonering, velje å gå i riktig tidspunkt og i riktig retning. Det er jo ein del av det, og så veit ein at forskjellen på høgt og lågt nivå er tempoet, så det kan vere ein fordel å vere rask, men samstundes er ikkje det eit must, og ikke noko vi er veldig opptatt av. (Trenar 1)

Fysiske eigenskapar er ein veldig viktig del av fotballspelet, og sjølvsagt, man ser på det (...). I den grad det er snakk om spelalarar som er unaturleg effektive på grunn av fysisk størrelse, så er det eit hospiteringsspørsmål, om denne spelaren vil tilegne seg for mange därlege uvanar viss han ikkje plasserast saman med andre som er jamnare fysisk. Men det er aldri ein ulempe at ein spelar er ekstremt rask eller ekstremt sterkt, det er det ikkje. (Trenar 5)

Sjølv om hurtigheit blir trekt fram som ein fordel av fleire, understrekar dei at det på ingen måte er eit krav eller veldig viktig å inneha. Dei er av den oppfatning at det går an lukkast som fotballspelar, så lenge dei klarer å kompensere for eventuell manglande fysikk med andre ferdigheter innan det tekniske, taktiske og mentale domenet. Dette er såleis i tråd med kva andre studiar viser, sett over eitt (Berber et al., 2020; Larkin & O'Connor, 2017; Lund & Söderström, 2017; Mills et al., 2012; Roberts et al., 2019; Sæther, 2014). Heller ikkje i desse studiane er antropometriske og fysiologiske faktorar spesielt veklagt, men om det er noko som skal trekkast fram, så er det som regel hurtigheit dei ser på. Dei som nemner fysisk størrelse i denne studien er også samkøyrd i det at dei ikkje ser på det i nokon grad, noko som harmonerer godt med funna i tidlegare studiar (Larkin & O'Connor, 2017; Roberts et al., 2019; Sæther, 2014). Det at informantane i denne studien vektlegg antropometriske trekk og fysiologiske eigenskapar i lita grad i TID, samsvarar også med Williams & Reilly (2000) si oppmading om å heller fokusere på andre ferdigheter, fordi desse karakteristikkane varierer mykje som følgje av trening og modning. Dette er haldningane trenarane verkar bevisste på i sine svar, og er noko som vil bli ytterlegare analysert og diskutert vidare i delkapittelet om relativ alderseffekt.

4.2.2 Sosiologiske faktorar

I denne delen vil dei sosiologiske faktorane bli sett på, og i kva grad trenarane ser på desse. Dei sosiologiske faktorane tar som nemnd føre seg tinga rundt utøvaren, som til dømes foreldre, sosial og kulturell bakgrunn, klubb, trenar, treningsmengd og liknande, og det er anbefalt å vurdere også desse faktorane når ein skal identifisere talent (Williams & Reilly, 2000). I intervjuet er det ingen som tek opp sosiologiske faktorar uoppfordra når dei vurderer kva som kjenneteiknar eit talent og kva dei ser etter, men nokon nemner det indirekte i ulike samanhengar i intervjuet. Dette kjem gjerne fram når dei snakkar om til dømes interesse, motivasjon og indre drive, og då i samanheng med eigentrening og leik med ball, noko som kan gå innanfor den sosiologiske faktoren treningsmengd (Reeves, McRobert, et al., 2018; Williams & Reilly, 2000). Utdraga nedanfor viser dømer på dette:

(...) vi prøvar å ha det gøy på trening og ikkje ha for mykje aktivitet, sånn at dei ikkje går lei eller ikkje kan trene 100%. I tillegg til at det å ikkje ha for mange økter vil legge til rette for eigentrening og eigenaktivitet, som vi meiner er ein viktig del av å det å faktisk bli god. (Trenar 1)

Vi har eit par eksempel frå eigen klubb, der vi har to spelarar som du ser er genuint interesserte for å spele fotball. Kvar minste anledning dei har, spelar dei fotball, og det er eit utgangspunkt for noko som kan virke for seinare år sant, dei byggjer eit vanvittig godt grunnlag. (Trenar 2)

Trenarane seier ikkje eksplisitt her sjølve treningsmengda og delen eigentrening spelarane legg ned er eit kriterium dei ser på i TID eller seleksjonsprosessane, men dei understrekar betydninga av det for å bli ein god fotballspelar. Det at til dømes trenar 2 trekk fram fotballinteressa hos spelaren som ein av tinga han ser mest etter, viser samstundes at treningsmengd og eigentrening indirekte blir eit kriterium for TID. I tillegg er det som oftast slik at dei som utviser størst ferdighetsnivå i den alderen, også er dei som har brukt mest tid på fotball både organisert og uorganisert, og då er det naturleg nok større sjanse for å bli identifisert og selektert. Ser ein på dei som blir profesjonelle, er det ein tydeleg korrelasjon her mellom tid brukt på fotballrelatert øving og nivå (Hornig et al., 2016; Sæther, 2017), og dei som når det øvste nivået ser også ut til å bruke meir tid på uorganisert trening enn dei som ikkje når profesjonelt nivå (Hornig et al., 2016).

I intervjuet blir informantane spurd direkte om korleis dei stiller seg til sosiologiske faktorar i talentidentifiseringa, der eg eksemplifiserer spørsmåla med foreldre, miljø dei er i på fritida, for å gje dei ein tanke om kva eg er ute etter. Svara på dette varierte noko, men dei

fleste sa at dette ikkje var noko dei såg på i særleg grad i forbindelse med TID og seleksjon. Eit unntak på dette såg ein frå trenar 1, som kunne vise til eit konkret eksempel der foreldra vart ein avgjerande faktor mellom to spelarar i seleksjonsprosessen:

I tillegg til den fotballbiten, er det litt med den kulturbitten, og kall det haldninga då, som kan vere med å vippe det den eine eller andre vegen dersom måtte velje mellom to spelarar. (...) Foreldre er også ein del av det (...) vi hadde ein spelar som ikkje... som kanskje var på same nivå som han vi henta no, men der er det ein far som er spesiell, som kanskje ikkje passa inn i vår... korleis vi ser på korleis foreldre bør vere. (Trenar 1)

I tillegg til dette utdraget, gav eit par av trenarane uttrykk for at dei kunne sjå på foreldra med tanke på forventa fysisk vekst, dersom det til dømes var snakk om ein keeper eller midtstoppar der høgde vil vere ein fordel. Dette var rett nok ganske uviktig i forbindelse med TID og seleksjon, men det viser likevel at nokre av trenarane vurderer sosiologiske faktorar til ein viss grad, noko som såleis er meir enn kva tidlegare studiar på området har vist. Samstundes var dei fleste av trenarane mest opptatt av sosiologiske faktorar i forbindelse med talentutvikling og generell kjennskap til spelaren, og ikkje TID, noko utdraga nedanfor viser:

Nei, vi tar nok ikkje omsyn til det, men vi tar ut spelarar som...det er vanskeleg å starte i den enden viss man skal ut spelarar, viss det er det du spør meg om. Men vi prøver å vite så mykje vi kan om spelarane sin bakgrunn, og sosiale faktorar då. (Trenar 5)

Vi tenkjer på ein måte heilskapen sånn sett, så vi ekskluderer ikkje det perspektivet der, men vi prøvar meir å hjelpe spelaren på ein måte. Så det kan vere alt frå positive til negative faktorar, alt påverkar spelaren. (...) Det kjem jo an på dei andre aspekta igjen, eller dei andre faktorane. Er han god i fotball, men han er i feil miljø, okei, då må vi prøve å hjelpe han til å kunne få fram det beste på fotballbana, fordi det er vår jobb. (...) (Trenar 6)

Utdraget frå trenar 6 viser litt korleis han og klubben ynskjer å vere støttande og behjelpeleg ovanfor spelaren dersom det skulle vere faktorar utanfor fotballen som påverkar i negativt retning. Dette er ting også dei andre trenarane trakk fram, noko som viser at dei i måte er bevisste på sin rolle som ein sosiologisk faktor for utøvaren, og med gode interaksjonar mellom trenar og utøvar, kan dette vere gunstig sett i eit utviklingsperspektiv (Reeves, McRobert, et al., 2018).

Trenar 6 nemnde også klubbmiljø som ein viktig faktor rundt dette, der han påpeika at deira klubb kanskje ikkje var den rette for alle spelarar, sjølv om dei har gode ressursar i form av kompetanse, fasilitetar og oppfølgingsmoglegheiter. Han såg på klubbskifte som noko som kunne vere aktuelt i tilfella der spelarane deira stagnerte, mistrivast eller liknande. Også trenar

2 trakk fram liknande tankar frå krinsens ståstad, der han poengterte at spelalarar kunne stagnere fordi dei var i klubbar med dårlige utviklingsvilkår:

Eg brukar ikkje det (sosiologiske faktorar) som eit middel i sjølve utveljelsesprosessen, det gjer ikkje eg. Men eg er heilt overtydd, og eg veit også at, viss man tar for seg reint miljøet då, ein ting er det man har heime og sånn, om man tenker klubbmiljøet, eller miljøet rundt deg og den biten der, så veit vi at i alle fall i vårt fylke at det har ein vanvittig innverknad. Altså kvar du faktisk høyrer til. (...) Vi har spelalarar som har vore frykteleg gode som 13, men som fell vekk etter kvart når dei blir eldre, fordi at klubben dei er i ikkje er gode nok til å leggje til rette for den spelarens utvikling. (...) Klubbmiljø er til sjuande og sist det som er så ufattelig viktig. At du er i eit miljø der du har gode vilkår gjennom heile veka. Og krinsen har dei kanskje éin gong i månaden, her i fylket. (Trenar 2)

Dette utdraget viser ein krinsspesifikk problemstilling, der krinsen potensielt kan bruke klubben spelaren er i, som ein medverkande faktor i TID og seleksjon. Men trenar 2 og dei to andre krinstrenarane i denne studien, understreka at det først og fremst var det som føregjekk på fotballbana som var av betydning. Dette kan seiast å vere ein riktig og rettferdig praksis, sidan bakgrunnen til ein spelar og kvar han høyrer til, strengt tatt ikkje burde ha noko å seie for hans moglegheiter til å kome med på eit lag, så lenge det han gjer på bana er bra. Men ser ein meir kynisk på det, kan det likevel vere aktuelt å selektere spelalarar basert på klubben dei er i, fordi dette også er ein faktor som har betydning for prestasjon og utvikling (Reeves, McRobert, et al., 2018), og noko ein bør ta høgde for med ein holistisk tilnærming til TID. Dette vil rett nok vere meir relevant i tilfelle der det ikkje lar seg gjere å finne andre løysingar for spelarane som eventuelt er i klubbar med dårlige utviklingsvilkår.

Tankane frå trenar 2 og 6 er elles ikkje noko som går igjen i særleg grad blant dei andre trenarane i denne studien, noko som sannsynlegvis kan forklarast av at fokuset i intervjuva var meir retta mot identifiseringsprosessane, og ikkje fullt så mykje utvikling. Samstundes er det relevante poeng dei kjem med, all den tid laga og trenarane også er sentrale sosiologiske faktorar som påverkar spelarane. Tankane som kjem fram her er også noko ein ser igjen på eit par av dei andre studiane på trenarkriterium for talentidentifisering (Mills et al., 2012; Sæther, 2014), der andre trenrarar poengterte viktige omgjevnadane har for utviklinga til spelarane.

4.3 Betydninga av mentalitet

Ein av underproblemstillingane i denne oppgåva hadde som føremål å ta for seg betydninga dei mentale faktorane i nærmare betrakting, ettersom dei mentale faktorane har blitt høgt

vektlagt i både kvalitative og kvantitative studiar knytt til TID i fotball (Christensen, 2009; Jokuschies et al., 2017; Lund & Söderström, 2017; Mills et al., 2012; Sæther, 2014). Dette kan forklarast av at trenarar ser desse ferdighetene eller faktorane som statiske trekk, som er vanskelege eller umoglege å endre (Lund & Söderström, 2017; Sarmento et al., 2018; Sæther, 2014), noko som ikkje reflekterer ein holistisk tilnærming til TID. Å sjå om trenarane i denne studien hadde liknande syn som kva tidlegare studiar har vist, var difor av interesse.

4.3.1 Trenarane sine syn på viktigheita av mentalitet

Tilbake til eit av dei innleiande spørsmåla om kva eigenskapar som kjenneteiknar eit talent, såg ein som nemnd at to av trenarane eigenskapar som går på det mentale som det viktigaste. Seinare i intervjuet, i delen som spesifikt tok føre seg det mentale aspektet, understreka fleire av trenarane den store viktigheita av mentale eigenskapar for å lukkast, medan enkelte ikkje vekta det fullt så mykje. Likevel var alle generelt samde i at mentale faktorar er viktig å ha med i ei heilskapsvurdering. Utdraga nedanfor viser nokon av meiningane rundt dette:

Det er utruleg viktig. Du blir ikkje noko toppspelar eller god viss du berre møter opp på lagstrenings, og så er du litt påskrudd her og der. Du må ha ein tilstedeverelse... og pågangsmot til å ville trene mykje, og det ligg i det mentale tenkjer eg. Og så er det bra viss ein får litt motgang og taklar det. (Trenar 4)

Ganske viktig. Evna til å forstå kva motgang er, og liksom handtere det som ein del av prestasjon syns eg er veldig viktig. Men alt er på ein måte viktig, og kor viktig akkurat det er, er vanskeleg å gradere. (Trenar 5)

Utifrå alle dei folka eller menneska eg jobbar med, så er det tydeleg at dei som blir gode, har noko ekstra i form av motivasjon. Dei trenar meir, trenar betre, dei er meir interesserte rett og slett, i alt som omhandlar fotball, er i alle fall min erfaring rundt det. (...) og for å lukkast er det ofte den indre motivasjonen som bikkar det litt i... sånn at det går at dei lukkast, er feelingen min då. (Trenar 6)

Med tanke på kva eigenskapar spesifikt som var viktig, gjekk ting som interesse, motivasjon, evne til å takle motgang/resiliens og tilpasningsdyktigheit igjen blant trenarane i denne studien. Dette er eigenskapar som også går igjen i tidlegare studiar på området (Bergkamp et al., 2021; Larkin & O'Connor, 2017; Mills et al., 2012; Sæther, 2014). Dette er også nokre av dei mentale, personlegdomsrelaterte karakteristikkane som har kjenneteikna dei mest suksessfulle utøvarane på seniornivå (Holt & Dunn, 2004; Toering et al., 2009; Van Yperen, 2009; Zuber et al., 2015). Faktorar som vinnarvilje og haldningar er noko som går igjen i andre studiar, men berre eit mindretal av trenarane i denne studien refererte til dette.

Samstundes vart ikkje trenarane i denne studien oppfordra til å ramse opp alle dei mentale eigenskapane dei meinte var av betydning, men mentalitet vart sett på meir som ein heilskap her.

Trenarane frå både klubb og krins hadde stort sett like synspunkt på betydninga av mentalitet, men trenarane på krins påpeika at dei hadde avgrensa tid til å sjå og vurdere spelarane, noko som førte til at det vart vanskeleg å få eit godt inntrykk av dei mentale eigenskapane og trekka ved spelarane. Til dømes evna til å takle motgang, motivasjon og indre drive ville vere svært vanskeleg å vurdere presist over eit kort tidsrom, noko utdraget nedanfor speglar att:

I dei gruppene eg jobbar i, så er det (mentalitet) noko vi reknar inn, men det er liksom, korleis måler man mentalitet sant. Du har spelarar som kommuniserer mykje, som ikkje kommuniserer så mykje, og det er vanskeleg å måle i kva grad dei har gode mentale eigenskapar eller ikkje. Det er enklare å sjå korleis ballferdigheitene deira er for eksempel. Og så kjenner ikkje vi spelarane godt nok eigentleg, til å kunne seie for mykje om det. (Trenar 5)

Utdraget tyder på at denne trenaren ser på andre ferdigheter enn dei mentale på krinsnivå, sjølv om han ikkje nødvendigvis meiner at desse er mindre viktige enn til dømes ballferdigheiter. Dette kjem følgjeleg av at mentalitet er noko han ser på som vanskeleg å måle, spesielt fordi dei ikkje kjenner spelarane godt nok. Trenar 4 trekk fram ein liknande problematikk kring kjennskap til spelaren, men frå eit perspektiv der det ikkje er han som tek vala om seleksjon:

Eg hadde ein diskusjon her ein dag, om ein spelar som er aktuell for landslag, og det er jo ein spelar som er veldig stille og roleg (...). Og den spelaren viser seg at han ikkje er ein leiartype akkurat no, men han er jo veldig treningsvillig, og god, ikkje minst, mentaliteten til å trenere jo der, men det sosiale aspektet er ein del av mentaliteten det også, det er ikkje heilt der, at han er veldig sjenerert og sånn då. Så eg syns jo heller ikkje at det skal hindre den personen her i nå drøymane sine, for han vil jo vekse gjennom erfaring og modnast og bli meir sjølvsikker, (...), men eg veit at denne spelaren kan bli vald vakk fordi han tar for liten plass. (...) Det er ein spelar som er tett på meg då, men det er klart, det er ikkje eg som sit med eit sånt val her, det er dei andre som sit på utsida. (Trenar 4)

Bekymringa for at landslaget ikkje skal sjå dei gode mentale sidene hos denne utøvaren er tydeleg, og dette reflekterer korleis ulike instansar potensielt kan identifisere og selektere talent på forskjellige grunnlag. Den same utfordringa med å «sjå» mentaliteten til spelaren kan rett nok for ein klubb vere like gjeldande i tilfella der dei hentar inn nye spelarar frå andre lag, som dei naturleg nok ikkje har like god kjennskap til som sine eigne spelarar. Sjølv om

identifiseringsprosessane ikkje er ideelle for å kartlegge alle dei mentale eigenskapane og trekka ved ein spelar, kan likevel dei same prosessane avdekke enkelte mentale ferdigheter som trenarane ser på som viktig. Dette gjeld til dømes tilpasningsdyktigkeit og evna til å handtere nye ting. Til dømes vil ein uttakstreningspå sone eller krins vere ein uvand situasjon for spelarane, der dei møter nye og framande element i form av til dømes medspelarar og trenarar. Dette er også noko ein av trenarane poengterer:

Det er klart du kan sjå nokon ting i eigen klubb for eksempel, du kan sjå noko på sone- og krinslagsuttak i fylket. Korleis dei responderer på ting sant, og allereie der får vi avdekka nokon som berre ikkje, kanskje ikkje har den mentaliteten som skal til.
(Trenar 2)

4.3.2 Ser trenarane på mentale eigenskapar som noko trenbart?

Måten trenar 4 og 6 understrekar betydninga av mentale eigenskapar frå det førre underkapittelet, kan danne eit inntrykk av at dei ser på mentale eigenskapar som alfa og omega for å lukkast, og det kan såleis føye seg til tidlegare studiar som har liknande funn (Christensen, 2009; Jokuschies et al., 2017; Lund & Söderström, 2017). På spørsmåla om dei ser på desse eigenskapane og trekka som noko man kunne endre eller trene, dannar det seg likevel eit meir nyansert bilet av trenarane sine syn på betydninga av mentalitet. Dette viser seg ved at fleire av trenarane såg på mentale eigenskapar som noko ein kunne trenne opp, på lik linje med til dømes fysiologiske og tekniske eigenskapar. Samstundes var enkelte litt i tvil til om alle mentale eigenskapar er trenbare. Utdraga nedanfor viser eit par av desse syna:

Eg tenkjer at det mentale er noko du kan utvikle tidleg. Det er verre å lære spelarar teknikk og taktikk, enn å få på plass det mentale då, som dei kallar det, eller det psykologiske. (...) indre drive, lyst og motivasjon, det er nok noko som må kome innanfrå deg sjølv, det må du sjølv finne ut og av og knekke den koden, og jo før du knekker den koden, jo betre. (Trenar 3)

Ja det trur eg sjølvsagt. Vi påverkar jo dei menneska vi jobbar saman med, og dei spelarane vi har, så det er ikkje nokon tvil om det. Vi prøvar å gje dei sjølvtillet, vi prøvar å gje dei motivasjon til å forsetje å lære, vi prøvar å gje dei oppgåver som dei utfører og gjev meistring (...) (Trenar 6)

Sjølv om svara generelt varierer litt, tenkjer dei fleste at ein kan trenne eller påverke mentale eigenskapar til ein viss grad. Dei peika på at dette kan gjerast gjennom dialog og tilpassing av trening mellom anna. Vidare er trenarane er litt delte i oppfatninga av kva mentale eigenskapar som kan påverkast. Trekk som tilpasningsdyktigkeit og sjølvtillet tenkte dei fleste

at var mogleg å påverke som trenar, medan dei var splitta i tanken om motivasjon og indre driv var trenbart. Uansett skil dette seg noko i frå andre studiar, der mentale faktorar er tillagt større betydning, samt sett på som meir stabile trekk, noko som sannsynlegvis har ein samanheng (Christensen, 2009; Jokuschies et al., 2017; Lund & Söderström, 2017; Sæther, 2014). Dette teiknar eit endå tydelegare bilet om at trenarane i denne studien har ein holistisk tilnærming til TID, slik litteraturen har anbefalt (Sarmento et al., 2018; Williams & Reilly, 2000). Samstundes er det som nemnd nokre avgrensande faktorar i sjølve TID-prosessen som gjer at den mentale faktoren blir vanskelegare å vurdere like presist som andre faktorar, noko som såleis viser at det i fleire tilfelle kan vere eit gap mellom teori og praksis i TID og seleksjon.

4.3.3 Bruken av mental trening i treningskvardagen

Det er etablert at trenarane i denne studien meiner at mentale eigenskapar er viktige for å kunne bli ein framtidig storspelar. Det er også etablert at trenarane i denne studien ser på desse eigenskapane som moglege å tren eller påverke i større eller mindre grad, noko som fører ein vidare til neste spørsmål, altså om trenarane på nokon måte nyttar seg av mental trening i treningskvardagen. Alle trenarane sa at dei gjorde dette, men det varierte i kva grad dei gjorde dette bevisst og systematisk, noko utdraga nedanfor viser:

Det er jo sågne ting vi jobbar bevisst med, som ein viktig del av pakken. Vi jobbar mykje med det vi kallar tenking hos spelarane, og bevisst prøver å sette dei i vanskelege situasjonar på trening. Det kan vere at vi vel å dømme därleg for eksempel, for å teste dei litt korleis dei reagerer(...). (Trenar 1)

Om det ikkje er systematikk i det, så meiner eg at det er liksom mental trening, dei eksponerer jo seg for mental trening implisitt i løpet (...). Vi jobbar ikkje aktivt med mental trening på krinslag, men vi snakkar mykje om det, utan at det blir satt i system. (Trenar 5)

Vi har for eksempel hatt gruppeoppgåver, der vi har jobba med for eksempel leiarskap, korleis kan vi utvikle det meir i gruppa, og korleis kan enkeltindivid ta meir ansvar, og litt sågne ting då. Så det har vi. Så prøver vi jo å jobbe med... utifrå forsking, så har vi kategorisert litt sågne viktige mentale faktorar, som vi også tenker er viktige for å lukkast på det høgaste nivået. Og då har vi jobba med dei, både kvar enkelt gjennom samtalar, og i grupper då, for å påverke dei og gjere dei meir bevisste på dei enkelte ferdighetene der. (Trenar 6)

Trenarane nyttar seg av ulike strategiar med føremål om å utvikle og ivareta mentale eigenskapar. Interaksjonen mellom trenar og utøvar som nokon av trenarane snakkar om her,

byggjer på mange måtar vidare frå det ein såg i underkapittelet om sosiologiske faktorar, der trenarane er bevisste på sin rolle i møte med utøvarane, og korleis dei har ein påverknadskraft i sin rettleiing og oppfølging av spelaren. Og om det ikkje er bevisste tiltak for å forbetre ein mental eigenskap, så vil uansett denne interaksjonen og relasjonen mellom trenar og utøvar, kunne ha ein viktig betydning for ting som spelarens trivsel, sjølvtillet og motivasjon (Reeves, McRobert, et al., 2018), som igjen kan kulminere med betre prestasjoner og større utvikling på bana. Vidare ser ein at gruppeoppgåver og fotballspesifikke øvingar er nemnd med eit implisitt, men bevisst mål om å teste og styrke spelarane sine evner til å til dømes takle motgang og handtere vanskelege eller urettferdige situasjonar.

Nokre av trenarane snakka i intervjuet om å skape miljø som legg til rette for at spelarane skal kunne oppleve trivsel, glede og meistring, som ein faktor i det å påverke motivasjonen til ein spelar, noko ein kan sjå frå utdrag nedanfor:

Det er klart at du er nøydd til å ha med deg ein eller anna eigenskap som gjer at du er tilpasningsdyktig (...). Du ser det først og fremst på at det... er litt skummelt å skulle spele mot landets beste 14-åringar, og då er det litt for mange, syns eg då, som kjenner etter på om dei har vondt ein plass. Og så er det då eit spørsmål om vi kanskje ikkje har vore flinke nok til å leggje til rette for at dette her skal vere eit trygt miljø, eller er det berre spelaren sjølv som rett og slett ikkje beherskar dette per no. Og det er vanskeleg å vurdere. (Trenar 2)

Hm, der har eg nok ikkje noko godt svar altså. Eg trur det kanskje er vanskeleg (å trenere mentalitet), men samstundes, viss vi er gode på å leggje til rette for god og gøy aktivitet, trur eg det kan påverke motivasjonen i riktig retning. (Trenar 1)

Med utgangspunkt i forskjellige motivasjonsteoriar som AGT og SDT, er tilpassing av miljøet og treninga noko som kan vere gunstig psykososialt, ettersom forsking har vist at meistringsorienterte klima ser ut til å påverke resiliens, eiga oppfatning av kompetanse og trivsel i positiv retning (Sarrazin et al., 2002; Vitali et al., 2015). Dette er moment som følgjeleg påverkar motivasjonen i positiv retning også. Trygge miljø som fokuserer på meistring og trivsel er synt til å vere bra for å stimulere til vidare aktivitet og motivasjon, og kan også internalisere motivasjonen for ein aktivitet (Roberts & Treasure, 2012). Sett frå motivasjonsteoriar som SDT og AGT, kan ein altså seie at trenar 1 er inne på korleis ein indirekte kan motivere spelarane sine utan å ty til spesifikk mental trening, men derimot med tilrettelegging av og treninga og omgjevnadane rundt.

Det å skape meistringsorienterte miljø i satsingsgrupper som trenarane i denne studien representerer, kan likevel vere utfordrande, ettersom det her går føre seg ein kontinuerleg

prosess av seleksjon og de-seleksjon av spelarar. Dette fostrar ein form for prestasjonsorientering og prestasjonsklima, fordi det blir ein konkurranse om plassane på laget og følgjeleg eit press om å prestere. Dette treng ikkje nødvendigvis å vere negativt for dei spelarane som opplev eiga kompetanse som høg og presterer godt, men for spelarane som oppfattar eiga kompetanse som låg av ein eller grunn, kan dette føre til at dei tar i bruk negative strategiar som å vike unna, redusere innsats eller søke lette utfordringar (Roberts & Treasure, 2012). Slike prestasjonsklima er også vist til å korrelere med utbrentheit blant unge utøvarar i idrett generelt (Sarrazin et al., 2002; Vitali et al., 2015).

Desse seleksjonsprosessane kan altså motverke ynskja til nokon av trenarane om å prøve å få spelarane til å bli meir indre motiverte, og det kan også gjere at spelarar som kanskje i utgangspunktet er indre motiverte for å spele fotball, mistar denne driven, dersom forholda til dømes ikkje er lagt godt til rette for å ha det kjekt med fotballen (Roberts & Treasure, 2012). Samstundes er ikkje toppidrett – eller vegen mot toppidrett, berre leik og moro, det vil vere tøffe tak også. Både for spelarane som vil oppleve motgang, stagnasjon og medgang på ulike måtar, men også for trenarane, som ofte må ta dei vanskelege vala om å velje kven dei vil ha med og ikkje. Det er heller ikkje gitt at utviklingsmiljø med fokus på meistring og trivsel framfor prestasjon, er det som skal til for å utvikle framtidas toppspelarar. Samstundes kan meistringsklima syte for å behalde fleire i idretten, noko som på lang sikt kan skape toppspelarar i form av «late bloomers». Dette er igjen eit tema der ein kan trekke inn spørsmålet om ein skal ha tidleg eller sein spesialisering, som følgjeleg har innverknad på kor tid prosessane med å identifisere og selektere spelarar startar.

Idrettspsykologi er eit område får stadig meir merksemd i både identifisering og utvikling av unge talent i fotball (Musculus & Lobinger, 2018). Eit spørsmål som dukkar opp i forbindelse med dette, og som éin av trenarane trakk fram, er om kompetansenivået til å forstå og ta i bruk mental trening er godt nok:

Har vi nokon metodar eller mekanismar som gjer at den spelaren får roa seg, eller har han nokon knaggar, som gjer at no kjem han inn i ein ukjend situasjon, okei, då tenkjer han på desse tinga her, og så er han på ein måte til stades igjen. Det veit eg finst, men eg er ikkje noko flink til det, og eg har ikkje brukt det noko særleg sjølv (...).
(Trenar 2)

Trenar 2 nemnar tidlegare i intervjuet at han i likskap med fleire av dei andre trenarane, forsøker å hjelpe spelarane med å takle problem og utfordringar dei har, gjennom samtalar individuelt. Dette utdraget tek derimot for seg noko som er meir omfattande enn berre ein

samtale om til dømes «korleis går det?». Han snakkar om faktiske metodar, teknikkar som ein kan lære spelaren, slik at han har ein prosess å gå gjennom når han møter nye, ukjende situasjonar. Trenaren peikar på at grunnen til at han kan lite om dette, er at det er eit nytt felt som få personar har jobba med, i alle fall utanfor NFF, NIH og liknande organisasjonar. I tillegg peikar han på at dette er noko som kanskje får for lite fokus i forhold til dei andre, litt meir fotballretta eigenskapane:

Fotballmessig er det mange ting spelarane skal kunne om ein ser på landslagsskule-modellen. Altså vår 13-åring skal kunne desse tinga her med ball og utan ball, han skal lære seg desse tinga her. Men eg har endå ikkje sett at 13-åringane skal lære seg desse mentale mekanismane (...) og det er noko eg håpar det kjem meir av og blir satt meir fokus på, kanskje også i ein eller anna form for trenarutdanning og så vidare. For eg har vore på veldig lite sånn som omhandlar den reine psykologien eller det mentale. Det har ikkje blitt tatt opp på nokon av dei trenarkursa eg har tatt før eksempel. Og så kan ein jo stille seg spørsmålet om kvifor. (Trenar 2)

Det denne trenaren er inne på her er eit viktig område å ta stilling til. For som ein ser av tidlegare forsking, er mentalitet sett på som særskilt viktig for dei unge talenta for om dei skal kunne bli profesjonelle (Bergkamp et al., 2021; Christensen, 2009; Jokuschies et al., 2017; Larkin & O'Connor, 2017; Lund & Söderström, 2017; Sæther, 2014). Forsking viser også at mange av desse mentale eigenskapane i stor grad kan trenast og endrast (Miçoogullari & Ekmekçi, 2017; Williams & Reilly, 2000) og sett frå eit økologisk perspektiv, er det heller ingen grunn til å sjå på dei som stabile trekk, (Sarmento et al., 2018). Dette er som sagt ein oppfatning dei fleste trenarane i denne studien har, men for å kunne drive utvikling på området, bør ein også ha noko kompetanse på området. Med bakgrunn i det trenar 2 fortel om manglande fokus på psykologien i trenarkursa, teiknar dette eit bilete om at kompetansen til fotballtrenarar generelt, er noko snever på dette området. Og utan tilstrekkeleg kompetanse er det klart at ferdigheitsutviklinga på dette området vil vere utfordrande, sjølv om trenarane er bevisste på det. Men dette er eit område framtidig forsking bør sjå nærmare på, både med tanke på kompetansen trenrarar har om idrettspsykologi, og korleis dei eventuelt kan bruke ulike formar for mental trening i treningskvardagen. Dette vil vere særskilt relevant for talentutvikling, så vel som identifisering og seleksjon.

4.4 Relativ alderseffekt

Den neste delen vil primært ta føre seg korleis trenarane stiller seg til den relative alderseffekten, kva dei veit om den, og om dei har nokon strategiar eller tiltak for å motverke

effekten. Frå delen om antropometriske og fysiologiske faktorar, veit ein at trenarane ser på antropometriske forhold i lita til ingen grad, og fysiologiske faktorar til ein viss grad, men mykje mindre enn andre faktorar som dei tekniske, taktiske og mentale. Nokon trakk fram RAE uoppfordra i spørsmåla knytt til identifisering og kriterium, medan alle trenarane bekrefta at dei var klare over omgrepene, og over kva det betyr. Spørsmåla om fordeler og ulemper for tidleg og seint utvikla, bekrefta ytterlegare kjennskapen informantane har rundt både omgrepene og dei konsekvensane det kan ha av at ein er seint eller tidleg utvikla i alderen 13-16. Dette kan ein sjå døme på frå trenar 5:

Fordelen er at du er veldig effektiv dersom du er godt fysisk forspent. Ulempa med det er at ein då gjerne tileignar seg ein del uvanar, som dei må avlære seg når ting jamnar seg meir ut. På same måte viss ein er veldig svak fysisk, så kan ein tilegne seg ein del vanar... der du unnlatar å gjere val og utføre handlingar som du kanskje kan gjere seinare, og føle at du ikkje lukkast med ting då. (Trenar 5)

Fleire av dei same aspekta gjekk igjen hos dei andre trenarane. Andre ting som vart nemnd her, var fordelane med ekstra oppfølging for dei som er tidleg utvikla og blir selekterte, og på den andre sida ulemper med mindre oppfølging av dei seint utvikla. Kompensering for manglande fysikk var nemnd som ein fordel på sikt for dei seint utvikla, og som ei ulempa for dei tidleg utvikla som kanskje ikkje dyrkar andre ferdigheiter i like stor grad på grunn av sine fordelar. Desse momenta er også trekt fram i tidlegare forsking når ein snakkar om effektane og konsekvensane av relativ alderseffekt (Cripps et al., 2016a; Martindale et al., 2005; Ramos-Filho & Ferreira, 2020; Williams et al., 2020).

4.4.1 Tiltak mot relativ alderseffekt

Då kjennskapen til informantane om RAE var kartlagt, var neste steget å undersøke om dei hadde faktiske tiltak mot å motverke effekten på nokon måte. Informantane hadde ikkje ein klar oversikt over kor tid på året spelarane på laga deira var fødde, men to av seks gav uttrykk for at fleire var fødde tidleg på året, derav ein frå krinslag og ein frå klubblag. Berre ein av dei seks trenarane hadde ein klar og bevisst strategi for å motverke effekten, noko ein ser frå utdraget nedanfor:

Regionen får beskjed om at vi må kvotere inn tredje og fjerde kvartal i uttaka. Ikkje på krins rett nok, men på sonesamlingar gjer vi dette. (...) tidlegare kunne klubbane nominere kven dei ville, og då var det veldig vanskeleg for oss å nå kvotemålet vårt, fordi det vart nominert veldig mange frå første og andre kvartal, men no får også

klubbane beskjed om at det skal nominerast fleire frå tredje og fjerde kvartal. Så det er dei grepa vi har mot den relative alderseffekten. (Trenar 5)

Sjølv om krinslaget ikkje direkte kvoterer inn spelarane sine, kan ein anta at dei får ein litt meir balansert fordeling av alder/fødselsdato på spelarane sine også, sidan spelarbanken deira frå sonelaga vil ha fleire spelarar fødd seinare på året enn kva tilfelle ville vore utan kvoteringstiltaket. Elles er det viktig å påpeike at dette tiltaket berre omfattar fødselsdato, og ikkje fysisk og biologisk modning. Dette kan bety at utøvarane som er fødd seint på året, og som kjem med på sonelag og krinslag, er relativt tidleg fysisk utvikla, noko som vil bety at RAE framleis er gjeldande. Dette er også noko som er vist i ein tidlegare studie (Carling et al., 2009).

Éin anna trenar nemnde at dei av og til differensierte etter nivå for å få jamnare matching, noko som kan vere gunstig for å jamne ut skilnadane mellom individua. Resten av deltakarane hadde ingen klar strategi for å motverke RAE, og var ikkje systematiske på det, men alle gjev uttrykk for at dei ser på anten fødselsdato eller biologisk modning, eller begge deler. Dette fakturerer dei gjerne inn i ein vurdering av nivået og potensialet til spelaren, og dei kan bruke det ein som forklaring på kvifor ein spelar heng etter, eller på kor mykje ein spelar har å gå på. Eit døme på korleis dette blir brukt i TID og seleksjon ser ein av utdraget nedanfor:

Eg ser i alle fall etter ferdighetane, og eg har jo prioritert små tekniske spelarar, framfor sterkare, fysiske spelarar tidlegare (...) eg hadde ein situasjon der eg ikkje tok ut ein spelar i ein trupp, som skåra mange mål (...) og eg valde han vekk sjølv om han var fysisk langt framme. Så eg ser på det utan at eg ser på det viss du skjønar. Eg har ikkje noko data på det og sånt. (...) Eg trur vi som trenrarar må ha fokus på at det individuelle med ballen må vektleggast, uansett kor stor og sterk du er. (Trenar 4)

Dette utdraget speglar forøvrig att nokre av tankane som kom fram i underkapittelet om antropometriske og fysiologiske faktorar, om at trenarane i denne studien i liten grad ser på desse faktorane, og at dei dermed vektlegg ferdigheiter med ball, taktiske ferdigheiter og mentale i større grad. Dei ser altså på det, men ikkje på ein systematisk og bevisst måte.

Trenarane er elles bevisste på å bruke kunnskapen rundt utvikling og vekst i interaksjonen med spelarane som er på laga deira. Dei er tydelege på at dei ynskjer å bevisstgjere spelarane på desse antropometriske og fysiologiske skilnadane, og bruke dette til å forklare korleis ting heng saman. Føremålet med dette er at dei tenkjer det kan hjelpe dei med å handtere motgangen eller medgangen dei opplever i forbindelse med å vere seint eller tidleg fysisk utvikla. Utdraget nedanfor viser dette:

Sånn som på det G16-laget som eg er trenar for, så er det jo spelarar som er fødd seinst på året, som er fysisk veldig tidleg utvikla, men det er også spelarar som er fødd tidleg på året, men som er mindre fysisk utvikla. Så det er litt sånn, vi prøvar å sjå på individet. For oss handlar det mykje meir om man har potensial til å kunne handtere nivåa som kjem med fysikk. Viss han er liten av fysisk vekst då for eksempel, så er vi opptatt av kva han kan gjere for å vere konkurransedyktig. Det er å jobbe med teknikken, å vere god på det, å vere i forkant i situasjonar, det er å jobbe med det mentale og takle den situasjonen. Og vi prøver å bevisstgjere spelarane på det også. (Trenar 6)

4.4.2 Trur trenarane at dei går glipp av talent til RAE?

RAE påverkar som mange studiar har vist, kven som blir selekterte til talentlag og ikkje. Tek ein utgangspunkt i kor tid på året befolkninga er fødd, viser denne ein jamn distribusjon over heile året, noko som tilseier at talentfordelinga også burde vere jamt distribuert. Dette viser seg til dels igjen på profesjonelt seniornivå, der skilnaden på utvalet av utøvarar fødd første og andre halvår er til stades, men ganske liten (Doyle & Bottomley, 2018; Helsen et al., 1998) og mindre enn kva den er på aldersbestemte nivå (Campos et al., 2017; Helsen et al., 2005; Kelly et al., 2020). Sidan skilnaden er ganske stor på aldersbestemt nivå, tyder dette på at ein ikkje klarer å fange opp alle talenta. Spørsmåla og svara som gjekk på om trenarane trur dei går glipp av talent fordi dei er seinst utvikla fysisk, speglar likevel ikkje att dette fullt og heilt. Nokre meinte at dei heilt sikkert gjekk glipp av talent, medan andre tenkte at dette ikkje var tilfelle. Utdraga nedanfor viser desse motsetningane:

Ja det trur eg, heilt klart. Eg trur spelarane kanskje også ikkje når sitt maksnivå fordi dei gjev opp kanskje litt tidleg. Og så ser at vi også kanskje kan vere litt utolmodig på å ikkje gje dei den tida dei treng for å vakse seg ferdig då, som dei kalla det. (Trenar 3)

Nei, det vil overraske meg litt. Eg tippar at i elitegrupper så går dei glipp av ein del spelarar fordi dei plukker så tidleg, og kanskje på feil kriterium, som at dei skal vinne ting når dei er 13-14. Så dei går nok glipp av spelarar, men eg er heilt sikker på at ein spelar som er liten av vekst og har stort potensiale, vil vere i nærleiken av å nå potensialet sitt uansett. (Trenar 5)

På den eine enden har man tanken om at talentfulle spelarar med stort potensial, får realisert sitt potensial uavhengig av kor tid den fysiske utviklinga skjer, og på den andre enden har ein tanken om at desse spelarane fell frå fordi dei kanskje gjev opp tidleg i møte motgang. Ein av trenarane la seg også på ein slags middelveg mellom desse to oppfatningane, som ein kan sjå frå utdraget nedanfor:

Nei, eg trur ikkje det, eg trur på ein måte at vi klarer å plukke dei opp dei som kan bli dei beste, eller er dei beste, dei får vi nok tak i trur eg. Og så kan man stille seg spørsmålet om man kanskje mister breidda. Hadde man fått opp fleire gode på eit ok norsk nivå.... Kanskje, men dei beste trur eg vi får. (Trenar 2)

Med bakgrunn i forskinga på RAE og kven som når eit profesjonelt nivå, går det ikkje an å konkludere med at nokon av desse trenarane har heilt rett eller heilt feil. At RAE er mindre synleg på seniornivå, viser at mange som er fødd seint på året, blir profesjonelle sjølv om dei ikkje nødvendigvis vart selekterte på aldersbestemte nivå, noko som støttar opp om svaret til trenar 5. Det at likevel er ein viss skilnad, viser samstundes at ein har mista nokre spelarar fødd seint på året på vegen, og svara til trenar 3 og 2 er såleis ikkje heilt feil dei heller.

Med tanke på å få fram einarar i fotball, kan RAE til og med vere positivt. Forsking har til dømes vist at akademispelarar fødd i siste kvartal har fire gongar så høg sjanse til å nå proffstatus i seniorfotball, enn dei som er fødd i første kvartal (Kelly et al., 2020). I tillegg kompenserer ofte seint utvikla utøvarar med gode ferdigheter på andre områder, noko som på sikt kan resultere i betre sportsprestasjoner (Ramos-Filho & Ferreira, 2020; Williams et al., 2020). Samstundes er det her naturleg å spørje seg om ein også går glipp nokon av einarar, fordi dei tidleg fysisk utvikla kanskje ikkje får dei utfordringane og den utviklinga dei treng som følge av sine fordelar, noko også fleire trenarar i denne studien var inne på tidlegare. Og med tanke på kor få av dei som er fødde i første halvår som lukkast relativt sett, tilseier dette at det uansett bør vere av interesse for profesjonelle klubbar og utviklingsgrupper å vere bevisste på effekten fysisk og biologisk modning har på prestasjon i dei yngre aldersgruppene, og ikkje utelate dei yngre eller seint modna spelarane i TID og seleksjon (Sarmento et al., 2018).

Andre aspekt å ta omsyn til i tråd med dette, er som trenar 2 var inne på, er om ein går glipp av breidda i større grad, og om ein kunne fått med fleire spelarar på eit høgare nivå om ein var flinkare til å ta høgde for RAE og biologisk modning. RAE er kopla til fråfall, og ein ser at fleire som er fødde andre halvår droppar ut av idretten tidlegare (Helsen et al., 1998). Dette betyr at ein heller ikkje får sett utviklinga og det faktiske potensialet til desse spelarane som fell frå. RAE har i så måte også psykososiale konsekvensar for desse utøvarane som får negative opplevelingar rundt det at dei ikkje er gode nok, og ikkje opplev meistring. Det er kanskje ikkje til å unngå at nokon vil kjenne på dette, uavhengig av aktivitet, alder og nivå, men med tanke på dei urettferdige vilkåra seint utvikla har for å prestere i aldersbestemt fotball, bør ein også i eit psykososialt perspektiv ha nokon tiltak og metodar som motverker dette. Motivasjonsteoriar som AGT og SDT blir igjen relevante på dette området, der seint

utvikla vil ha vanskelegare for å oppleve meistring og kompetanse, dersom dei er prestasjonsorienterte og er i ein klubb med prestasjonsklima trivsel i positiv retning (Roberts & Treasure, 2012; Sarrazin et al., 2002; Vitali et al., 2015). Det å skape tilhøve som syt for at spelarane kan kjenne på meistring, utvikling og kompetanse, kan såleis vere gunstig – ikkje for å motverke RAE direkte, men for å motverke noko av fråfallet blant dei seint utvikla. Men dette er noko som igjen avheng litt av at ein faktisk selekterer fleire spelarar som er fødd seint på året, eller som er seint utvikla til å begynne med.

Slik det kjem fram frå svara til trenarane i denne studien, er alle bevisste på RAE og det å nedprioritere antropometriske og fysiologiske føresetnadar til fordel for andre ferdigheiter i TID og seleksjon, noko som tyder på at dei har ein holistisk tilnærming til TID, slik litteraturen anbefaler (Sarmento et al., 2018; Williams & Reilly, 2000). Også fotballforbundet i Noreg har på sine sider om landslagsskulen (Norges Fotballforbund, 2021) understreka dette med å ta høgde for biologisk modning, noko som viser ein gjennomgåande tankegong både på nasjonalt nivå, krinsnivå og klubbnivå. Spørsmålet å ta med seg vidare, er om denne ekstra bevissttheita og bevisstgjeringa gjev utslag på aldersfordelinga på forskjellige satsande ungdomslag i Noreg i framtida, eller om RAE vil halde fram med å vere eit like viktig kriterium for seleksjon, slik det har vore dei siste åra. Tidlegare har ein studie vist at aktiv bevisstgjering om RAE i seleksjonsprosessen ikkje har eliminert eller redusert RAE (Hill & Sotiriadou, 2016), blant anna på grunn av tidlegare erfaringar, press frå andre om å gjere logiske val, press om prestasjon, og press knytt til jobbsikkerheit. Denne studien er rett nok gjort i eit anna land og til ein anna tid, noko som vil medføre sine skilnadar. Dermed står det att å sjå korleis det utviklar seg her.

4.5 Skilnadar mellom klubb og krins

Føremålet med å intervju tre trenrar frå klubblag og tre trenrarar frå krinslag, var for å sjå om det var nokon skilnadar mellom klubb og krins med tanke på kriteria for identifisering og seleksjon av unge talent. I tillegg var ein liten del av intervjuet via til å få eit innsyn i korleis klubb og krinsen samarbeider, både rundt identifisering og seleksjon, samt utvikling av fotballtalenta. Å undersøkje TID i eit litt breiare perspektiv som dette her, er av interesse fordi både krins og klubbar er nokre av mange faktorar som verkar inn på den totale utviklinga til utøvaren, sett frå eit holistisk og økologisk perspektiv (Henriksen et al., 2010). Viser det seg til dømes at klubben og krinsen har ulike mål og identifiserer og selekterer spelarar på

forskjellige premiss, kan dette vitne om ein overordna talentutvikling som ikkje fungerer optimalt.

Krinslag består av dei spelarane som blir sett på som dei mest talentfulle i krinsen. Dette er som regel ikkje tilfelle i klubbanne, på grunn av til dømes avstand og konkurrerande klubbar innan regionen . Ein spesielt viktig skilnad mellom klubb og krins, er som nemnd kor ofte dei har spelarane hos seg. Kor ofte spelarane er på krinssamlingar vil variere, men det vanlege er gjerne éin helgesamling i månaden, og minst 15-20 samlingsdagar i løpet av året. Det førre året før intervjuet vart gjennomførte, var rett nok prega av koronapandemien, og få til ingen samlingar vart gjennomførte. Uansett er éin samling i månaden veldig avgrensa tid til utvikle spelarane, bli kjend med dei, samt til å vurdere kven som bør satsast på, i alle fall om ein samanliknar med klubbanne, som har spelarane hos seg nærmast kvar dag.

Med tanke på kva eigenskapar trenarane meiner kjenneteiknar talenta, er det ingen tydelege forskjellar mellom krinstrenarane og klubbtrenarane. Alle trenarane gav uttrykk for at dei ser på tekniske, taktiske, mentale, fysiologiske, antropometriske og sosiologiske faktorar i større eller mindre grad. Det verka likevel til å vere nokre skilnadar med tanke på kva eigenskapar og faktorar trenarane såg på i praksis, i identifiserings- og seleksjonsprosessane. Krinstrenarane såg meir på dei fotballspesifikke ferdighetene her, og mindre på dei mentale og sosiologiske faktorane enn klubbtrenarane. Dette vart grunngjeve med at dei ikkje hadde god nok kjennskap til spelarane, til å kunne gje gode og presise vurderingar på desse faktorane. Dette reflekterte såleis ikkje deira personlege mening om kva eigenskapar som eigentleg var viktigast, men det belyser nokre av utfordringane med TID, og det å faktisk ha ein holistisk tilnærming til dette. Denne utfordringa gjeld ikkje berre for krins, sidan klubbar også vil kome i situasjonar der dei til dømes speidar på nye potensielle spelarar og då møter same problemstilling. Men i den kontinuerlege fasa som går på reseleksjon og deseleksjon av spelarar, vil klubbanne og trenarane ha betre kjennskap og lettare for å vurdere heilskapen ved spelarane, medan krinsen har ein større utfordring der.

Ein kan tenkje seg at den mindre kjennskapen til spelarane ville føre til at krinstrenarane også såg meir på dei fysiologiske og antropometriske faktorane enn klubbtrenarane i TID og seleksjonsprosessane, men svara bar ikkje preg av dette på noko vis. Det var snarare dei tekniske og taktiske eigenskapane som vart ekstra vektlagt i så tilfelle, noko utdraget nedanfor viser:

Eg meiner jobben vår er å plukke dei spelarane som har det største potensialet, og så gje spelarane eit utstillingsvindauge der dei har moglegheit til å kome på ungdomslandslag. Så... vi er naturlegvis effektive her og no, men det kan godt hende at vi liksom ikkje plukkar den største og sterkaste spelaren fordi vi ser han er to år større enn dei andre, viss alternativet er å velje ein spelar som er omtrent like effektiv, men som ikkje er komen like langt fysisk. (Trenar 5)

Spørsmålet til dette utdraget dreia seg om kva mål og ynskjer trenarane og laga hadde for seg sjølv. Trenar 5 understreka at dei hadde eit langsiktig perspektiv med utplukkinga av spelarane, der utvikling var i fokus, og ikkje nødvendigvis resultat. Dette var også synspunkt alle dei andre trenarane i både klubb og krins hadde. Ingen vektla resultata i serie og kampar i særleg grad, noko som igjen gjer det meir naturleg å sjå vekk i frå dei antropometriske og fisiologiske faktorane, sidan desse som kjend avheng mykje av vekst og modning, og fortel lite om potensialet til den enkelte. Dette utviklingsfokuset kan ein også sjå døme på i klubb i følgjande utdrag:

(...) vi prøvar å vere bevisste på at målet vårt er å produsere spelarar for A-laget eller ut i Europa, så vi prøvar å sjå litt lenger (...). Vi møter bevisst tøff motstand, og vi melder oss som regel eitt år opp. Og det er jo gøy viss vi då greier å vinne serien, men samstundes så fører det til at vi faktisk tapar fleire kampar enn om ein spelar mot lag frå same årgang. (...) Plasseringa i seg sjølv var ikkje viktig, men samstundes visste ein at viss vi skulle spele i same serie neste å måtte vi bli topp fire då, så igjen gjorde det indirekte at det vart viktig å vinne fordi det er viktig å få ein god kamparena i år. (Trenar 1)

Utviklingsfokuset til trenar 1 sitt lag er tydeleg gjennom at dei meld seg på ein serie som er eitt år opp. Det å vinne serien er ikkje viktig som han seier, men det oppstår samtidig ein utfordring der laget faktisk må vinne ein del kampar for å oppnå ein plassering som gjer at dei ikkje rykk ned eit nivå. Så her kan det oppstå ein vanskeleg balansegong mellom det å fokusere på utviklinga, kontra det å fokusere på vinne kampane. Begge deler går sjølvsagt an å kombinere, men det kan fort oppstå situasjonar der ein må gjer grep som påverkar taktikk og kven som får spele til dømes. Dette vil ikkje nødvendigvis vere i stil med dei langsiktige måla, men taper ein for mange kampar og rykker ned, er heller ikkje matchinga ein får på nivået under nødvendigvis bra for utviklinga.

Det at alle trenarane i både klubb og krins i denne studien er tydelege på at langsiktig utvikling er det som står i fokus hos dei, motbevisa uansett min mistanke om at krinsane kanskje var meir opptatte av resultat og prestasjon enn klubbane. Det at dei har same mål, gjev også positive implikasjonar for den overordna talentutviklinga i landet og regionane, ved at dei identifiserer og selekterer talent på relativt like premiss og dermed trekk i same retning

(Henriksen et al., 2010). Samstundes er det viktig å påpeike at det avgrensa utvalet i denne studien på ingen måte er nok til å skildre ein generell trend, og det er godt mogleg at andre krinsar, klubbar og trenarar har andre praksisar enn kva trenarane i denne studien gjev uttrykk for å ha. I tillegg veit ein også frå den relative alderseffekten at spelalarar fødd tidleg på året dominerer aldersbestemte lag, noko som igjen gjev ein grunn til å mistenke at trenarar og talentspeidarar vektlegg noverande ferdigheiter i større grad enn kva dei gjev uttrykk for å gjere. Ein av trenarane i krins antyda også at klubbane kanskje såg meir på noverande ferdigheiter enn krinsen, noko ein kan sjå frå utdraget nedanfor:

Viss eg skal generalisere på ein kanskje urettferdig måte, så vil eg seie at i klubbane så har man litt lågare forståing for kva spelalarar som kanskje har størst potensiale. Der har dei kanskje ein litt større tendens til å velje spelalarar som er veldig effektive her og no, særleg på grunn av fysiske eigenskapar. (...) Du har rett og slett kanskje trenarar og personar som vel ut spelalarar, og dei har litt lågare kompetanse. Det gjeld ikkje alle, men. (Trenar 5)

Om trenarane og personane som er i klubb har lågare kompetanse enn dei i krins er nok diskutabelt. Det kjem nok an på kva type klubb ein snakkar om, men i utvalet i denne studien er det ikkje nemneverdige skilnadar på kompetansen mellom trenarane på aldersbestemt nivå i klubb, og krins. Difor er det nok heller tvilsamt at klubbane skal ha lågare forståing for kva spelalarar som har størst potensiale, i alle fall om ein tar for seg dei meir proffe klubbane med satsingslag på aldersbestemte nivå, slik som i denne studien. Går ein lengre ned i nivå, til amatørklubbar utan dei store ressursane, er det rimeleg å anta at kompetansenivået blir lågare, men samstundes har gjerne amatørklubbar ikkje som mål å tilby eit satsingstilbod til sine yngre utøvarar, og heller ingen seleksjonsprosessar slik ein gjerne ser på krinslag og i enkelte klubbar. Dersom dei har det, kan det derimot vere nærliggande å tru at kompetansen og forståinga for kva spelalarar som har størst potensiale, er lågare enn i krins, men som trenar 5 også påpeiker, treng ikkje dette å gjelde alle. Samstundes kan det tenkast at klubbane har ein tendens til å velje spelalarar som er veldig effektive her og no, men då av andre grunnar, som til dømes konkurranse mellom klubbar om dei største talenta. Det har vist seg i tidlegare studiar at klubbar er klar over risikoen for å gå glipp av talent, men at dei rekrutterer tidleg på grunn av at konkurrerande klubbar ikkje skal kome dei i forvegen (Nesse et al., 2020). Sjølv om sjansen for å bomme er stor ved tidleg seleksjon (Hill & Sotiriadou, 2016; Koz et al., 2012), kan ein tenkje seg at det er vanskeleg for klubbane å sjå vekk frå effektive spelalarar der og då, når alternativet at desse spelalarane går til andre klubbar, medan ein sjølv tar sjansen på mindre effektive spelalarar som kan ha større potensial. Klubbtrenarane i denne studien gav ikkje

uttrykk for at dei opplevde ein slik konkurranse om talenta, men grunnen til dette kan vere at temaet ikkje vart tatt opp under intervjuet.

4.5.1 Samarbeidet mellom klubb og krins

Utifrå utvalet i denne studien, er måla til krins og klubb dei same med tanke på utvikling framfor resultat her og no. Dette skapar gode premiss for å drive ein god og samkøyrd talentutvikling, og denne delen vil ta kort føre seg korleis dette samarbeidet fungerer, samt nokre av trenarane sine tankar rundt dette.

Som tidlegare nemnd så er ein av dei store skilnadane mellom klubb og krins, tida dei har saman med spelarane. Med tanke på identifisering og seleksjon er det klart at dette gjer det vanskeleg for krinsen å velje dei spelarane med størst potensial, og eit godt samarbeid med klubbane på dette vil difor vere viktig. Til vanleg fungerer dette samarbeidet i første rekke ved at klubbane sjølv nominerer spelarar til sonelagsuttak. Frå desse uttakstreningane blir det danna eit sonelag som vil trene i lag over ein lengre periode. Deretter skal sonelaga spele mot dei andre sonelaga i krinsen i ein turnering, og frå denne turneringa blir det danna eit krinslag. Dette er som ein ser eit trinnvis uttakssystem, som gjer at dei ansvarlege i seleksjonsprosessane får sett mange spelarar i krinsen, noko som kan vere gunstig for å ikkje gå glipp av talent.

På nettsidene til Norges fotballforbund (fotball.no) om struktur og overordna rammer for landslagsskulen (Norges Fotballforbund, 2021) ligg det ein oversikt over korleis ting skal strukturerast og gjerast med tanke på utforminga og utveljinga av krinslag. Kontinuerleg dialog er eitt av stikkorda, og det er også noko som ser ut til å vere overhaldt på ein god måte av trenarane i begge krinsane. Utdraga nedanfor viser dømer på dette:

Samarbeidet er veldig bra. Dei klubbanne eg har kontakt med, dei er stort sett flinke til å, det går mest på å få ut informasjon om administrative ting, som uttak, samlingar og sånn. Det er der samarbeidet mellom klubb er eigentleg. Og så er det av og til at vi send ut ein førespurnad til klubbanne om det har skjedd store forandringer hos nokon av spelarane deira sidan førre samling, er det nokon vi har gått glipp av, har nokon lyst til å spele (...). (Trenar 4)

Mitt inntrykk er at vi i denne krinsen har eit veldig godt samarbeid sånn sett. Ikkje nødvendigvis med meg, men dei har jo dialog med klubben heile tida om spelarar og dei kjem og spør, og har møter fysisk med oss ganske ofte. Og dei er ofte rundt og ser kampar, og av og til ser dei treningar, så mitt inntrykk er at det er veldig bra. (...) og viss vi diskuterer spelarar, handlar det meir om at vi forklarar kva vi ser, for vi ser jo

spelarane kvar dag, mens dei ser spelarane kanskje ein eller to dagar. Så det er liksom det å ha ein god dialog, som eg trur er nøkkelen til å få ein felles forståing for den enkelte spelaren. (Trenar 6)

Alle trenarane har ein oppfatning av at dei har eit godt samarbeid, og utdraga viser prov på at dialogen går kontinuerleg på både administrative og spelarrelaterte ting. Dersom til dømes klubbane meiner det har skjedd ein god utvikling hos ein eller fleire av spelarane, er det mogleg å nominere inn spelarar utanfor uttaksperiodane. Krinsen følgjer også opp spelarane i klubb for å sjå korleis treningskvardagen, noko som teiknar eit bilet om eit godt samarbeid med kontinuerleg dialog, som er i tråd med kva fotball forbundet ynskjer. Trenar 6 trekk også fram skilnaden på kor mykje klubben ser spelaren i høve krinsen som eit element i kvifor det er viktig å ha eit godt samarbeid. Dette samarbeidet kan i så måte hjelpe krinsen med å få større innsikt rundt dei sosiologiske og mentale faktorane, noko som vidare kan bidra til ein meir holistisk tilnærming til TID.

Nokre trenrarar trakk likevel fram at enkelte utfordringar kunne dukke opp i form av ein drakamp om spelarane, i tilfella der til dømes ein krinssamling kolliderte med ein kamp. Samstundes har ikkje dette vore ein aktuell problemstilling for trenarane på lang tid grunna koronapandemien, så av den grunn var det litt uklart i kor stor grad dei såg på dette som eit problem. Samarbeidet mellom klubbanne og krinsane rundt spelarane verkar uansett alt i alt til å vere bra, med kontinuerleg dialog og dei same langsiktige, utviklingsorienterte måla, noko som såleis burde danne gode føresetnadar for handtere slike utfordringar på ein god måte.

5. Oppsummering og konklusjon

Det avsluttande kapitelet vil gje ein oppsummering av resultata og kome tilbake til både hovudproblemstillinga og underproblemstillingane som vart lagt fram i introduksjonskapitelet. Vidare vil styrker og svakheiter ved studien bli drøfta, samt føringar for framtidig forsking.

5.1 Oppsummerande resultat

Hovudproblemstillinga for oppgåva var «*Kva faktorar ser trenarar i satsingsgrupper på som viktige når dei skal identifisere talent (g13-g16)?*». Fotballens multidimensjonale arbeidskrav kombinert med unge fotballspelarar sin uforutsigbare utvikling og vekst, gjer oppgåva trenarar og talentspeidarar har med å identifisere framtidas toppspelarar særer utfordrande. Studiar på kva ferdigheiter og trekk som kjenneteiknar spelarane som er i utviklingsgrupper, viser at desse blant anna er fysisk større og biologisk eldre enn sine jamaldringar, noko som viser at identifiseringa, slik den går føre seg i dag, favoriserer spelarar som utviser gode noverande ferdigheiter. Det har framkome ein del forsking på TID, men samstundes er det relativt få studiar, både kvantitativt og kvalitativt, som undersøker kva kriterium trenarar vektlegg, og difor har denne studien ein klar samfunnsvitskapleg verdi.

Alle deltakarane i studien er samde om at tekniske og taktiske ferdigheiter er ein særskilt viktig faktor i identifiseringa av unge talent i fotball. Ikkje alle var like spesifikke med tanke på akkurat kva tekniske og taktiske ferdigheiter som var viktig, men noko som gjekk igjen, var speleforståing, val, ballbehandling, og mottak og avlevering av ball, noko som er i tråd med funna ein har sett i tidlegare studiar. Denne høge vektlegginga av tekniske og taktiske ferdigheiter er også i tråd med kva litteraturen anbefaler (Sarmento et al., 2018; Unnithan et al., 2012; Williams & Reilly, 2000).

Vidare var dei antropometriske og fysiologiske faktorane i liten grad vektlagt i identifiseringa. Dei fleste trenarane i studien såg ikkje på antropometriske mål i det heile teke, bortsett frå ein som påpeika at høgde var viktig for keeperar, og til dels midtstopparar, men at det utover det var lite interessant. Dei fysiologiske faktorane var noko meir vektlagt, og ein eigenskap som vart trekt fram av fleire her, var hurtigkeit. Hurtigkeit vart rett nok ikkje sett på som avgjerande, og alt i alt er dette i ganske tråd med kva litteraturen anbefaler, og i tråd med funna i andre liknande studiar.

Med tanke på dei sosiologiske faktorane, var det berre éin av trenarane nemnde at han brukte det i TID og seleksjon, og i dette tilfellet viste han til eit konkret døme der foreldra var ein faktor som skilde mellom to jambyrdige spelarar. Andre trakk også fram treningsmengd som ein viktig faktor for framtidig prestasjonsnivå, men det var ikkje sett på direkte i forbindelse med TID. Dei fleste trenarane var elles meir bevisste på dei sosiologiske faktorane med tanke på utviklingsprosessen, der dei var meir opptatt av å hjelpe utøvaren i tilfella der det var utfordringar knytt til fritidsmiljø eller liknande. Sjølv om svara viser at trenarane i liten grad vektlegg sosiologiske faktorar i TID-prosessane, er det likevel meir enn kva andre studiar har funne, eller rettare sagt, ikkje funne. Såleis er funna her til dels i tråd med kva litteraturen anbefaler angåande ein holistisk tilnærming til TID, sjølv om det er eit område som bør forskast på i større grad.

Når det kom til dei mentale faktorane, som studien også hadde som eit delmål å sjå nærmare på, viste det seg at trenarane såg på dette i stor grad, og alle trenarane nemnde det som ein del av det dei såg på. Nokre gav uttrykk for at eigenskapar som interesse, indre driv og evna til å takle motgang, var noko av det dei vektla mest hos talenta. Andre såg på mentale eigenskapar generelt, men trakk ikkje det fram som viktigare enn noko anna nødvendigvis. Dette kan ha ein samanheng med at alle trenarane var av den oppfatning av at mentale eigenskapar kunne trenast opp og påverkast på lik linje med dei andre faktorane. Samstundes var det delte syn på akkurat kva mentale eigenskapar og trekk som kunne påverkast og ikkje. Generelt sett bygger uansett tankane trenarane har her i større og mindre grad oppunder den anbefalte holistiske tilnærminga til TID, og det skil seg såleis frå nokre andre studiar, der mentale eigenskapar har blitt sett på som meir stabile trekk som er vanskelege å utvikle.

Vidare tok studien føre seg kjennskapen trenarane har til den relativ alderseffekten, og om dei på nokon måte tar omsyn til denne i TID. Svara viste at alle trenarane var godt kjend med effekten, og kva potensielle betydningar og konsekvensar den kan, både med omsyn til TID, men også talentutvikling. Den minimale vektlegginga deira av dei antropometriske og fisiologiske faktorane reflekterer dette. Likevel var det berre éin trenar som kunne vise til ein bevisst strategi med føremål om å motverke effekten, der dei kvoterte inn spelarar etter kor tid dei var fødde på året. Resten av trenarane brukte heller fødselsdato og fysisk modning på spelaren som ein del av ein subjektiv heilsapsvurdering av talenta til spelarane.

Til slutt vart skilnadar mellom klubb og krins når det kjem til TID og samarbeidet her sett på. Med tanke på kriteria som vart vektlagt i TID, såg trenarane frå klubb og krins stort sett på dei same tinga, noko som kunne forklarast av at alle hadde eit langsiktig,

utviklingsorientert perspektiv, der resultat her og no ikkje var viktig. Enkelte skilnadar kom fram med tanke på vektlegginga av sosiologiske og mentale faktorar, der krinstrenarane såg på desse i mindre grad, men dette var ikkje fordi dei meinte det var mindre viktig, men fordi dei ikkje hadde spelarane ofte nok til å kunne gje gode vurderingar på desse områda. Vidare verka samarbeidet mellom klubb og krins til å vere godt, der dei utrykte at dei hadde ein jamleg dialog og oppfølging av spelarane på krinslaga og aktuelle spelarar, og klubbanne var såleis ein viktig samarbeidspartnar for å hjelpe krinsen med å vurdere talentfulle spelarar.

5.2 Studiens avgrensingar

I kvalitativ forsking ynskjer ikkje ein nødvendigvis mange informantar for å belyse ei problemstilling, ettersom det er ein djupare innsikt om eit tema ein er ute etter. Det er heller ingen fasit for kor mange ein burde ha, så seks informantar kan seiast å vere tilstrekkeleg for å belyse hovudproblemstillinga. Problemet med det avgrensa talet på informantar gjorde seg meir gjeldande med tanke på den tredje og siste problemstillinga, som blant anna skulle ta føre seg likskapar og skilnadar mellom trenarar på klubblag og krinslag når det kom til TID. Med berre tre informantar frå kvar instans, er det klart at dette gjev eit lite samanlikningsgrunnlag, og for å betre belyse dette området, ville det vore fordelaktig å hatt fleire informantar der.

Andre avgrensingar i studien er knytt til innhaldet i spørsmåla i sjølve intervjuet. Sjølv om eg vurderer det til at dei fleste spørsmåla og svara gav tilstrekkeleg data til å belyse problemstillingane, var det enkelte sekvensar i intervjuet der eg kunne vore tydelegare og grundigare med spørsmåla som vart stilte. Dette kan ein til dømes sjå på antropometriske og fisiologiske faktorar, der eg i intervjuet omtala dette som éin faktor. Sjølv om faktorane på mange måtar kan sjåast i samanheng med kvarandre, ser eg i ettertid at desse med fordel kunne vore tydelegare skilde i intervjuet for å endå tydelegare få fram informantane sine meningar om temaet. Eit anna døme på eit synspunkt som til fordel kunne vore undersøkt nærmare, er korleis trenarane stiller seg til konkurransen om talenta, og korleis dette eventuelt pregar identifiseringa, ettersom tidlegare forsking har vist at dette har ein betydning (Nesse et al., 2020).

5.3 Konklusjon

Resultata i denne studien tyder på at trenarane har ein holistisk tilnærming til TID, der dei til ein viss grad tar omsyn til alle faktorane som kan vere med på å predikere talent i fotball. Vektlegginga av desse ulike faktorane ser også ut til å vere i tråd med kva forsking på TID anbefaler (Unnithan et al., 2012; Williams & Reilly, 2000). Sidan få studiar har sett på kva kriterium trenrarar vektlegg i TID, bidreg denne studien med verdifull innsikt på dette området. Studien har også vist at trenarane på både klubb og krins har same mål med TID og vektlegg dei forskjellige faktorane ganske likt, noko som har positive implikasjonar for den overordna talentutviklinga i landet. Framtidig forsking bør ta føre seg fleire kvantitative og kvalitative studiar på trenarkriterium for TID, for å i større grad avdekke den generelle konsensusen rundt dette temaet. Fleire longitudinelle studiar på kva som kjenneteiknar talenta som lukkast på toppnivå, vil også vere av vitskapleg interesse.

Kjelder

- Abbott, A., & Collins, D. (2004). Eliminating the dichotomy between theory and practice in talent identification and development: considering the role of psychology. *Journal of sports sciences*, 22(5), 395-408.
- Abbott, W., Williams, S., Brickley, G., & Smeeton, N. J. (2019). Effects of bio-banding upon physical and technical performance during soccer competition: a preliminary analysis. *Sports*, 7(8), 193.
- Alcaraz, S., Torregrosa, M., Viladrich, C., Ramis, Y., & Cruz, J. (2014). From AGT to SDT, from athletes to coaches: refocusing the study of sport motivation. *European Journal of Human Movement*, 32, 125-144.
- Appleton, J. V. (1995). Analysing qualitative interview data: addressing issues of validity and reliability. *Journal of advanced nursing*, 22(5), 993-997.
- Berber, E., McLean, S., Beanland, V., Read, G. J. M., & Salmon, P. M. (2020). Defining the attributes for specific playing positions in football match-play: A complex systems approach. *Journal of Sports Sciences*, 1-11.
- Bergkamp, T. L. G., Frencken, W. G. P., Niessen, A. S. M., Meijer, R. R., & den Hartigh, R. J. R. (2021). How soccer scouts identify talented players. *European Journal of Sport Science*(just-accepted), 1-39.
- Bloomfield, J., Polman, R., O'Donoghue, P., & McNaughton, L. (2007). EFFECTIVE SPEED AND AGILITY CONDITIONING METHODOLOGY FOR RANDOM INTERMITTENT DYNAMIC TYPE SPORTS. *Journal of Strength and Conditioning Research*, 21(4), 1093-1100. <https://doi.org/http://dx.doi.org/10.1519/00124278-200711000-00020>
- Braun, V., & Clarke, V. (2006). Using thematic analysis in psychology. *Qualitative research in psychology*, 3(2), 77-101.
- Campos, F. A. D., Campos, L. C. B., Pellegrinotti, I. L., & GÓMez, M. A. (2017). The relative age effect in soccer: an analysis of the U20 Libertadores Cup. *International Journal of Exercise Science*, 10(8), 1157-1164.
- Carling, C., Le Gall, F., Reilly, T., & Williams, A. M. (2009). Do anthropometric and fitness characteristics vary according to birth date distribution in elite youth academy soccer players? *Scandinavian journal of medicine & science in sports*, 19(1), 3-9.
- Christensen, M. K. (2009). "An eye for talent": Talent identification and the "practical sense" of top-level soccer coaches. *Sociology of sport journal*, 26(3), 365-382.
- Christensen, M. K., & Sørensen, J. K. (2009). Sport or school? Dreams and dilemmas for talented young Danish football players. *European Physical Education Review*, 15(1), 115-133.
- Cripps, A. J., Hopper, L., & Joyce, C. (2016a). Maturity, physical ability, technical skill and coaches' perception of semi-elite adolescent Australian footballers. *Pediatric exercise science*, 28(4), 535-541.
- Cripps, A. J., Hopper, L. S., & Joyce, C. (2016b). Coaches' perceptions of long-term potential are biased by maturational variation. *International Journal of Sports Science & Coaching*, 11(4), 478-481.
- Côté, J. (1999). The influence of the family in the development of talent in sport. *The sport psychologist*, 13(4), 395-417.
- Côté, J., Baker, J., & Abernethy, B. (2003). From play to practice. *Expert performance in sports: Advances in research on sport expertis*. United State: Human Kinetics, 89-113.
- Dalland, O. (2020). *Metode og oppgaveskriving* (7. utgave. ed.). Gyldendal.

- Deci, E. L., & Ryan, R. M. (2008). Self-determination theory: A macrotheory of human motivation, development, and health. *Canadian psychology/Psychologie canadienne*, 49(3), 182.
- Dodd, K. D., & Newans, T. J. (2018). Talent identification for soccer: Physiological aspects. *Journal of science and medicine in sport*, 21(10), 1073-1078.
- Doyle, J. R., & Bottomley, P. A. (2018). Relative age effect in elite soccer: More early-born players, but no better valued, and no paragon clubs or countries. *PloS one*, 13(2), e0192209.
- Dugdale, J. H., Sanders, D., Myers, T., Williams, A. M., & Hunter, A. M. (2020). A case study comparison of objective and subjective evaluation methods of physical qualities in youth soccer players. *Journal of Sports Sciences*, 1-9.
- Ericsson, K. A., Krampe, R. T., & Tesch-Römer, C. (1993). The role of deliberate practice in the acquisition of expert performance. *Psychological review*, 100(3), 363.
- Ford, P. R., Bordonau, J. L. D., Bonanno, D., Tavares, J., Groenendijk, C., Fink, C., Gualtieri, D., Gregson, W., Varley, M. C., & Weston, M. (2020). A survey of talent identification and development processes in the youth academies of professional soccer clubs from around the world. *Journal of Sports Sciences*, 1-10.
- Gagné, F. (2000). Understanding the complex choreography of talent development through DMGT-based analysis. *International handbook of giftedness and talent*, 2, 67-79.
- Gagné, F. (2004). Transforming gifts into talents: The DMGT as a developmental theory. *High ability studies*, 15(2), 119-147.
- Gray, L. M., Wong-Wylie, G., Rempel, G. R., & Cook, K. (2020). Expanding qualitative research interviewing strategies: Zoom video communications. *The Qualitative Report*, 25(5), 1292-1301.
- Gubrium, J. F., Holstein, J. A., Marvasti, A. B., & McKinney, K. D. (2012). *The SAGE handbook of interview research: The complexity of the craft*. Sage Publications.
- Guest, G., MacQueen, K. M., & Namey, E. E. (2012). Validity and reliability (credibility and dependability) in qualitative research and data analysis. *Applied thematic analysis*. London: Sage Publications, 79-106.
- Güllich, A. (2014). Selection, de-selection and progression in German football talent promotion. *European Journal of Sport Science*, 14(6), 530-537.
- Hancock, D. J., Adler, A. L., & Côté, J. (2013). A proposed theoretical model to explain relative age effects in sport. *European journal of sport science*, 13(6), 630-637.
- Helsen, W. F., Starkes, J. L., & Van Winckel, J. (1998). The influence of relative age on success and dropout in male soccer players. *American Journal of Human Biology: The Official Journal of the Human Biology Association*, 10(6), 791-798.
- Helsen, W. F., Van Winckel, J., & Williams, A. M. (2005). The relative age effect in youth soccer across Europe. *Journal of sports sciences*, 23(6), 629-636.
- Henriksen, K., Larsen, C. H., & Christensen, M. K. (2014). Looking at success from its opposite pole: The case of a talent development golf environment in Denmark. *International Journal of Sport and Exercise Psychology*, 12(2), 134-149.
- Henriksen, K., Stambulova, N., & Roessler, K. K. (2010). Holistic approach to athletic talent development environments: A successful sailing milieu. *Psychology of sport and exercise*, 11(3), 212-222.
- Hill, B., & Sotiriadou, P. (2016). Coach decision-making and the relative age effect on talent selection in football. *European sport management quarterly*, 16(3), 292-315.
- Hill, M., Scott, S., McGee, D., & Cumming, S. P. (2020). Are relative age and biological ages associated with coaches' evaluations of match performance in male academy soccer players? *International Journal of Sports Science & Coaching*, 1747954120966886.

- Holt, N. L., & Dunn, J. G. H. (2004). Toward a grounded theory of the psychosocial competencies and environmental conditions associated with soccer success. *Journal of applied sport psychology, 16*(3), 199-219.
- Hornig, M., Aust, F., & GÜLICH, A. (2016). Practice and play in the development of German top-level professional football players. *European Journal of Sport Science, 16*(1), 96-105.
- Howe, M. J. A. (1999). Innate talents: Reality or myth? In *The Psychology of High Abilities* (pp. 152-166). Springer.
- Hughes, M. D., Caudrelier, T., James, N., Redwood-Brown, A., Donnelly, I., Kirkbride, A., & Duschesne, C. (2012). Moneyball and soccer—an analysis of the key performance indicators of elite male soccer players by position.
- Huijgen, B. C. H., Elferink-Gemser, M. T., Lemmink, K. A. P. M., & Visscher, C. (2014). Multidimensional performance characteristics in selected and deselected talented soccer players. *European journal of sport science, 14*(1), 2-10.
- Johannessen, L. E. F. (2018). *Hvordan bruke teori? : nyttige verktøy i kvalitativ analyse.* Universitetsforl.
- Jokuschies, N., Gut, V., & Conzelmann, A. (2017). Systematizing coaches' 'eye for talent': Player assessments based on expert coaches' subjective talent criteria in top-level youth soccer. *International Journal of Sports Science & Coaching, 12*(5), 565-576.
- Kelly, A. L., Wilson, M. R., Gough, L. A., Knapman, H., Morgan, P., Cole, M., Jackson, D. T., & Williams, C. A. (2020). A longitudinal investigation into the relative age effect in an English professional football club: Exploring the 'underdog hypothesis'. *Science and Medicine in Football, 4*(2), 111-118.
- Keshtidar, M., & Behzadnia, B. (2017). Prediction of intention to continue sport in athlete students: A self-determination theory approach. *PloS one, 12*(2), e0171673.
- Koz, D., Fraser-Thomas, J., & Baker, J. (2012). Accuracy of professional sports drafts in predicting career potential. *Scandinavian journal of medicine & science in sports, 22*(4), e64-e69.
- Kvale, S. (2015). *Det kvalitative forskningsintervju* (3. utg. ed.). Gyldendal akademisk.
- Larkin, P., & O'Connor, D. (2017). Talent identification and recruitment in youth soccer: Recruiter's perceptions of the key attributes for player recruitment. *PLOS one, 12*(4), e0175716.
- Leão, C., Camões, M., Clemente, F. M., Nikolaidis, P. T., Lima, R., Bezerra, P., Rosemann, T., & Knechtle, B. (2019). Anthropometric profile of soccer players as a determinant of position specificity and methodological issues of body composition estimation. *International journal of environmental research and public health, 16*(13), 2386.
- Lincoln, Y. S. (1985). *Naturalistic inquiry*. Sage.
- Lund, S., & Söderström, T. (2017). To see or not to see: Talent identification in the Swedish Football Association. *Sociology of Sport Journal, 34*(3), 248-258.
- MacNamara, Á., Button, A., & Collins, D. (2010). The role of psychological characteristics in facilitating the pathway to elite performance part 1: Identifying mental skills and behaviors. *The sport psychologist, 24*(1), 52-73.
- Martindale, R. J., Collins, D., & Daubney, J. (2005). Talent development: A guide for practice and research within sport. *Quest, 57*(4), 353-375.
- Mergenthaler, E., & Stinson, C. (1992). Psychotherapy transcription standards. *Psychotherapy research, 2*(2), 125-142.
- Meylan, C., Cronin, J., Oliver, J., & Hughes, M. (2010). Talent identification in soccer: The role of maturity status on physical, physiological and technical characteristics. *International Journal of Sports Science & Coaching, 5*(4), 571-592.

- Miller, P. K., Cronin, C., & Baker, G. (2015). Nurture, nature and some very dubious social skills: An interpretative phenomenological analysis of talent identification practices in elite English youth soccer. *Qualitative Research in Sport, Exercise and Health*, 7(5), 642-662.
- Mills, A., Butt, J., Maynard, I., & Harwood, C. (2012). Identifying factors perceived to influence the development of elite youth football academy players. *Journal of sports sciences*, 30(15), 1593-1604.
- Miçoogullari, B. O., & Ekmekçi, R. (2017). Evaluation of a Psychological Skill Training Program on Mental Toughness and Psychological Wellbeing for Professional Soccer Players. *Universal Journal of Educational Research*, 5(12), 2312-2319.
- Murr, D., Feichtinger, P., Larkin, P., O'Connor, D., & Höner, O. (2018). Psychological talent predictors in youth soccer: A systematic review of the prognostic relevance of psychomotor, perceptual-cognitive and personality-related factors. *PloS One*, 13(10), e0205337.
- Musch, J., & Grondin, S. (2001). Unequal competition as an impediment to personal development: A review of the relative age effect in sport. *Developmental review*, 21(2), 147-167.
- Musculus, L., & Lobinger, B. H. (2018). Psychological characteristics in talented soccer players—recommendations on how to improve coaches' assessment. *Frontiers in Psychology*, 9, 41.
- Nesse, M., Moe, V. F., & Sæther, S. A. (2020). Unified approaches on talent development in football? Differences and similarities among representatives from a football association and two professional football clubs. *Cogent Social Sciences*, 6(1), 1785216.
- Noble, H., & Smith, J. (2015). Issues of validity and reliability in qualitative research. *Evidence-based nursing*, 18(2), 34-35.
- Norges Fotballforbund. (2021). *Landslagsskolen*. Fotball.no. <https://www.fotball.no/barn-og-ungdom/landslagsskolen/>
- Ommundsen, Y. (2009). Hvem er talentene, må vi spesialisere tidlig, og hva er en god trener. *I: Nyere perspektiv innen idrett og idrettspedagogikk.* (163-193) Kristiansand: Høyskoleforlaget, 169.
- Pearson, D. T., Naughton, G. A., & Torode, M. (2006). Predictability of physiological testing and the role of maturation in talent identification for adolescent team sports. *Journal of science and medicine in sport*, 9(4), 277-287.
- Ramos-Filho, L., & Ferreira, M. P. (2020). The reverse relative age effect in professional soccer: an analysis of the Brazilian National League of 2015. *European Sport Management Quarterly*, 1-16.
- Randall, W. L., & Phoenix, C. (2009). The problem with truth in qualitative interviews: reflections from a narrative perspective. *Qualitative research in sport and exercise*, 1(2), 125-140.
- Read, P. J., Oliver, J. L., De Ste Croix, M. B. A., Myer, G. D., & Lloyd, R. S. (2018). An audit of injuries in six English professional soccer academies. *Journal of sports sciences*, 36(13), 1542-1548.
- Reeves, M. J., McRobert, A. P., Littlewood, M. A., & Roberts, S. J. (2018). A scoping review of the potential sociological predictors of talent in junior-elite football: 2000–2016. *Soccer & Society*, 19(8), 1085-1105.
- Reeves, M. J., Roberts, S. J., McRobert, A. P., & Littlewood, M. A. (2018). Factors affecting the identification of talented junior-elite footballers: a case study. *Soccer & Society*, 19(8), 1106-1121.

- Reilly, T., Bangsbo, J., & Franks, A. (2000). Anthropometric and physiological predispositions for elite soccer. *Journal of sports sciences*, 18(9), 669-683.
- Roberts, G. C., & Treasure, D. C. (2012). *Advances in motivation in sport and exercise* (3rd ed. ed.). Human Kinetics.
- Roberts, S. J., McRobert, A. P., Lewis, C. J., & Reeves, M. J. (2019). Establishing consensus of position-specific predictors for elite youth soccer in England. *Science and Medicine in Football*, 3(3), 205-213.
- Roca, A., Ford, P. R., & Memmert, D. (2018). Creative decision making and visual search behavior in skilled soccer players. *PloS one*, 13(7), e0199381.
- Roer-Strier, D., & Sands, R. G. (2015). Moving beyond the ‘official story’: when ‘others’ meet in a qualitative interview. *Qualitative Research*, 15(2), 251-268.
- Sarmento, H., Anguera, M. T., Pereira, A., & Araújo, D. (2018). Talent identification and development in male football: A systematic review. *Sports Medicine*, 48(4), 907-931.
- Sarrazin, P., Vallerand, R., Guillet, E., Pelletier, L., & Cury, F. (2002). Motivation and dropout in female handballers: A 21-month prospective study. *European journal of social psychology*, 32(3), 395-418.
- Sieghartsleitner, R., Zuber, C., Zibung, M., & Conzelmann, A. (2019). Science or coaches’ eye?—Both! beneficial collaboration of multidimensional measurements and coach assessments for efficient talent selection in elite youth football. *Journal of sports science & medicine*, 18(1), 32.
- Skorski, S., Skorski, S., Faude, O., Hammes, D., & Meyer, T. (2016). The relative age effect in elite German youth soccer: Implications for a successful career. *International journal of sports physiology and performance*, 11(3), 370-376.
- Smith, B. (2018). Generalizability in qualitative research: Misunderstandings, opportunities and recommendations for the sport and exercise sciences. *Qualitative research in sport, exercise and health*, 10(1), 137-149.
- Smith, J. R., & Louis, W. R. (2009). Group norms and the attitude–behaviour relationship. *Social and Personality Psychology Compass*, 3(1), 19-35.
- Suppiah, H. T., Low, C. Y., & Chia, M. (2015). Detecting and developing youth athlete potential: different strokes for different folks are warranted. *Br J Sports Med*, 49(13), 878-882.
- Sæther, S. A. (2014). Identification of talent in soccer—what do coaches look for. *Idrottsforum.org*.
- Sæther, S. A. (2017). *De norske fotballtalentene: hvem lykkes og hvorfor?* Universitetsforl.
- Tansley, C. (2011). What do we mean by the term “talent” in talent management? *Industrial and commercial training*.
- Thagaard, T. (2003). *Systematikk og innlevelse : en innføring i kvalitativ metode* (2. utg. ed.). Fagbokforl.
- Thagaard, T. (2013). *Systematikk og innlevelse : en innføring i kvalitativ metode* (4. utg. ed.). Fagbokforl.
- Tjora, A. H. (2017). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis* (3. utg. ed.). Gyldendal akademisk.
- Toering, T. T., Elferink-Gemser, M. T., Jordet, G., & Visscher, C. (2009). Self-regulation and performance level of elite and non-elite youth soccer players. *Journal of sports sciences*, 27(14), 1509-1517.
- Unnithan, V., White, J., Georgiou, A., Iga, J., & Drust, B. (2012). Talent identification in youth soccer. *Journal of sports sciences*, 30(15), 1719-1726.
- Vaeyens, R., Göllich, A., Warr, C. R., & Philippaerts, R. (2009). Talent identification and promotion programmes of Olympic athletes. *Journal of sports sciences*, 27(13), 1367-1380.

- Vaeyens, R., Lenoir, M., Williams, A. M., & Philippaerts, R. M. (2008). Talent identification and development programmes in sport. *Sports medicine*, 38(9), 703-714.
- Vaeyens, R., Philippaerts, R. M., & Malina, R. M. (2005). The relative age effect in soccer: A match-related perspective. *Journal of sports sciences*, 23(7), 747-756.
- Van Yperen, N. W. (2009). Why some make it and others do not: Identifying psychological factors that predict career success in professional adult soccer. *The Sport Psychologist*, 23(3), 317-329.
- Vitali, F., Bortoli, L., Bertinato, L., Robazza, C., & Schena, F. (2015). Motivational climate, resilience, and burnout in youth sport. *Sport sciences for health*, 11(1), 103-108.
- Williams, A. M., Ford, P. R., & Drust, B. (2020). Talent identification and development in soccer since the millennium. *Journal of sports sciences*, 38(11-12), 1199-1210.
- Williams, A. M., & Franks, A. (1998). Talent identification in soccer. *Sports Exercise and Injury*, 4(4), 159-165.
- Williams, A. M., & Reilly, T. (2000). Talent identification and development in soccer. *Journal of sports sciences*, 18(9), 657-667.
- Williams, J. H. (2010). Relative age effect in youth soccer: analysis of the FIFA U17 World Cup competition. *Scandinavian journal of medicine & science in sports*, 20(3), 502-508.
- Zuber, C., Zibung, M., & Conzelmann, A. (2015). Motivational patterns as an instrument for predicting success in promising young football players. *Journal of sports sciences*, 33(2), 160-168.

Vedlegg

Vedlegg I: Informasjonsskriv

Vil du delta i forskingsprosjektet «Trenarkriterium for talentidentifisering»?

Føremål

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskingsprosjekt i samband med min mastergradsavhandling ved Noregs Teknisk Naturvitenskaplege Universitet (NTNU). Temaet for prosjektet er å sjå kva fotballtrenarar ser etter og vektlegg i talentidentifiseringsprosessen. Trenarar frå både krinslag og klubblag vil bli rekrutterte, med føremål om å vurdere likskapar og skilnadar mellom desse nivåa. Prosjektet vil basere seg på fotballtrenarar for gutter i alderen 13-16 år, innanfor to ulike fotballkrinsar.

Studien brukar intervju med deg som trenar, med dine personlege meininger og erfaringar som grunnlag for å belyse temaet. Dataa som innhentast frå intervjuet blir anonymisert og anvendt i min masteravhandling.

Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?

Noregs Teknisk – Naturvitenskaplege Universitet (NTNU) er ansvarleg for prosjektet.

Kvífor får du spørsmål om å delta?

Bakgrunnen for at du får spørsmål om å delta i prosjektet er at du treff innanfor rammene for utvalet eg ynskjer å intervju.

Kva inneberer det for deg å delta?

Om du vel å delta i prosjektet, inneberer det at du deltek i eit intervju. Grunna koronapandemien vil intervjuet skje over nett, ved bruk av til dømes Zoom eller Teams. Intervjuet vil bli gjennomført på om lag éin time, og inneheld hovudsakleg spørsmål knytt til talentidentifisering i fotball. Intervjuet vil bli tatt opp på lydband for seinare skriftleg behandling av dataa.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Viss du vel å delta, kan du når som helst trekke samtykket utan å oppgje nokon grunn. Alle opplysningar om deg vil då bli anonymisert. Det vil ikkje ha nokon negative konsekvensar for deg dersom du ikkje vil delta eller seinare vel å trekke deg.

Ditt personvern – korleis vi oppbevarer og brukar dine opplysningar

Vi vil berre bruke opplysningane om deg til føremåla vi har fortalt om i dette skrivet. Vi behandler opplysningane konfidensielt og i samsvar med personverkregelverket.

- Datamaterialet vil bli behandla av mastergradsstudent Arild Øygard, med vegleiing av Stig Arve Sæther, førsteamanuensis i idrettsvitenskap ved NTNU. Intervjua vil i etterkant bli transkribert av studenten, og ingen utanforståande vil ha tilgang på lydopptak eller transkribert materiale.
- Ditt namn og kontaktopplysningane dine vil bli erstatta med ein kode som lagrast på eigen namneliste åtskilt frå resten av dataa. Datamaterialet vil lagra innelåst/kryptert.

Kva skjer med opplysningane dine når vi avsluttar forskingsprosjektet?

Prosjektet skal etter planen avsluttast *11.06.2021*. Personopplysningar og opptak vil ved prosjektets slutt bli sletta frå PC og destruert.

Dine rettigheiter

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- Innsyn i kva personopplysningars som er registrert om deg,
- å få retta personopplysningars om deg,
- få sletta personopplysningars om deg,
- få utlevert ein kopi av dine personopplysningars (dataportabilitet), og å sende klage til personvernombodet eller Datatilsynet om behandlinga av dine personopplysningars

Kva gjev oss rett til å behandle personopplysningars om deg?

Vi behandler opplysningars om deg basert på ditt samtykke.

Kor kan eg finne ut meir?

Dersom du har spørsmål til studien, eller ønsker å nytte deg av dine rettigheiter, ta kontakt med:

- Noregs Teknisk Naturvitskaplege Universitet (NTNU) ved student Arild Øygard (tlf 976 961 69 | arildoyg@ntnu.no) eller vegleiar Stig Arve Sæther (stigarve@ntnu.no).

Prosjektet inngår som ein del av eit overordna forskingsprosjekt om talentutvikling gjennomført av førsteamanuensis i idrettsvitenskap, Stig Arve Sæther. Les meir om hans forsking her: www.ntnu.no/ansatte/stigarve

Samtykke til deltaking i studien

Eg har mottatt informasjon om studien, og er villig til å delta

(Signert av prosjektdeltakar, dato)

Vedlegg II: Intervjuguide

Intervjuguide:

- **Innleiing:**
 - Er det greitt at det blir tatt lydopptak av intervjuet?
 - Kva arbeidsoppgåver har du i fotballkrinsen, og kor lenge har du jobba her?
 - Kva formell utdanning har du?
 - Har du noko form for idrettsutdanning eller kurs?
 - Anna relevant erfaring?
- **Talentomgrepet**
 - Kva legg du i omgrepet «talent»?
 - Kortid meiner du at eit talent kan observerast?
 - Samsvarer synet du har på talent med andre trenarar som du samarbeider med sitt syn?
- **Identifisering:**
 - Kva ferdigheiter og eigenskapar meiner du kjenneteiknar eit talent i fotball?
 - Er det nokon spesielt framtredande eigenskapar? Rangering?
 - Går desse eigenskapane igjen hos dei selekterte spelarane?
 - Korleis jobbar du og krinsen/klubben med å identifisere og selektere spelarar?
 - Korleis avgjer de kven de vil ha til laget?
 - Brukar de objektive og/eller subjektive vurderingar? Nokon bestemte kriterium?
 - Korleis kan ein skilje mellom to jamnbyrdige spelarar?
 - Brukar de sosiologiske faktorar i identifiseringa? (t.d familie med sosial og økonomisk kapital, om utøvaren er i gode miljø på fritida mm.)
 - Opplever du elles nokon utfordringar med talentidentifiseringa?
- **Relativ alderseffekt**
 - Er du kjend med omgrepet «relativ alderseffekt»?
 - Har du/de ein strategi for å motverke denne effekten?
 - Tek de fysisk størrelse og/eller fødselsdato i betraktning i talentidentifiseringa?
 - Kva fordelar og ulempar tenker du at det kan ha for utøvaren å vere fødd tidleg eller seint på året?

- Relativ alderseffekt har vore eit kjend fenomen i lang tid, men trass i kunnskapen ein har om dette, er den likevel til stades i stor grad. Har du nokon tankar om kvifor det er slik?
 - Trur du ein går glipp av talent fordi dei er seint utvikla fysisk?

- **Mentalitet**

- Kor viktig tenkjer du mentalitet er for eit fotballtalent?
 - Kvifor viktig/ikkje viktig?
- Har du inntrykket av at mentalitet blir passeleg vektlagt i talentidentifiseringa, eller burde ein sjå meir eller evt. mindre på dette?
- Ser du på psykologiske eigenskapar og mentalitet som noko som kan trenast?
- I kva grad blir mental trening implementert i utviklinga av unge fotballspelarar?

- **System**

- Korleis opplever du samhandlinga mellom klubb og krins når det kjem til både identifisering og utvikling av talent?
 - Er det eit tydeleg samarbeid mellom klubb og krins i talentidentifiseringa?
 - Korleis går evt. dette samarbeidet føre seg?
- Er det ein klar felles forståing mellom klubb og krins om kva ein ser etter i eit talent?
 - Viss ikkje: Ser klubb og krins ser etter ulike ting i ein ung fotballspelar? Har du nokon erfaringar med dette?
 - Ulike interesser, visjonar og mål hos eit krinslag, kontra eit aldersbestemt lag/juniorlag til ein klubb?

Vedlegg III: Tilbakemelding på melding om behandling av personopplysningar Norsk senter for forskingsdata (NSD)

28.5.2021

Meldeskjema for behandling av personopplysninger



NSD sin vurdering

Prosjekttittel

Trenarkriterium for talentidentifisering i fotball

Referansenummer

244457

Registrert

22.01.2021 av Arild Øygard - arildoyg@stud.ntnu.no

Behandlingsansvarlig institusjon

Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet / Fakultet for samfunns- og utdanningsvitenskap (SU) / Institutt for sosiologi og statsvitenskap

Prosjektansvarlig (vitenskapelig ansatt/veileder eller stipendiat)

Stig Arve Sæther, stigarve@ntnu.no, tlf. 92011842

Type prosjekt

Studentprosjekt, masterstudium

Kontaktinformasjon, student

Arild Øygard, arild-oygard@hotmail.com, tlf: 97696169

Prosjektperiode

25.01.2021 - 11.06.2021

Status

18.02.2021 - Vurdert

Vurdering (1)

18.02.2021 - Vurdert

Det er vår vurdering at behandlingen av personopplysninger i prosjektet vil være i samsvar med personvernlovgivningen så fremt den gjennomføres i tråd med det som er dokumentert i meldeskjemaet med vedlegg den 18.02.2021, samt i meldingsdialogen mellom innmelder og NSD. Behandlingen kan starte.

MELD VESENTLIGE ENDRINGER

Dersom det skjer vesentlige endringer i behandlingen av personopplysninger, kan det være nødvendig å melde dette til NSD ved å oppdatere meldeskjemaet. For du melder inn en endring, oppfordrer vi deg til å lese om hvilke type endringer det er nødvendig å melde:

<https://www.nsd.no/personvermtjenester/fylle-ut-meldeskjema-for-personopplysninger/melde-endringer-i->

meldeskjema

Du må vente på svar fra NSD før endringen gjennomføres.

TYPE OPPLYSNINGER OG VARIGHET

Prosjektet vil behandle alminnelige kategorier av personopplysninger frem til 11.06.2021

LOVLIG GRUNNLAG

Prosjektet vil innhente samtykke fra de registrerte til behandlingen av personopplysninger. Vår vurdering er at prosjektet legger opp til et samtykke i samsvar med kravene i art. 4 og 7, ved at det er en frivillig, spesifikk, informert og utvetydig bekreftelse som kan dokumenteres, og som den registrerte kan trekke tilbake.

Lovlig grunnlag for behandlingen vil dermed være den registrertes samtykke, jf. personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav a.

PERSONVERNPRINSIPPER

NSD vurderer at den planlagte behandlingen av personopplysninger vil følge prinsippene i personvernforordningen om:

- lovlighet, rettferdighet og åpenhet (art. 5.1 a), ved at de registrerte får tilfredsstillende informasjon om og samtykker til behandlingen
- formålsbegrensning (art. 5.1 b), ved at personopplysninger samles inn for spesifikke, uttrykkelig angitte og berettigede formål, og ikke behandles til nye, uforenlig formål
- dataminimering (art. 5.1 c), ved at det kun behandles opplysninger som er adekvate, relevante og nødvendige for formålet med prosjektet
- lagringsbegrensning (art. 5.1 e), ved at personopplysningene ikke lagres lengre enn nødvendig for å oppfylle formålet

DE REGISTRERTES RETTIGHETER

Så lenge de registrerte kan identifiseres i datamaterialet vil de ha følgende rettigheter: åpenhet (art. 12), informasjon (art. 13), innsyn (art. 15), retting (art. 16), sletting (art. 17), begrensning (art. 18), og dataportabilitet (art. 20).

NSD vurderer at informasjonen om behandlingen som de registrerte vil motta oppfyller lovens krav til form og innhold, jf. art. 12.1 og art. 13.

Vi minner om at hvis en registrert tar kontakt om sine rettigheter, har behandlingsansvarlig institusjon plikt til å svare innen en måned.

FØLG DIN INSTITUSJONS RETNINGSLINJER

NSD legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene i personvernforordningen om riktighet (art. 5.1 d), integritet og konfidensialitet (art. 5.1. f) og sikkerhet (art. 32).

For å forsikre dere om at kravene oppfylles, må dere følge interne retningslinjer og/eller rádføre dere med behandlingsansvarlig institusjon.

OPPFØLGING AV PROSJEKTET

NSD vil følge opp ved planlagt avslutning for å avklare om behandlingen av personopplysningene er avsluttet.

Lykke til med prosjektet!

Tlf. Personverntjenester: 55 58 21 17 (tast 1)

